




SULA KOMMUNE

BUDSJETT 2021-2024

VEDTATT



INNHOLD

1.	Innleiande kommentar	side 4
2.	Økonomisk situasjon	side 13
3.	Kultur og oppvekst	side 23
4.	Helse og sosial	side 42
5.	Teknisk	side 66
6.	Økonomiplan 2021 – 2024, Drift	side 79
7.	Økonomiplan 2021 – 2024, Investeringar	side 82
8.	Obligatoriske tabellar	side 86
9.	Budsjett driftseiningane	side 90
10.	Tiltak som ikkje er innarbeidd	side 105
11.	Budsjettvedtak	side 108

1. Innleiande kommentarar

Økonomiplanen er kommunen sitt langtidsbudsjett, og skal gi eit realistisk bilet av inntekter og utgifter for dei komande fire åra. God økonomistyring og økonomisk handlefridom er nødvendig for gode kommunale tenester og god utvikling av Sulksamfunnet.

Vedtatt økonomiplan i fjor – for perioden 2020-2023 – blei saldert ved å bruke 12 million kroner (mnok) av disposisjonsfondet i budsjettet for 2020. No ser det ut til at resultatet for 2020 blir om lag 1,3 mnok dårlegare enn forventa, og vi vil derfor sannsynlegvis bruke om lag 13,3 mnok av disposisjonsfondet i 2020 – slik det ser ut medio november 2020.

2020 har vore eit heilt spesielt år. Koronapandemien har prega Noreg, verda – og Sula. For Sula kommune har dette utfordra dei tilsette på heilt spesielt vis. Lærarar har gitt undervisning til elevar som må halde seg heime frå skulen, strenge smitteverntiltak er iverksett på helseinstitusjonane våre, og kommuneoverlege og helseavdeling har hatt store oppgåver med testing og smittesporing.


Også økonomien i Sula kommune har blitt sterkt påverka av pandemien. Kostnader har auka, og inntekter er redusert. Regjering og Storting har vedtatt økonomiske tiltakspakkar i stort omfang. Kommunane har fått sin del av desse tiltaksmidlane. Kommunaldepartementet og KS samarbeider tett for å klarlegge dei økonomiske konsekvensane for kommunane.

Rådmannen sitt framlegg til budsjett er basert på regjeringa sitt forslag til statsbudsjettet for 2021. Veksten som ligg inne i frie inntekter går i stor grad med på å dekke endringar i demografi. For sjette året på rad, foreslår regjeringa at kommunane må betale noko meir for ressurskrevjande brukarar. I sum betyr dette at kommunane må bruke stadig meir av ressursane på ei aukande gruppe med stort hjelpebehov. Veksten i kostnadane til pleie og omsorg er ei stor utfordring for tenestetilbodet og for økonomien til Sula kommune no og i åra framover.

Regjeringa har vidare lagt fram eit forslag til tilleggsnummer til statsbudsjettet for 2021 med ytterlegare tiltak retta mot kommunesektoren i samband med koronapandemien. Sula kommune får 8,2 mnok av desse midlane. Rådmannen vil fremje ei eiga sak på nyåret om bruken av desse midlane.

Sula kommune har lave inntekter. Samtidig så er Sula kommune mellom dei kommunane i landet som driv aller rimelegast. Dette betyr stramme økonomiske rammer i einingane, og kontinuerleg kvardagsomstilling er nødvendig for å gi så gode tenester som mulig.

Figuren under viser kommunen sin ressursbruk – samanlikna med nokre av nabokommunane - når vi korrigerer for forskjeller i utgiftsbehov (KOSTRA 2019):



Figuren viser at Sula kommune gjennomgående – korrigert for berekna utgiftsbehov - bruker mindre ressursar på dei fleste tenesteområda samanlikna med landsgjennomsnittet, og også samanlikna med nabokommunane våre. I sum bruker Sula kommune om lag 36 mnok mindre enn vi ville ha brukt dersom vi skulle ligge på landsgjennomsnittet.

Etter rådmannen si mening er det i utgangspunktet ikkje økonomisk rom for nye tiltak i økonomiplanperioden. Det er derfor også berre heilt nødvendige auke i kostnader som er innarbeidd i budsjettforslaget. Vi må ha fokus på forbedningsarbeid og digitalisering i tida framover, både for å modernisere kommunale tenester, og også for å ta ut kostnadssparande effektar av ny teknologi. Brukarstyrt personleg assistent (BPA) og tiltak i bu- og aktivitetstenesta medfører sterkt auke i kostnadane. Det er også eit aukande press på heimetenestene i Sula. Det er i budsjettforslaget lagt inn forslag om 4,2 mnok i årleg styrking for å finansiere pågående og nye tiltak på desse områda. Når vi ser reknskapsrapportane for 2020, så ser vi at denne styrkinga ikkje dekker dei faktiske kostnadane i 2020. Situasjonen og innmeldte behov i 2021 tilseier at utfordringane blir store i forhold til foreslatté budsjetttramme i 2021. Rapporten om pleie- og omsorgstenestene frå Agenda Kaupang i 2018 peikte på meir tenlege boligar som eit viktig satsingsområde. Dette er vi i gang med, og dette arbeidet må halde fram også i åra som kjem.

Det er lagt inn midlar til å realisere lærarnorma, og det er lagt inn midlar til noko styrking av Tiltakseining for barn og unge (TBU). Det ligg inne innsparinger på drift av nye Rørstadmarka skule f.o.m. 2022. Vi har vidare lagt inn ein redusjon i ramma til SFO. Dette krev eit oppfølgande arbeid der vi både ser nærmare på kostnader og på foreldrebetalinga.

Ålesund, Skodje, Haram, Ørskog og Sandøy kommunar slo seg saman til (nye) Ålesund kommune frå 1. januar 2020. Det medfører at det skal etablerast nye avtalar for dei interkommunale samarbeida som Ålesund er med i. For Sula kommune vil nok dette i sum medføre noko høgare utgifter til desse samarbeida enn tidlegare. I budsjettet for 2021 aukar kostnadane til driftssamarbeidet på IKT med 1,1 mnok.

Det er lagt inn 1,1 mnok til allereie vedtatt styrking av politikargodtgjersle.

Når det gjeld nye investeringar, er det Rørstadmarka skule som særleg slår inn i økonomien i løpet av økonomiplanperioden. Ein ny, større og meir moderne skule vil samtidig legge til rette for meir effektiv drift, og det er lagt inn driftsmessige innsparingar frå andre halvår 2022. Det er klar samanheng mellom skulestorleik og kostnad pr. elev.

Budsjettforslaget vert saldert ved følgjande disposisjonar og føresetnader:

- ✓ eigedomsskatt: to promille frå 2021.
- ✓ bruk av omlag 11 mnok frå disposisjonsfond i løpet av fireårsperioden.

I tråd med ny kommunelov, har rådmannen også i år skissert tre handlingsreglar/finansielle mål for Sula kommune. Dette er mål for netto driftsresultat, for disposisjonsfond, og for netto lånegjeld. Desse indikatorane/måla synleggjer viktige sider ved det økonomiske handlingsrommet for Sula kommune. I forhold til dei tilrådde måltalla, er netto driftsresultat for lavt, og gjelda for høg i økonomiplanen. Dette må vi gjere noko med i åra framover.

I kapittel 2 gir rådmannen eit oversyn over den økonomiske situasjonen for Sula kommune, samt forslag til statsbudsjett for 2021 frå regjeringa. Sjølv om den endelege behandlinga av statsbudsjettet ikkje er ferdig i Stortinget, ventar vi ingen vesentlege endringar.


Kommunen har klart å få betre driftsresultat enn budsjettet dei siste åra. Dette er sjølv sagt bra, og gjer at vi i liten grad har tært på dei oppsparte midlane. Sula kommune har om lag 75 mnok på overskottsfond ved inngangen til budsjettåret 2021.

Fire forhold pregar elles den økonomiske situasjonen i Sula kommune:

- ✓ lave frie inntekter samanlikna med andre kommunar
- ✓ lave kostnader på så godt som alle tenesteområda ift behov og samanlikningskommunar
- ✓ bruk av disposisjonsfond for å saldere budsjetta i økonomiplanperioden
- ✓ høg og aukande gjeld gir auka utgifter til renter og avdrag. Renter er budsjettet med 16,5 mnok i 2021 og 20,6 mnok i 2024. Avdrag er budsjettet til 44,8 mnok i 2021 og 48,7 mnok i 2024.

Sula kommune har like fullt makta å ha god kontroll, handlefridom og økonomisk styring. Dette skuldast fleire faktorar. God budsjettdisiplin i einingane er nok den aller viktigaste enkeltfaktoren.

Figuren under viser endring i utgiftsbehov i Sula som følge av den venta demografiske utviklinga i åra framover.



Figuren viser at barnehageutgiftene kan forventast å gå ned utover i økonomiplanperioden. Utgiftbehovet for grunnskule er relativt stabilt fram til 2025, før deretter å avta. Utgiftbehovet i pleie og omsorg stig i åra framover, og relativt dramatisk fra 2023 og vidare framover.


Desse prognosane må vi planmessig førebu oss på når vi utviklar tenestene og investerer for framtida.

Folketalsutvikling

I Møre og Romsdal er Ålesundsregionen den sterkeste vekstregionen. Folkeveksten har vore sterk i Giske, Ålesund og Sula.

Den historiske folketalsutviklinga i Sula viser at veksten varierer ganske mykje frå år til år – sjølv om den langsiktige trenden har vore jamn vekst. Den sterke folketalsveksten som Sula har hatt dei siste åra, hadde ein topp i 2014 (3%). Folketalet i Sula var 9407 innbyggjarar ved utgangen av andre kvartal 2020.


Prognosane dei neste ti åra viser ein folkevekst på mellom ein halv og ein prosent årleg:



Sula har over tid hatt sterkt folkevekst. Dette er grunnleggande positivt, men det fører samtidig til stort behov for kommunale tenester – og medfølgjande utgifter for å finansiere desse tenestene. Særleg har dette dei siste åra gitt seg uttrykk i oppvekstsektoren.

I åra frå 2010 til 2015 hadde Sula sterkt vekst i dei yngste aldersgruppene, og dette medførte dermed sterkt aukande barnetal i skular og barnehagar. Gjennom strukturendring og utbygging på barnehageområdet, har Sula kommune lykkast med å effektivisere drifta og innfri barnehageretten. Etter prognosane vil veksten i desse aldersgruppene flate ut i økonomiplanperioden. Ny Rørstadmarka skule vil gi eit kvalitativt godt skuletilbod på midtre delen av Sula, og også legge grunnlag for meir effektiv drift i skulesektoren. Sjå meir i kapittelet om kultur og oppvekst.

Den første eldrebølga (alder 80+) slo inn over Sula i perioden 1999-2014. I åra framover aukar talet på eldre svært sterkt:



Vi må få til god balanse mellom heimetenestene og heildøgns omsorgsplassar. Dette inkluderer fleire forhold, mellom anna tilstrekkeleg kapasitet i tenestene og tenlege boligar. Vi må investere for å optimalisere framtidig drift.

Sjå nærmare om dette i kapittelet om helse og omsorg.

Gjeld


Sjølv om Sula kommune i alle år har vore svært varsom med å ta opp ny gjeld, og berre gjort nøkterne investeringar i nødvendig infrastruktur, har lånegjelda auka jamt og trutt, og gjelda begynner no for alvor å tynge.

Lånegjelda har auka kraftig dei siste åra, særleg som følgje av nye skular i Solevåg og i Langevåg, ny barnehage i Langevåg samt nytt bukollektiv for personar med demens.


I økonomiplanperioden er det særleg ny skule på Rørstadmarka som slår inn i økonomien til Sula kommune. I tillegg held vi fram med allereie budsjetterte investeringar knytta til gjennomføring av kommunedelplanen for avløp.

Lånegjelda har auka frå 542 mnok i 2012 til litt over ein milliard kroner i 2020. I rådmannen sitt forslag til økonomiplan vil lånegjelda auke til 1,3 milliard kroner i siste del av økonomiplanperioden. Det er imidlertid verdt å merke seg at mykje av denne auken er lån knytt til sjøkost jf. m.a. kommunedelplanen for avløp. Det betyr at kostnadsauken blir lagt på innbyggjarane i form av kommunale gebyr.

Etterfølgjande figur viser utviklinga i lånegjeld:



Auka lånegjeld kjem også til uttrykk når vi ser på lånegjelda i prosent av brutto driftsinntekter (2019):



Sula har hatt kraftig auke i lånegjeld som andel av brutto driftsinntekter dei siste åra: I 2012 var talet 94,2%, i 2015 104,7% og i 2019 119,3%. Sula ligg klart over gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 10, gjennomsnittet i Møre og Romsdal, landsgjennomsnittet, og nabokommunen Ålesund. Giske kommune ligg fortsatt over Sula kommune. Lånegjelta pr. innbyggjar i Sula er kroner 97.088 i 2019.

Sjølv om mykje av auken i gjeld er lån knytt til sjølkost og rentekompensasjon, bør Sula kommune vere varsam med nye tunge investeringar.

Inntekter

Inntektene til kommunen er i stor grad sentralt gitt gjennom inntektssystem og overføringer fra staten. Avgifter og eigedomsskatt er område som kommunen sjølv kan ta i bruk. Avgiftene er imidlertid i stor grad knytta opp mot sjøl kostområdet. Rammene for eigedomsskatt er også sentralt styrt.

Omlegginga av inntektssystemet i 2017 (knytta til kommunereforma) svekka inntektssida i Sula. I 2021 vil vi få kr. 900.000 i skjønnsmidler fra fylkesmannen. Fylkesmannen sine skjønnsmidlar går i aukande grad til dei nye samanslattede kommunane.

Inntektssida er gjort nærmere greie for i kapittel 2.

Vedlikehald og investeringar i bygg og anlegg

Sula kommune eig og forvaltar ei stor bygningsmasse, og mange kommunale anlegg og vegar.

Vi har allereie gjennomført store investeringar i teknisk infrastruktur for vatn og avløp. I økonomiplanperioden er det foreslått ytterlegare til saman 20 mnok til investeringar i vassforsyning, og til saman 140 mnok til avløp. Dei store investeringane i vatn og avløp dei siste åra gir høgare kommunale avgifter i økonomiplanperioden.

Det pågår samarbeid med Ålesund kommune om utgreining av nytt felles renseanlegg. Reguleringsarbeid og vidare utgreingar skjer inn i 2021.


Ny Rørstadmarka skule er gjort godt greie for i kapittelet om kultur og oppvekst.

Av andre viktige investeringstiltak med foreslått løying i 2021 kan nemnast:

- ✓ Bustader for funksjonshemma og personar med særskilte behov er budsjettert til 48 mnok i byggekostnad fordelt over 2021 og 2022.
- ✓ Det er satt av midler til kjøp av tomt for eventuelt fleire bustader.
- ✓ Rammeløyving mindre investering bygg med 3 mnok.
- ✓ Sikring Molværsvatnet med 2,5 mnok i tilleggsłøyving
- ✓ Sikring bruer med 3 mnok.

Resultatframskriving i økonomiplanperioden

Figuren under viser netto driftsresultat dei tre siste åra, samt budsjetterte tal for økonomiplanperioden 2021-2024. 2020 er p.t. anslag i forhold til utvikling i m.a. skatteinntekter, renter og utbytte.



Sula kommune må i åra framover omstille ressursbruken i forhold til endringar i demografi og dermed endra utgiftsbehov for å få ein berekraftig økonomi framover. Inntekter og utgifter må balanserast og gi positive netto driftsresultat over tid.

Innføring av to promille eigedomsskatt i Sula kommune gjer at vi i mindre grad bruker av oppsparte midlar. Rådmannen foreslår at ein berekna prisvekst utanom lønnsvekst neste år ikkje blir kompensert i einingane. Dette gir rom for heilt nødvendige nye tiltak. Vi må sette i verk utviklingsarbeid i Sula kommune i tida framover for å organisere og investere for effektiv drift med god kvalitet.

Oppsummering

Sula har lave totale inntekter samanlikna med landsgjennomsnittet. Utgiftene er også lave i forhold til store og aukande behov i tenestene. Sula kommune har over tid hatt sterk vekst i aldersgruppa 0-15 år. Dette har ført til behov for nye barnehageplassar og fleire skuleklasser. No ser vi at presset på barnehageplassar er avtakande, og dei store barnetala fører til press på kapasiteten i skulane.

Det aukande talet på eldre fører til auka press på heimetenestene og behov for omsorgsbustader og heildøgns omsorgsplassar. Dette må vi planlegge for i dei komande åra.

Aukande låneopptak over tid, fører til press på økonomien i Sula kommune.


I dei påfølgjande kapitla ser vi først nærmare på den økonomiske situasjonen i kapittel 2. Så blir kultur og oppvekst, helse og sosial og teknisk område nærmere omtalt i eigne kapittel.

2. Økonomisk situasjon

Utviklingstrekk

I 2019 hadde Sula kommune eit positivt netto driftsresultat på 0,7 %, 4,7 mnok. Netto driftsresultat er dei midlane ein har til avsetning og eigenfinansiering av investeringar. Finansielt måltall for netto driftsresultat bør settas til minimum 1,5 % av brutto driftsinntekter.


Finansielle måltall for Sula kommune omtales nærmare seinare i dette kapittel.



Netto driftsresultatet kan variere sterkt, tap/inntekter på finansielle instrument, skatteinntekter. Netto driftsresultat var negativt i 2018 sjølv om skatteinntekter og inntektsutjamning var 4,3 mnok over budsjettet og renter/utbytte om lag som budsjettet. For 2020 er det prognostisert et negativt netto driftsresultat på 13,3 mnok. Budsjettvedtak for 2020 er på 12 mnok.

Sula kommune har eit kostnadsnivå i tenestene som er lågare enn landsgjennomsnittet og lågare enn kommunegruppe 10 som Sula er ein del av. Kommunegruppe 10 er ei gruppe kommunar med middels bundne kostnader pr. innbyggjar og lave frie disponibele inntekter. Sula kommune har dei siste åra vore blant dei 25 kommunane med dei lågaste samla netto driftsutgiftene per innbyggjar.


Årsaken til negativt netto driftsresultat i 2018 og 2020 (prognose) er blant anna at Sula kommune er ein vekst kommune med lave frie inntekter og stor lånebelastning. I kommuneproposisjonen for 2021 er Sula kommune rangert blant dei 5 kommunane med lågast korrigert inntekt. (2019)



Sjølv om Sula kommune i alle år berre har gjort nøkterne investeringar i nødvendig infrastruktur så begynner lånegjelda no å tyngre. Lånegjelda har auka kraftig dei siste åra og vil fortsette å auke utover i økonomiplanperioden som følgje av større investeringer som bl.a. Rørstadmarka skule .

Sula kommune må ha ein ambisjon om å drifte på ein kostnadseffektiv måte som gir positive netto driftsresultat i åra som kjem. I tillegg ha eit klart langsiktig mål om å redusere lånegjelda ned til minimum dagens nivå i løpet av en 10 års periode.

Anbefalt finansielt måltall for netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter er på inntil 100% (KS). Sula kommune aukar til 128,8% i 2020 og aukar vidare til 175,5% i 2024. Finansielt måltall bør settast til 130% i 2030 og 100% i 2035.



Sula kommune har eit dispositionsfond på 11,2%. Dette gir eit handlingsrom til å iverksetje dei rette tiltaka for å oppnå ein sunn og langsiktig økonomi. Tiltaka må definerast og iverksetjast så snart som råd er i og med at den økonomiske føresetnaden reduserast årleg og dermed bergensar handlingsrommet seg tilsvarende. Tar ein utgangspunkt i vedtatt Budsjett 2020-2023 vil til dømes dispositionsfondet være oppbrukt i 2024.

Tidlegare har avkastning på finansielle instrumenter, skatteinntekter over det budsjetterte og ikkje minst god budsjettdisiplin i driftseiningane vore med på å gi gode resultat. Dette har medført at vi har satt av midler på fond, overskotsfondet er berekna til 75,6 mnok etter 2020. Store investeringar og aukande låneopptak i økonomiplanperioden vil føre til behov for krevjande prioriteringar ut i heile Sula kommune for å oppretthalde ein sunn og god driftssituasjon også etter 2024.

Kommunesektoren i statsbudsjettet for 2021

Statsbudsjettet legg opp til ein vekst i kommunane sine frie inntekter på 2 mrd. Gjennomsnittleg løns- og prisstigning vert anslått til 2,7 % neste år og lønsvekstanslaget er på 2,2 %.

	Mrd. kroner
Veksten i frie inntekter utover særskilt tillegg	2,0
Merkostnader til demografi	-1,1
Satsinger innenfor veksten i frie inntekter	-0,2
Økt handlingsrom	0,7

Tabellen ovanfor viser veksten i frie inntekter i 2021 målt frå inntektsnivået i 2020 utan meirskattevekst.

Det er i berekningane ikkje tatt høgde for kutt i toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande brukarar for 6 år på rad. Dette vil auke netto utgiftane med ytterligare 300 mnok, for Sula kommune betyr det nærmare 0,7 mnok.

Sula kommune sine frie inntekter.

KRD nyttar folketal pr. 01.01.2020 til berekning av inntektsutjamninga, og 01.07.2020 for utgiftsutjamning.

Folketalet pr. 01.01.2021 skal til slutt brukast til berekning av inntektsutjamning.

Tabellen under viser berekna frie inntekter for Sula kommune:

(Tabell i heile 1000)

	Budsjett 2021	Budsjett 2020	Prognose 2020
Rammetilskot	284 325	276 596	287 684
Skatt	254 631	243 800	238 644
Inntektsutjevning	41 547	41 429	38 913
Sum frie inntekter	580 503	561 825	565 241

- Tilskot relatert til Korona er inkludert i rammetilskot for budsjett 2021 og for prognose 2020. I prognosen for 2020 ligg det inne 10,9 mnok i koronamidler som vi får over rammetilskotet. I 2021 ligg det inne 8,24 mnok i koronamidler.
- Skjønnsmidlar i budsjett 2021 er på 0,9 mnok. I 2020 var desse på 0,5 mnok. Skjønnsmidlane er ein del av rammetilskotet.
- Tilskot knyta til økt lærartetthet er lagt inn i rammetilskotet med 2,1 mnok. I 2020 var tilskotet 1,6 mnok.

I rammetilskotet er det lagt inn forventninger om nye oppgåver eller endring i eksisterande oppgåver for kommunane. Tabellen nedanfor gir ein oversikt over dei tiltaka (oppgåvekorrigeringar) som har innverknad på rammetilskotet for Sula kommune.

Oppgåveoverføringer og korrekjonar som påverker rammetilskot for Sula kommune	Beløp	Ref
Koronnamidler	8 243	1
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 1.-2 trinn - heilårseffekt av endring i 2020	174	2
Inntektsgradert foreldrebetaling i SFO på 3.-4. trinn	52	3
Gratis SFO for elevar med særskilte behov på 5.-7. trinn -heilårseffekt av endring i	63	4
Overføring av skatteoppvekst til Skatteetaten - heilårseffekt av endring i 2020	- 1 682	5
Tilskot til fastlegar - heilårseffekt av endring i 2020	341	6
Tilskot til trus- og livssynssamfunn	- 818	7
Utvila aldersgrense for rett til ettervern i barnevernet	39	8
Frivillighetssentralar	- 427	9
Pensjon i private barnehagar - redusert tilskot og skjermingsordning	- 440	10
Habilitatings- og avlastningstilbod med barn og unge med nedsett funksjonsevne	175	11
Sum oppgaveoverføringer og korrekjonarfor Sula kommune	5 720	

(Tall i tabell er i heile 1000)

Kommentar til tabellen over:

1. Lagt inn i budsjettet som både inntekt og kostnad.
2. Blei innarbeida i ramma til oppvekst i forbindelse med økonomiplan 2020-2023
3. Lagt inn som nytt tiltak for oppvekst
4. Innarbeida i ramma til oppvekst i forbindelse med økonomiplan 2020-2023
5. Trekt ut av ramma til økonomiavdelinga i forbindelse med økonomiplan 2020-2023.
6. Lagt inn som nytt tiltak for helse og sosial
7. Trekt ut av ramma til Sentraladministrasjonen. Dette beløpet tilsvrar det som var budsjettet som kostnad
8. Lagt til som nytt tiltak for oppvekst.
9. Dette tilskotet får vi no som eit øyremerka tilskot frå kulturdepartementet. I budsjettet er 0,45 mnok lagt inn under andre statstilskot. Vi har ikkje fått informasjon om beløpet men har budsjettert med at det blir om lag som i 2020.
10. Endringa er tatt hensyn til i budsjettering av tilskot til private barnehagar
11. Inkludert som en del av generelt tiltak innanfor helse (4,2 mnok)

Frie inntekter i økonomiplanen:

(Tall i heile 1000)

	2021	2022	2023	2024
Rammetilskot	284 325	277 130	277 130	277 130
Skatt	254 631	254 630	254 630	254 630
Inntektsutjevnning	41 547	41 540	41 540	41 540
Sum frie inntekter	580 503	573 300	573 300	573 300

Grunnlag for budsjetteringa av frie inntekter er KS sin prognosemodell publisert 13.11.2020.

Inkludert i rammetilskot	2021	2022	2023	2024
Skjønn fordelt av fylkesmannen	900	900	900	900


Skjønnsmidlane er tatt med vidare (2022-2024) sjølv om dei er svært usikre.

Dei frie inntektene er ikkje oppjustert med forventa auke i 2021 - 2024, årsaken til dette er:

- Befolkningsveksten har flata ut, kun en marginal økning.
- Det er forventa ein strammare kommuneøkonomi framover.

Vi må ta høgde for at kostnadane vil auke. Dei demografiske endringane vil medføre at vi må auke drifta innanfor enkelte områder og omprioritere for eksempel frå barnehage og seinare frå undervisning til pleie og omsorg.

Diagrammet under frå KS viser korleis utgiftsbehovet ser ut til å endre seg i komande 10 års periode.



Eigedomsskatt

Det vart innført eigedomsskatt på boliger frå 2020. Eigedomskatten for 2020 er satt til 1 promille og eit botnfradrag på verdifastsettelsen på 0,5 mnok. Det foreslås å auke eigedomsskatten til 2 promille i 2021. Dette vil føre til anslagsvis økning på kroner 2.500 for ein gjennomsnittseigedom i Sula kommune. Dette medfører en inntektsøkning på om lag 8 mnok. Det foreslås videre å innføre eigedomsskatt for næringseigedom på 2 promille frå og med 2022. Dette medfører en forventa inntekt på 1,2 mnok. Maksimalsatsen er 4 promille.

Føresetnader i framlegg til budsjett og økonomiplan 2021 – 2024

Forventa lønsauke i 2021 og resultatet av forhandlingane for 2020 på til saman 10,4 mnok er budsjettert som «til disposisjon» og vil bli fordelt fullt ut på sektorane.

Det legges ikkje opp til å fordele forventa prisauke eksklusivt lønn på om lag 6 mnok. Midlane gir handlingsrom til å prioritere konkrete satsingstiltak.

Regulering av betalingssatsane kjem opp som eigne saker, med unntak av husleiger som er regulert i forhold til konsumprisindeksen, dette er delegert til administrasjonen.

Pensjonsutgifter

Budsjetterte pensjonsutgifter i 2021 (KLP og SPK) er på 41,5 mnok. Budsjetterte pensjonsutgifter i 2020 var på 40 mnok. Pensjonsutgiftene består av pensjonspremien vi må innbetale til KLP og SPK (redusert for arbeidstakars andel på 2%), av premieavvik og av amortisering av premieavvik. Premieavvik og amortisering av premieavvik blir bokført "sentralt" for kommunen. Kostnad basert på premiebetaling blir utgiftsført på einingane.

Utgifter til KLP (Kommunal pensjonskasse) og SPK (Statens pensjonskasse) er budsjettert med henholdsvis 16,62% og 8,91% (+2% frå arbeidstakarane) for 2021. I 2020 var prosentsatsane 18,7% og 12,15%. Forklaringa på at prosenten har gått ned er at prognose for premieinnbetaling for 2021 er lavere enn prognosene var for premieinnbetaling i 2020. Sjølv om prognose for premieinnbetaling er lavere enn i 2020 så er likevel prognose for total pensjonskostnad høgare i 2021 enn i 2020. Dette har å gjøre med endring i prognose for premieavvik og amortisering av premieavvik.

Pensjonskostnaden vert berekna utifrå prinsipp fastlagd i ein rekneskapsstandard og skal forsøke å gi ein fornuftig og jamn fordeling av pensjonskostnadane over tid. Avviket mellom pensjonspremien og den berekna pensjonskostnaden vert kalla premieavvik og skal reverserast. Premieavviket vart fram til 2012 amortisert (nedbetalt) over 15 år, frå 2013 over 10 år og frå 2015 over 7 år.

Akkumulert premieavvik pr 31.12.2019 var 33 mnok. Prognose for akkumulert premieavvik pr 31.12.2020 er 33,5 mnok. Prognose for akkumulert premieavvik pr 31.12.2021 er 45,2 mnok.

Renter og utbytte

Lånerenta:

	2021	2022	2023	2024
Budsjettrente	1,5 %	1,5 %	1,6 %	1,7 %

Budsjettrenta er berekna ved å ta forventa andel av fastrentelån multiplisert med budsjettet fastrente, og forventa andel av flytande lån multiplisert med budsjettet rente på sertifikatlån.

Av Sula kommune sine lån er mnok 50 knytt til swap avtalar. Til saman 522,5 mnok har fastrenteavtale og ytterlegare 304 mnok er lån knytt til sjølvkost; lån som har rente- og avdragskompensasjon.

Avkastning på midlar til langsiktig forvaltning og bankinnskot er budsjettet lik budsjettrenta med eit påslag på 0,5%. Det er også forventningar om bruk av fond utover i økonomiplanen noko som vil redusere renteinntektene.

Fondsforvaltning

Pr 31.12.20 har vi 74,6 mnok til aktiv forvaltning. Dette er ein nedgang på 0,4 mnok frå 31.12.2019.

Det er forventa ein reduksjon i fond og likvide midlar i løpet av økonomiplanperioden.

Pkt. 8.1 i finansforvaltningsreglementet gir denne definisjonen av langsiktige finansielle aktiva:

"Langsiktige finansielle aktiva er aktiva som ikkje skal nyttast til drifts- eller investeringsformål i rekneskap og budsjettåret samt økonomiplanperioden. Beløp til langsiktig forvaltning vert fastsett i årsbudsjettet og eventuelt i samband med enkeltsaker."

Vi vil ved årsskifte ha eit kapitalfond på om lag 70 mnok. Ut ifrå det som er budsjettet så vil fondet bli redusert med 6,2 mnok i økonomiplanperioden (eigenkapitalinnskot i KLP)

I henhold til prognose for 2020 så vil overskotsfondet vårt vere på 76,8 mnok pr 31.12.20. I henhold til budsjettforslag så vil fondet bli redusert med 10,8 mnok i økonomiplanperioden.

Utifrå dette så foreslår vi at beløp til aktiv forvaltning frå 1.1.2021 vert uendra, men blir det brukt meir enn foreslått i dette budsjettet må vi vurdere å redusere beløp til aktiv forvaltning slik at det ikkje blir i strid med finansforvaltningsreglementet.

Avdrag

Vi har for alle år budsjettet med lengste lovelege nedbetalingstid. I tidligare kommunelov (før 2020) var det to metodar å velje mellom for å berekne minimumsavdrag. Sula kommune brukte den som gav det minste avdraget. I kommunelov gjeldande frå 2020 blei reglane rundt berekning av minimumsavdrag stramma inn. Det er no berre ein metode som kan nyttast. Metoden framgår av kommunelova § 14-18: "..Avdragene skal samlet være minst lik størrelsen på kommunens avskrivinger i regnskapet, justert for forholdet mellom størrelsen på lånegjelden og størrelsen på kommunens avskrivbare anleggsmidler.." Denne metoden gjer at vi må betale meir i avdrag enn vi

måtte ha gjort med metoden vi brukte fram til 2019. Lånet blir med andre ord betalt ned over ferre år enn tidlegare. Berekninga av minimumsavdrag kan illustrerast med følgande formel:

$$\text{Minimumsavdraget} = \frac{\text{Sum avskrivninger} \times \frac{\text{Rest lånegjeld}}{\text{Sum bokført verdi varige driftsmidler}}}{}$$

Innstramminga i reglane for berekning av minimumsavdrag, kombinert med den auka lånegjelta, gjer at avdraga belastar driftsrekneskapet vårt meir enn tidlegare. I 2019 betalte vi 30,7 mnok i minimumsavdrag. Dersom vi i 2019 hadde berekna minimumsavdrag ut frå den formelen som no er obligatorisk så hadde minimumsavdraget for 2019 vore 37,6 mnok. Avdrag i 2020 blir på 41,4 mnok. Budsjettet avdrag i 2021 er på 44,9 mnok.

Låneopptak og utvikling av samla gjeld

Investeringane i økonomiplanperioden er tilnærma 100 % lånefinansiert med unntak av mva kompensasjon og statstilskot på bustader.

Utvikling i lånegjeld 2014 – 2019

Utvikling lånegjeld 2015-2019	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Lånegjeld til investeringar	572 651	733 117	778 645	858 620	938 823	988 569

Videreformidlingslån er ikkje med. Totalt lån pr 2019 var (i 1.000 kr.) 988.569' + 21.153' = 1.009.722'.

Forventa utvikling i lånegjeld 2020 – 2024

Forventa utvikling i lånegjeld 2020-2024	2020	2021	2022	2023	2024
IB lån til investeringar	988 569	1 047 129	1 204 208	1 277 438	1 302 489
Låneopptak VAR	6 000	16 000	35 000	55 000	55 000
Låneopptak andre investeringar	93 975	185 902	87 017	20 517	25 820
Avdrag	(41 415)	(44 823)	(48 786)	(50 467)	(48 663)
UB lån til investeringar	1 047 129	1 204 208	1 277 438	1 302 489	1 334 646
Gjeld pr innbyggjar (i tusen kr)	111	128	136	138	142

Gjeld med inntekter knytt til husbankrente og - 5 års Nibor (VAR)

Gjeld med inntekter knytt til husbankrente og 5 års NIBOR (VAR)	2020	2021	2022	2023	2024
Vatn, avløp og renovasjon	254 365	260 673	285 608	329 669	373 108
Omsorgsbustader	19 755	17 956	16 156	14 357	12 557
Skulepakken	8 029	7 077	6 125	5 173	4 221
Skulepakke II	19 017	17 658	16 300	14 942	13 583
Kyrklelege formål	2 508	2 174	1 841	1 508	1 174
Sum	303 674	305 539	326 031	365 648	404 645

Lån utan rente- og avdragskompensasjon

	2020	2021	2022	2023	2024
Lån utan rente- og avdragskompensasjon	743 455	898 669	951 407	936 841	930 001

Som ein ser av tabellane så er ein del av låneauken ein konsekvens av investeringar innan vatn og avløp. Renter og avdrag på desse investeringane skal finansierast gjennom auke i årsgebyr. Derimot vil låneopptak til ny skule på Rørstadmarka gi betydelige rente og avdragsutgifter anslagsvis 9,5 mnok gitt dagens rentenivå.

Avsetningar og bruk av avsetningar i økonomiplanperioden
 (alle tal i 1000 kroner)

Disposisjonsfond	Beløp
Riskoreguleringsfond	7 807
Diverse formålsstyrte fond	
Tettstad	100
KNM	100
Flyktningfond	5 255
Tilskot til maritime forhold	12
Overskotsfond pr 31.12.2019	71 533
Overføring mindreforbruk 2019	19 000
Budsjettert brukt i 2020	-13 657
Forventa meirforbruk i 2020	-1 300
Overskotsfond pr 31.12.2020	75 576
Forbruk i økonomiplanperioden	-10 749
Overskotsfond pr 31.12.2024	64 826

Bundne driftsfond	Beløp
Saldo pr 31.12.2019	13 068

Dette er fond med midlar som er bunde til ulike formål og det vil bli brukt eller avsett midlar sjølv om det ikkje er budsjettert slik at saldoen endrar seg ved avslutning av rekneskapet.

Ubundne investeringsfond	Beløp
Saldo pr 31.12.2019	70 163
Budsjettert brukt i 2020	-4 350
Saldo pr 31.12.2020	65 813
Forbruk i økonomiplanperioden	-6 200
Saldo pr 31.12.2024	59 613

Bundne investeringsfond	Beløp
Saldo pr 31.12.2019	1 141

Avsetningane her er innfridde startlån som skal gå til nedbetaling av husbanklån.

Likviditet

Likviditeten er god, men korrigert for fondsmidlar og unytta lånemidlar vært likviditeten svekka. Difor kan ein ikkje anbefale å bruke av disposisjonsfondet. Av disposisjonsfondet er det budsjettert brukt 10,75 mnok i planperioden. Det er berekna at vi normalt må ha frå nærmare 40 mnok for å kunne betale ut lønn, skatt og sosiale utgifter, ved utbetaling av reguleringspremie til pensjonskassene kan vi rekne med ytterlegare 20 mnok.

Finansielle måltal

Indikatorene under er foreslått av riksrevisjonen og vidareutvikla av KS.

Netto lånegjeld er korrigert for utlån. og ubrukte lånemidler.

	Handlingsrom			
	Svært utsatt	Lite	Moderat	Større
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	<0	<1	<2	>2
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter	<2	<5	<8	>8
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	>85	>75	>65	<65

Måltal for Sula kommune:

Netto driftsresultat, det anbefalte frå teknisk beregningsutval er 1,75%. Sula kommune bør på kort sikt gå i balanse og ha som ambisjon om å stabilisere seg på minimum 1,5% på litt lengre sikt. Målsetting på minimum 1,5% av brutto driftsinntekter.

Disposisjonsfond. Målsetting på minimum 10% av brutto driftsinntekter. Disposisjonsfondet er det som gir Sula kommune eit visst handlingsrom og bør vurderast kun i forbindelse med grep som betrar den økonomiske situasjonen på sikt.

Netto lånegjeld, lånegjelda korrigert for utlån og ubrukte lånemidler gir netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter. Dette er den største utfordringa til Sula kommune. Lånegjelda øker frå dagens nivå på 128,8% til 175,5% i 2024 som følge av fleire store investeringar, bl.a. Rørstadmarka skole.

Riksrevisjonen definerer for høg lånegjeld til 75 % av driftsinntektene, KS antyder at ein gjeldsgrad på over 100% er ugunstig.

Målsetting er å komme ned på dagens nivå (under 130 %) innen 2030 og 100% innen 2035.

Finansielle nøkkeltal i Sula kommune i % av driftsinntektene

Sula kommune 2019	Handlingsrom			
	Svært utsatt	Lite	Moderat	Større
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter		0,70 %		
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter				11,20 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter	119,30 %			

Sula kommune 2020-2024	Handlingsrom			
	Svært utsatt	Lite	Moderat	Større
Netto driftsresultat i prosent av brutto dr.innt 2020	-1,81 %			
Disposisjonsfond i prosent av brutto dr.innt 2020				12,07 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto dr.innt 2020	128,77 %			
Netto driftsresultat i prosent av brutto dr.innt 2021		0,48 %		
Disposisjonsfond i prosent av brutto dr.innt 2021				11,83 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto dr.innt 2021	157,23 %			
Netto driftsresultat i prosent av brutto dr.innt 2022		0,11 %		
Disposisjonsfond i prosent av brutto dr.innt 2022				11,91 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto dr.innt 2022	167,97 %			
Netto driftsresultat i prosent av brutto dr.innt 2023	-0,73 %			
Disposisjonsfond i prosent av brutto dr.innt 2023				11,30 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto dr.innt 2023	171,27 %			
Netto driftsresultat i prosent av brutto dr.innt 2024	-0,82 %			
Disposisjonsfond i prosent av brutto dr.innt 2024				10,63 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto dr.innt 2024	175,49 %			

2020 resultatet er anslag etter dei siste budsjettprognosene.

Dispositionsfond / overskuddsfond

Overskotsfond pr. 31.12.2019	71 533
K-42/20: Disp. av mindreforbruk ført til overskotsfond	19 000
Budsjettert bruk i 2020	-13 657
Anslått meirforbruk i 2020	-1 300
Fond pr. 31.12.2020	75 576
Bruk av fond i økonomiplanperioden	9 743
Overskotsfond pr 31.12.2024	65 833

Dispositionsfond er en samling av fond som består overskuddsfond, samt avsetninger til risikoreguleringsfond, flyktingefond mv. Det som først og fremst er relevant i denne samanheng er overskuddsfond som kan disponeres litt friere av Kommunestyret. I planperioden reduserer overskuffondet seg til 65,8 mnok. Det anbefales å kun disponere deler av fondet til strategiske tiltak for å betre driften på sikt. For eksempel tiltak som har en tilbakebetaling av investering på 5 til 10 år. Overskuddsfondet bør ikke bli mindre enn 60 mnok jf avsnitt om likviditet.

Netto driftsresultat som styringsparameter

	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024	Sum planper.
Resultat overført til/fra Dispositionsfond	1 006	5	4 662	5 077	10 749
Avesetting til flyktingfond i oppstilling ovanfor	-2 809	0	0	0	-2 809
Avesetting/bruk av fond på VAR	-1 883	-862	882	1 166	-697
Netto driftsresultat	-3 686	-857	5 544	6 243	7 243

Budsjettforslaget frå rådmannen viser eit positivt netto driftsresultat på 3,7 mnok eller 0,48% jf. måltall. Dette inkluderer eit overskat på VAR område som avsettast på bundne fond. Dette for å dekke tidligare underskot og for å bygge opp fondet for å imøtekomme større framtidige investeringar.

Netto driftsresultat inkluderer også overskat i flyktingbudsjettet som avsettast på fond for å dekke framtidige kostnader.

For å ha god økonomistyring av Sula kommune sin drift, er det difor viktig å fokusere på eit positivt resultat når ein ser bort frå desse avsetningane. Det vil seie resultat som kan avsettast til fond for overskat. For 2021 er det budsjettert med eit meirforbruk på 1 mnok.


Ein ambisjon bør være å oppnå eit mindreforbruk på 8 – 10 mnok. Dette vil igjen generere ein strategisk handlefridom for Kommunestyre.

3. Kultur og oppvekst

Visjon

Barn som veks opp i Sula skal oppleve relevans, utfordringar, samanheng og mestring kvar dag i læringsreisa si. Alle skal møte høge forventningar og få kompetent hjelp når dei treng det. Barn som veks opp i Sula, skal fullføre vidaregåande skule.

Visjonen i Kultur og oppvekst illustrerer vi slik for perioden 2017 – 2021.



Tannhjula illustrerer kjerneoppgåvane dei tilsette skal samarbeide om å løyse, for å bidra til at borna i Sula får ein god start i livet. Vi har fokus på trygge, tydelege og forutsigbare tilsette (autoritativt leiarskap), trygge og stimulerande læringsmiljø, relevant innhald og eit mangfold av metodar frå helsestasjonen til ungdomsskulen. Det vi gjer skal vere kunnskapsbasert; vi skal vite kvifor. PPT, skulehelsetenesta og barnevernet gir kompetent bistand i førebyggjande og hjelpende arbeid. I fridita er tilbod om aktivitet på biblioteket, i kulturskulen, på Dunken, i regi av utekontakten og gjennom samarbeid med frivillige lag og organisasjoner. Arbeidet i KO skal i hovudsak vere førebyggjande og bidra til å styrke folkehelsa i Sula. Dei som slit skal bli sett og raskt få god hjelp i møte med tilsette i Sula kommune.

Kommuneplan

Frå Samfunnsdel 2010 – 20 (K-sak 35/11) kap. 3.2:

« Førebyggjande innsats samt trygge og gode oppvekstvilkår. Ein må oppretthalde og vidareutvikle førebyggjande tilbod til barn og unge i kommunen, både i form av fritidstilbod, helserelaterte og pedagogiske tiltak.»

Lovgrunnlag

Innbyggjarane sine rettigheter inn mot KO-sektoren er regulert i:

Lov om barnehagar (barnehagelova)

Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa, inkl. §13-6 Musikk- og kulturskoletilbod.

Lov om helse- og omsorgstenestene (helsesjukepleiar/skulehelsetenesta)

Lov om barnevern


Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nyankomne innvandrere

Lov om offentlege styremakters ansvar for kulturverksemd (Kulturlova) og

Lov om folkebibliotek



I tillegg ei rekke forskrifter (t.d. fag- og timebyteplan, læreplanane for fag og rammeverk), rundskriv og Barnekonvensjonen til FN.


Organisering



Oppvekst omtalt først, deretter kultur.

Demografi





Ved starten av skule- og barnehageåret 2020 – 21 så er det 1322 elevar i grunnskulen og 630 barn i barnehagane. Elevane i grunnskulen er fordelt på 67 klasser, fire barneskular og ein ungdomsskule. Barna i barnehagen er fordelt på både private og kommunale barnehagar, 275 av dei i kommunale barnehagar.

Grafane syner ein nedgang i barnetal dei neste ti åra, for 2020 er det anslått cirka 100 fødslar i kommunen. Likevel vil talet på elevar i skulen auke litt til og med 2025 og spesielt er det ungdomsskulen som no vil merke dei store kulla som var i ei periode. Ungdomsskulen vil auke med ei klasse kvart år i økonomiplanperioda.

Det er alltid knytt usikkerheit til denne type anslag, men den gir ein peikepinn på korleis det kan sjå ut i Sula kommune i åra framover. Det er knytt usikkerheit til kor mange som kjem til å flytte til og frå Sula i perioda og også arbeidsmarknaden i regionen vil ha innverknad på demografiutviklinga.

Ressursar

STILLINGAR OPPVEKST	2021 - forslag	2021	2020	2019
SUM	263,72	263,12	263,23	266,61
Kultur- og oppvekstadministrasjonen	1,00	1,00	1,00	1,00
Solevåg skule	23,88	23,88	27,55	26,67
Måseide skule	11,47	11,47	11,47	11,77
Fiskarstrand skule	13,96	13,96	13,96	14,23
Langevåg skule	41,95	43,95	41,06	43,70
Sula ungdomsskule	45,27	43,27	41,26	41,71
Solevåg SFO	2,86	2,86	3,70	3,84
Måseide SFO	2,21	2,21	2,21	2,21
Fiskarstrand SFO	3,00	3,00	3,00	3,30
Langevåg SFO	5,51	5,51	6,01	8,90
Sunde Barnehage	9,00	9,00	9,00	9,00
Måseide Barnehage	16,00	16,00	16,00	16,00
Langevåg Barnehage	25,50	25,50	25,50	25,50
Molvær Barnehage	16,00	16,00	16,00	16,00
Vaksenopplæring etter Oppl-lov, kap 4-2(Molvær sente)	2,70	2,70	2,70	2,77
TBU (Barnev., Helsest, PPT og spe.sped. bhg)	33,20	32,60	32,60	30,00
Kultureininga (eigen tabell)	10,21	10,21	10,21	10,01

Fyrste kolonne, forslag 2021, er rådmannen sitt forslag for 2021. 0,6 auke på TBU. 500000 til lærar er ikkje med i oversikta då beløpet må inn i elevsjekk og fordelast der, vil gje liten eller ingen endring for årsverk på den enkelte skule.

Kommentar til stillingsplanen – knytt til oppgåver

Barnehagane (både private og kommunale) ber om friske lønsmidlar i 2020 for å kunne møte behova til dei minste, når dei treng ekstra bistand i si utvikling. Barnehagane ber om midlar til generell styrking. Behovet er meldt dei siste åra. Generell styrking er for betre å kunne hjelpe «gråsoneborna», altså dei borna utan vedtak. Kommunen har ansvaret for at borna i alle barnehagane i Sula har eit kvalitatativt godt tilbod i tråd med lovverket, og leiarane i private og kommunale barnehagar samarbeider om inntak og kvalitetsutvikling.

Kommunen samarbeider med Giske kommune om tilsyn, her er rutinane revidert i 2019.

Foreldrebetalinga følgjer nasjonale maxsatser (eiga sak).

Kommunale barnehagar er Molvær, Langevåg , Måseide og Sunde. Private er Hatlebakken, Nymarkbakken, Gnist, Rørstadmarka, Vasset og Røde Kors – open barnehage.

I Skulane er det lærarnorm og fagfornying som er fokus i einingsleiarane sine meldte behov. Med den ramma som ligg i rådmannen sitt forslag så er alle skulane på eit minimum i høve lærarnorma. Det er likevel slik at ein har behov for fleire tilsette i skulen. Det er mange elevar som har behov for tett oppfølging og ein lærar aleine i klasserommet med ei klasse kan ikkje løyse alle utfordringane. I oppvekstrapporten la vi fram at i grunnskulen i Sula så har elevtalet dei siste ti åra auka med 200 elevar, dette tilsvarer 12 nye klasser. Ramma som oppvekst har til fordeling skulane i mellom (elevsjekken) har ikkje tilsvarande auka.

I tillegg er det innført valfag på alle trinn i ungdomsskulen og ein ny time i naturfag på mellomtrinnet. Tiltaka er underfinansiert og inneber dermed innstrammingar. Auke i driftsramma frå 2018 gjenspeglar på langt nær den veksten som skulen har hatt dei siste 10 åra. For 2019 og for 2020 var det også lagt inn ei innsparing på 0,5% kvart av åra i hht. vedtak i kommunestyret.

Kvar ny klasse (før norm) skal minimum ha ein lærar i kvar time. Deretter kjem timer til å dele klassen i praktiske fag og timer til enkeltvedtak om spesialundervisning etter tilråding frå PPT. Nokre elevar har også personleg assistent gjennom dagen, grunna helsetilstand/store funksjonsnedsettingar. Ein ser også i både barnehage og skule ein auke i elevar som av ulike årsakar treng tettare oppfølging enn det dei kan få i ordinær klasseromsundervisning. I snitt trengs det minimum 1,4 årsverk i barneskulen og 2 årsverk i ungdomsskulen for

å dekke oppgåvene i ei ny klasse. Innstramminga over fleire år, gjer at det er få vaksne i Sulaskulen. Bjørn Brox (Framsikt analyse) stadfestar situasjonen i Sulaskulen, då han i sin presentasjon uttalte følgjande : *Med dagens skulestruktur er skuledrifta i Sula «skvisa».*

Ressursknappheit i skulen går først og fremst utover opplæringa og oppfølginga til dei mest sårbare borna, men det påverkar også kvaliteten på opplæringa generelt, og høge krav i kombinasjon låg lærartettleik (store grupper) medfører stort press på dei tilsette. Andelen born som treng spesialundervisning er framleis høg samanlikna med andre. Det er også slik at når timane til generell styrking i skulen går ned så aukar antall meldingar til PPT fordi ein har mindre handlingsrom for å hjelpe og støtte det enkelte bornet. Dette ser ein godt i budsjettkommentaren til TBU der dette er vist i ein tabell. Det er likevel viktig å peike på at sjølv om fleire har behov for spesialundervisning så fører ikkje det til meir ressursar i skulen, det fører berre til mindre ressursar til den ordinære opplæringa.

I ei periode våren 2020 var skulane i Norge på raudt nivå og klassene skulle delast i kohortar der ein skulle ha sin faste lærar. Dette var særskilt krevjande på grunn av ressursknappheita i skulen. Ein ser også at slitasjen blir stor hos dei ansatte både i skular og barnehagar når sjukefråveret er høgt, slik som det er jamnt over denne hausten.

Fagfornyinga vart innført i heile landet frå skulestart no i 2020. Dette er den største omlegginga av skulen sidan 2006 og medfører ei endring av faga på alle trinn. Dette medfører at også dei læremidla ein hadde, anten dei var digitale eller i form av bøker, er no utdaterte. I økonomiplanen ligg det inne for 2020 og 2021 midlar til nye læreverk/læremiddel.

SFO. Intensjonen med SFO er at ordninga skal møte foreldra si arbeidstid med ein stad borna kan vere før og etter obligatorisk skuletid. Her skal borna få omsorg, mat, kvile, men og få høve til å utfalde seg utifrå eigne interesser saman med andre i ein arena som bidrar til å trygge born sine oppvekstvilkår og kan ha førebyggjande effekt. SFO skal vere ein plass der ungar vert sett og får utfalde seg gjennom eit mangfold av aktivitetar. Gode SFO-ar er tilpassa borna sine behov og lokal kultur. Det er stor variasjon mellom SFO'ane i Sula då skulane er så ulike i storleik. Vi ser likevel ein markant nedgang hos dei fleste på antall foreldre som melder ungane sine på tilbodet om SFO.

Foreldrebetalinga dekker ikkje driftsutgiftene, men rådmannen foreslår likevel ikkje å heve satsane utover ei justering i tråd med kommunal deflator, med verknad frå 01.01.20, slik at ordninga i alle fall held tritt med normal løns- og kostnadsutvikling. Justeringa gjeld og drop-in timer for born med og utan fast plass. Nye satsar vert lagt fram i eiga sak. Ordninga med redusert foreldrebetaling for familiar med låg inntekt vil bli utvida til å gjelde også for 3. og 4.trinn. Rådmannen foreslår også at ein opprettheld to plassar for elevar med særskilt behov på 5.-7.trinn, desse to plassane vil bli lagt til den eller dei SFO'ane som til ein kvar tid har behov.

Hausten 2021 vil det komme ny rammeplan for SFO. Den vil gje føringar på kva slags innhold det skal vere i SFO og kva slags kompetanse dei tilsette må ha. Dette i lag med eit innsparingsbehov for Sula kommune gjer at rådmannen ser på om ein kan drive SFO kun for foreldrebetalinga ved å legge om drifta. Det vil i så fall bli lagt fram ei eiga sak om dette våren 2021.

Vaksenopplæring. Stillingane er knytt til opplæring på Mylna (rehabiliterande og habiliterande opplæring etter opplæringslova kap. 4A-2). Frå og med hausten 2019 er vaksenopplæringa i Sula ein del av Sula ungdomsskule med felles rektor. Det er tilsett ein undervisningsinspektør som har ansvar for den daglege drifta, det vil seie administrasjon av opplæringa ved Mylna samt koordinering og oppfølging av dei tenestene ein kjøper i anna kommune (p.t. Ålesund kommune). Tenestene Sula kommune kjøper av Ålesund kommune er opplæring i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarar, grunnskuleopplæring særskilt organisert for vaksne, opplæring for deltakarar i introduksjonsprogram, prøver i norsk og samfunnskunnskap.

Ny integreringslov – der Fylkeskommunen skal ta eit større ansvar - - frå og med 01.01.21 gjer at ein må vurdere avtala med Ålesund kommune på nytt våren 2021.

TBU – tiltakseining for barn og unge ber om midlar til fleire stillingar og supplerande kompetanse som kan arbeide forebyggande ute i barnehagane og skulane og i familiarar der dei kan bidra til betre omsorg for borna.

Samorganisering av dei tre fagområda helsestasjon/skulehelseteneste, barnevernet og PPT og eit tett samarbeid med barnehagar og skular har styrka kvaliteten i tilbodet til barn og unge i Sula. For enkelte innbyggjarar er dessuten tversektoriell samhandling ein kritisk suksessfaktor. Det er mange eksempel på at eit tett samarbeid aukar kvaliteten i den hjelpa som vert gitt. Med veksten i barnetalet og nye, omfattande og statleg definerte oppgåver i TBU, strevar faginstansane med å ta unna meldte saker. I alle tre faginstansane deler dei tilsette i TBU uroa i barnehage og skule over at dei ser mange som burde hatt meir hjelp.

Ved hjelp av prosjektmidlar og omfordeling av midlar internt har ein etter kvart fått på plass i TBU tiltaksstillingar for å kunne yte tidleg innsats. Ein har ei familierådgjevarstilling i barnevern, tiltakskoordinator som er knytt til helsestasjon, psykososial rådgjevar og ungdomsLos knytt til PPT og i tillegg 40% stilling psykiatrisk sjukepleiar (prosjektmidlar) ved helsestasjonen. Viktige funksjonar som alle einingane i TBU kan gjere seg nytte av, men neste steget no vil bli å sjå på om det er mogleg å samle stillingane i ein ressursbase. Det er ikkje bedt om midlar til dette no, men det vil vere naturleg å sjå på om dette er vegen vidare for å at tiltaksstillingane også kan dra vekslar på kvarandre i større grad enn i dag.

TBU har også prosjektleiarstillinga i satsinga på BTI (Betre tverrfagleg innsats) som alle som arbeider med barn og unge i Sula kommune er med på. Mellom anna kan ein via heimesida til Sula kommune få gode råd om korleis ein kan hjelpe barn og unge som ein er uroa for. Denne sida når ein både som tilsett og som innbyggjar i kommunen.

Helsestasjon og skulehelsetenesta si oppgåve og kompetanse i Sula er å avdekke og forebyggje helseproblem hos barn og ungdom 0-20 år. Per i dag har sektoren ei 40% stilling psykiatrisk sjukepleiar på prosjektmidlar og kommunen fekk også frå 01.08.19 på plass kommunepsykolog som har eit tett samarbeid med den psykiatriske sjukepleiarene. Men, eit av tiltaka TBU ber om er 1.0 fast stilling til psykiatrisk sjukepleiar. Per i dag tilbyr ikkje kommunepsykologen direkte helsehjelp til barn og ungdom. Kommunen treng ein psykiatrisk sjukepleiar som kan ta seg spesielt av ungdom med psykososiale utfordringar i aldersgruppa 15 – 18 år og i tillegg vere på helsestasjon for ungdom.

Når innbyggjarane vert gravide, skal dei få tilbod om svangerskapskontroll i tilknytning til helsestasjon. Dei som arbeider på helsestasjonen/skulehelsetenesta har ei viktig rolle i å sikre ein god omsorgssituasjon gjennom tiltak for å styrke foreldra si mestring i foreldrerolla, førebygge, avdekke og avhjelpe rusproblematikk og vald i nære relasjoner – og samarbeide tett med barnehage, skule, PPT og barnevern for å følgje opp uro for eit barn. Når barnehagen aukar med ei avdeling eller skulen med nye klasser, er auken like mange nye brukarar i denne delen av tenesta. Når ferske rapportar om helsetilstanden i Sula syner at mange ungdommar slit psykisk, så kan innsatsen frå helsesjukepleiarar vere nett det som hjelpt ungdommen til å ta betre vare på seg sjølv og helsa si og unngå varige helseproblem. Det er gledeleg å sjå at ved at Helsestasjon for ungdom (HFU) har etablert seg på Snapchat så har bruken av HFU auka. Leiar ønskjer å styrke lavterskelttilbodet (kap. 3.1 i HS-plan 2015 – 2019) som kan hjelpe i familiarar og drive ulike samtalegrupper i ein akuttfase- og dermed unngå at vanskar eskalerer.

Vidare skal tenesta avdekke nedsette funksjonar hos barn og samarbeide om habilitering av barn og ungdom med spesielle behov, som kronisk sjukdom og funksjonsnedsetting. Skulehelsetenesta er og, saman med barnehage, skule og PP-tenesta, viktige aktørar i arbeidet med å fremje barn og unge sitt lærings- og utviklingsmiljø- og bidra til å legge til rette for godt psykososialt og fysisk miljø for borna i skule og barnehage. Helsesjukepleiarane samarbeider med omsorgstenesta og andre helsetenester i HS om tilbod til enkelte born og unge (IP).

Til skulehelsetenesta er det p.t avsett 4,15 årsverk (3,1 fast) fordelt på skulane. HFU disponerer 0,15 stilling pluss psykiatrisk sjukepleiar. Psykiatrisk sjukepleiar har også faste tidspunkt ved ungdomsskulen.

Leiar ber om 0,4 stilling skulehelseteneste som eigenandel for å utløyse vidare tilskot frå helsedirektoratet. Per i dag dekker vi normen for helsesjukepleiarar i skulehelsetenesta i Sula kommune med styrkingsmidlar frå helsedirektoratet i tillegg til dei faste stillingane.

PPT si oppgåve og kompetanse er å bidra til heilskap og samanheng i opplæringa i Sula for born i alderen 1-15 år som treng tilpassing ut over det barnehage og skulen sjølv utan vidare har kompetanse på. Dei har også kap 9A kompetanse. Med ein auke i talet på barnehageavdelingar (+7) og skuleklassar (+12) så får PPT automatisk tilsvarande nye oppgåver. Det er heller regelen enn unntaket at det i kvar avdeling og i kvar klasse er eitt eller fleire born som treng ekstra oppfølging og tilrettelegging, t.d har det så vanskeleg at åferda krev eit ekstra blikk og ekstra hender. PPT har ansvar for å rettleie lærarar og assistentar ute om korleis dei best kan legge til rette for barnet/elevan si læring i fellesskapet, dvs arbeidet med tidleg innsats.

PPT er lågt bemanna i høve dei oppgavene dei skal løyse. I Sula er det 524 barn 0-16 år per rådgjevar og samanliknar ein med Stranda kommune så har dei 323 born per rådgjevar. Saksmengda er så høg at ein i dag opererer med lange ventelister, mange i 3 månader før ein kan starte arbeidet med utredning.

Frå 01.08.16 fekk vi ei endring i barnehagelova som pålegg PPT ansvaret for å gi rettleiing til ni barnehageeininger her i Sula. Det følgde ikkje ressursar med endringa. Rettleiingsansvaret er knytt til både fagleg og sosial læring og skolemiljø/forebygging av mobbing. PPT skal i tillegg gjere utgreiingar og undersøkingar når læraren og foreldra ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å avdekke kva tiltak som kan gi eit barn den tilrettelegginga det har krav på. Undersøkingane skal gi råd om korleis dei tilsette og føresette kan hjelpe barnet. Dei borna som ikkje går i barnehage har også rett til hjelp frå PPT og dei som er elevar ved vaksenopplæringa etter opplæringslova kap 4A-2 er også PPT sitt ansvar.

Leiar ber om 1.2 stilling PPT rådgjevar. 0.2 stilling for å auke stilling til tilsett frå 0.3 fast til 0.5 fast stilling. 1.0 stilling for å ivareta nye krav/forventningar til PPT i Oppl.ova/Bhg.ova og styringsdokument.

Barnevernstenesta si oppgåve og kompetanse er å bidra til at barn og unge i Sula har trygge oppvekstvilkår med forsvarleg omsorg. Får barnevernet melding om barn og unge frå 0-18 år som lever under tilhøve som kan vere skadeleg for helse og utvikling skal dei undersøke saka og gi naudsynt hjelp som sikrar betre omsorg, primært i heimen/ i anna nær familie, eller når det er best for barnet; i fosterheim eller institusjon. Om det er aktuelt med ettervern har barnevernet ansvar til ungdommen er 23 år. Å sikre at borna som er under omsorg av barnevernet fullfører skulegangen er eit nasjonalt satsingsområde. Det er framleis stort press på kapasiteten og ein har ikkje funne rom for å sette av tid til forebyggjande innsats og vidareutdanning på felt som i neste omgang kunne redusere kostnadane på tiltakssida.

Bustaden for EMF er erstatta med lettare tiltak. Forventa tilskot i åra som kjem er likevel i 2020 kr. 1753800 og i 2021 kr. 769500. Tiltaket vil vere heilt avvikla frå 2022.

Leiar ber om 1.0 stilling barnevernskonsulent inkludert 0.4 stilling som PMTO rettleiar, denne tilsette må delta i opplæring over 1,5 år. PMTO er eit tilbod til familiar med barn mellom 3-12 år, der barnet har moderate eller alvorlege afferdsproblem, og samhandlingsmönsteret mellom foreldre og barn kjenneteiknast av gjensidig negativitet som har vedvart over tid (minimum eit halvt år). Målet med treninga (PMTO) er å endre fastlåste og negative samspillmönstre i familien og erstatte desse med nye mønstre som fremmar samarbeid og positiv utvikling hos barnet.

Kvar sakshandsamar på tiltak har over 30 barn dei skal følgje opp, når talet er så høgt så er det utfordrande og av og til umogleg å kunne følgje lovkravet om evaluering av tiltaket kvar 3 mnd.

Leiar ber også om 1.0 årsverk som fosterheimsrettleiar/familierettleiar i omsorgsteamet. Sula kommune har per i dag 3 barn i institusjon og 22 barn i fosterheim (inkl. fire over 18 år). Desse barna og ungdommane har komplekse utfordringar som krev at dei to som per i dag arbeider i omsorgsteamet gir god veiledning både til fosterfamiliane i tillegg til oppfølging biologiske foreldre har krav på. Arbeidsmengda er såpass høg at tilsette ikkje har kapasitet til å vere tett nok på fosterforeldra og barna og må ofte kompensere dette med å auke frikjøpet av fosterforeldre og gjerne i kombinasjon med avlastningstiltak. Dette er svært kostbare tiltak og Sula kommune har i snitt 120000 meir i utgift per fosterbarn per år enn andre kommunar i vårt fylke og i vår kostragruppe.

Frå 01.01.22 vil barnevernsreforma tre i kraft og kommunen vil mellom anna få større ansvar på fosterheimsområdet. Mykje av det arbeidet Bufetat har i dag vil bli lagt over på kommunane og det gjer at Sula kommune må førebu seg både ressursmessig og organisatorisk på denne endringa.

Effektivisering og innsparing

Einingane i oppvekstsektoren har over tid jobba hardt for å kompensere for dei omfattande innstrammingane i drifta som følge av veksten i barnetal. Dei har likevel i 2020 sett på korleis det er mogleg å løyse oppdraget enda meir effektivt og stramme ytterlegare inn drifta. Alle fekk redusert ramma si med 0,5% for 2019 og fekk den redusert ytterlegare med 0,5% for 2020. I budsjettkommentarane (vedlegg) skisserer einingsleiarane korleis ein ytterlegare kan redusere, i den grad det no er mogleg. Ein ser at barnehagane har lukkast med å ta ned utgiftene til ferievikarar og at skulane etter innføring av «Aktiv læring med nettbrett» har tatt ned utgiftene til eingongsbøker og noko kopiering.

Kostra 2019 – oppvekst

KOSTRA kultur og oppvekst 2019							
	Sula 2018	Sula 2019	Giske	Ålesund	Kostragr.10	Møre og Romsdal	Landet u. Oslo
Netto driftsutg. Per innbygger til barnehage	11037	10972	11283	9116	9086	9022	8933
Netto driftsutg. Per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager	152954	161891	152011	163142	157055	169554	163207
Andel barn 1-5 år med barnehageplass	96,90 %	98,40 %	91,40 %	93,30 %	90,80 %	93,70 %	92,40 %
Andel barn 1-2 år med barnehageplass i forhold til innbyggere 1-2 år	95,10 %	94,70 %	82,00 %	86,90 %	81,30 %	87,20 %	84,60 %
Andel kommunale barnehager i forhold til alle barn i barnehage	42,70 %	43,70 %	21,60 %	26,30 %	56,10 %	47,50 %	49,90 %
Netto driftsutg. Til grunnskole (202, 215, 222, 223) per innb. 6-15 år	102928,5	104923,5	120517,6	105116,8	117514,3	123130,5	117307,7
Driftsutg. Til inventar og utstyr (202) per elev i grunnskolen	823	625	580	879	939	985	1017
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning	7,60 %	6,70 %	12,00 %	8,80 %	7,70 %	9,20 %	7,80 %
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1. - 10.årstrinn	13,9	14,6	12,9	12,6	12,8	12,1	12,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-4.årstrinn	13,7	13,1	11,5	11,5	11,9	11,0	11,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 5.-7.årstrinn	12,6	14,6	12,9	12,4	12,8	11,9	12,9
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 8.-10.årstrinn	16,0	17,4	14,9	14,3	14,0	13,8	14,0
Netto driftsutg. Til skolefritidstilbud (215)	6253	4744	3352	3082	3778	4870	4875
Netto driftsutg. (funksjon 244, 251, 252) per barn med bv. tiltak	168704	193784	99856	211551	178893	172961	218131
Andel barn med barnevernstiltak ift. Innbyggere 0-17 år	3,00 %	3,30 %	3,90 %	3,10 %	3,60 %	3,50 %	3,00 %
Stillinger med fagutdanning per 1000 barn	3,3	3,6	3,7	4,4	4,7	4,4	5,2
Årsverk pr. 10000 innbygg. 0-20 år, Helsestasjon	33,8	36,7	20,9	26,8	23	22,4	22,5
Andel nyfødte med hjemmebesøk innen to uker etter hjemkomst	98,20 %	100,00 %	92,90 %	105,30 %	97,30 %	96,40 %	94,10 %
Netto driftsutg. Til forebygging, helsest., skolehelsetj. Pr. innb. 0-20 år	2563	2885	2448	2303	2722	2965	2904
Netto driftsutg. For kultursektoren per innbygger i kroner	1303	1300	1209	1713	2173	2391	2549
Nettor driftsutg. Kultursektoren i prosent av kommunens totale netto driftsutg.	2,20 %	2,20 %	2,00 %	2,90 %	3,50 %	3,60 %	4,10 %

Behov for nye tiltak i drifta i oppvekstsektoren

Opplæringslova vart endra frå august 2018 slik at skulen no har plikt til å sette inn tiltak dersom born vert hengande etter i kjernefaga på 1.-4.trinn. Frå same tid vart det innført lærarnorm i skulen, med innskjerpning frå 2019. I barnehagane vart pedagognorma skjerpa frå 01.08.18. Oppveksten kjem ikkje i reprise. På den eine sida betyr det at dei tiltaka ein sett inn tidleg gir gevinst heile livet og på den andre sida så vil forsømming kunne ha alvorlege konsekvensar, både for den som ikkje får hjelp og for samfunnsøkonomien.

Unicef gav i november 2020 ut ein kommuneanalyse der ein har gjort ei berekning av korleis kommunane legg til rette for barn og unges oppvekst. I den analysa kjem Sula på ein 246.plass når alle kommunane i landet blir rangert. (https://www.unicef.no/sites/default/files/2020-11/Kommuneanalysen%202020_UNICEF_0.pdf)

Når barn lærer sosial dugleik, sjølvregulering, språk og matematikk dei første leveåra, klarer dei seg fagleg og sosialt betre på skulen og vidare i utdanning og arbeidsliv (Agderprosjektet). Dei fleste borna får med seg dette heimanfrå, men for mange står det mykje på spel – og ein barnehageplass og møtet med dagleg dyktige tilsette i dei kommunale tenestene kan vere avgjerande, då basisdugleik kan stimulerast t.d gjennom leik og leikeprega

aktivitet i barnehage og skule og i nokre høve tiltak som krev særskilt kompetanse. For desse borna er det avgjande at det finst tiltak og hjelparar som kan snu ei manglande eller negativ utvikling. Både styrarane og rektorane er uroa over situasjonen på dette feltet og mangelen på nok vaksne til å avhjelpe. Barnehagane ber om å få attende handlingsrommet frå 2011, ved at midlane til styrking vert auka. Barnehagane får tilført styrkingsmidlar, men då etter vedtak knytt til enkeltborn. Rektorane ønskjer fleire tilsette i skulen for å kunne ha tidleg innsats på alle plan.

Ser ein på KOSTRA tala så ser ein at gruppestørrelsen på omlag alle hovudtrinn i skulen aukar, sjølv med innført lærarnorm, dette seier noko om at det no er færre lærarar enn det bør vere. Alle skulane melder behov om å få styrka lærardekninga i skulane sine, i tillegg til at dei fleste ønskjer miljøarbeidarstilling for å kunne avhjelpe dei elevane som treng hjelp utover det faglege. Rådmannen finn plass til det øyremarka tilskotet på 500000 for å avhjelpe dette.

Alle vil tene på at dei yngste får god hjelp raskt, ikkje minst med tanke på den auken helse har i høve unge ressurskrevande brukarar og eldrebølga som er i gang. Handlingsrommet for fleire «smarte grep» er heilt sikkert til stades også i oppvekstsektoren, men all omstilling krev noko ressursar og merksemd. Ein vil også vidare sjå på kor ein kan klare å gjere drifta meir kostnadseffektiv.

Auken i kostnadene til klienttiltak har i fleire år gitt lite handlingsrom for å ta ned mengda av saker på kvar sakshandsamar. Ein ser no at ein ved hjelp av prosjektmidlar og omfordeling av midlar har fått på plass ein del tiltak i TBU som på sikt no kan avhjelpe noko i høve den «tiltaksmangelen» som spesielt barnevern har kjent på. Kostnadane i høve klienttiltak er på veg ned, men for å fortsette denne utviklinga er det avgjande å styrke kapasiteten i det forebyggande arbeidet og lågterskeltiltaka. For å lukkast må vi tillate oss å sjå kostnadene ved dei innmeldte behova i lyset av det meir langsiktige perspektivet. Endra lovkrav og over tid fleire barn og unge i Sula gjer at det er eit auka behov for fleire tilsette i TBU. Rådmannen har funne plass til å auke ramma til eininga med 500000.

Effekten av gode tenester i sektoren er langsiktig, og ligg i at dei universelle tenestene kan gjere ein så god jobb at berre dei færreste treng tiltak på det selekterte og dedikerte nivået. Vidare i at når nokon treng hjelp frå kommunen, får dei rett til hjelp raskt slik at situasjonen faktisk endrar seg til det betre, i staden for å eskalere.

Nøkkeltal for undervisning dokumenterer ei reell innstramming over fleire år. Rektorar som yrkesgruppe er tett på elevane og Sularektorane har hatt ein jobb med å tilpasse auken i undervisningstimar og naudsynt utstyr til kvar elev innanfor ei stadig strammare ramme grunna elevtalsveksten. For å få dette til, er undervisningstimane til klassedeling og gjennomføring av enkeltvedtak redusert betydeleg. Ein ser at situasjonen har betra seg litt dei seinare åra, gjennom tilføring av fleire lærarstillingar, men det er langt att før ein har ein optimal situasjon. Rektorane har tidlegare diskutert at ein ved å få til eit tolærarsystem i alle fall i basisfaga for dei eldste elevane og i alle fag i småskulen så kan ein redusere behovet for spesialundervisning betrakteleg. Ein må heller ikkje gløyme at det i både barnehagane og skulane i Sula er mange med anna morsmål enn norsk som har eit behov for tilrettelagt opplæring. Målet for sektoren må vere at elevar med særlege behov får hjelp av dei som har kompetanse på dette feltet.

Totalt er det frå dei 10 driftseiningane i kultur og oppvekst meldt inn behov for å auke drifta med om lag 14 mill.

Bygg og lokalitetar

Molvær barnehage – 4 avdelingar: Eldre bygg. Oppgradert uteområde. Meldt inn behov for ei generell oppussing av barnehagen og skifte av inngangsdørene som er slitte. Dei melder også om behov for solskjerming og nye disser for dei eldste borna.

Langevåg barnehage – 6 avdelingar: Nybygg, opna hausten 2015. Strøkent inne og ute. Kameraovervaking på kveldstid. Meldt om behov for ein del nye leikeapparat.

Sunde barnehage – 2,5 avdeling: Eldre, litt slitent bygg, toalettforholda er dårlige. Oppgradert uteområde. Denne barnehagen står på « neste steg»- lista med tanke på å få ein kostnadseffektiv struktur på kommunale

barnehagar. Kan ikkje utvide kapasiteten der dei ligg, men det er sett av tomt i arealplanen med tanke på framtidig bygg. Meldt om behov for to nye varmepumper, varmekjelder til grupperom og gang, måling av barnehagen samt skifte av därleg bordkledning. Det er i tillegg meldt om behov for skyvedører på avdelingane, bytte av to ytterdører, nytt leikehus (evt. oppgradere det gamle), oppussing av stellerom, lavtgåande vegghengt stellebord og utskifting av port inn til barnehagen.

Måseide barnehage – 4 avdelingar. Eldre bygg med nytt påbygg. Oppgradert uteområde. Meldt inn behov for to leikehytter på uteområdet, solskjerming og generelt vedlikehald inne med t.d måling av innerveggar.

Solevåg skule – 1-7 skule, 14 klassar. Nytt tilbygg for å møte auka klasstal sto ferdig i 2018. I den gamle delen er det meldt behov for eit kjøkken til personalrommet og ei ombygging av administrasjonsfløya. Det er per i dag gamle og ueigna kontor for administrasjonen. Det er også meldt behov for garderobe til personalet og toalett til 7.trinnet i gamlebygget. Skulen melder også behov for inngjerding av skuleområdet samt info tavle for besökande og skilting.

Måseide skule – Fådelt 1-7 skule, 7 klassar. Eit av dei to eldste skulebygga. Generelt slitent. Gymsalen er liten og kan berre delvis nyttast. Her ser skulen fram til at ny skule står ferdig til hausten 2022, men rektor melder om behov for innkjøp av kontorstolar og bord/benk til utebruk.

Fiskarstrand skule – 1-7 skule, 7 klassar. Gammalt bygg, men fekk ei generell oppgradering etter at Dagmar tok taket i romjula 2011. Gjennomført vedlikehald av brakker og utskifting av kjøkken. Manglar arbeidsplasser og SFO-lokalitetar. Her ventar dei også på at ny skule står ferdig til hausten 2022. Skulen melder behov for diverse utstyr til uteområdet (syklar, bordtennisbord, benker/bord til uteplassen.)

Langevåg skule – 1-7 skule, 26 klassar. Læringsareal vart i 2018 utvida ved å innrei og ta i bruk bygningen etter den vidaregåande skulen. uteområdet er ferdigstilt. Ingen meldte behov.

Sula ungdomsskule – 8-10 skule, 15 klassar. Her vil elevtalet auke med ei ny klasse kvart år i økonomiplanperioda. Nytt skulekjøkken ferdig hausten 2018 slik at ein kan ha to grupper samtidig. Hausten 2019 sto ei oppgradering av «symjebassenget» ferdig slik at kunst og handverk er flytta dit og naturfag og musikk er flytta til den delen der kunst og handverk var tidlegare. Dette gjer at det no er kapasitet til å ta i mot dei store kulla som er på veg over i ungdomsskulen. Uteområdet er nyleg oppgradert og innbyr til aktivitet. Videoovervaking på kveldstid. Meldt om behov nye kontor/grupperom, fleire garderobeskap i stål, solskjerming og steikeomnar/platetoppar til det «gamle» skulekjøkkenet.

TBU (barnevern, PPT og helsestasjon): Lokalisert som før omorganiseringa. Helsestasjon fekk nye lokalar i 2018 og i 2019 har det vore mindre ombygging på PPT for å få plass til nye funksjonar. TBU melder behov for at ein ser på samlokalisering av eininga.

Behov for investering i sektoren

Investeringsbehova i sektoren dei siste åra har vore knytt til tema ein finn att i Skulebruksplanen 2014 – 2018 (K-sak 029/15)

Skulebruksplanen tok for seg dei fysiske rammeføresetnadane for Sulaskulen og ga skuleigar eit grunnlag for å planlegge for framtidig skuledrift. Planen hadde som mål å vise hovudtrekk ved situasjonen ved skulane i Sula og peike på dei største utfordringane vi sto framfor i 4-årsperioden, slik at ein sikrar eit likeverdig og godt skuletilbod til alle elevane. I K-vedtaket vart det vedteke å prioritere spesialrom og auka kapasitet til undervisningsareal ved Sula ungdomsskule og auke kapasitet i undervisningsareal ved Solevåg skule. Dernest greie ut kostnadsmessige konsekvensar av anten å ruste opp dei to skulane på midtre eller erstatte dei med ein ny skule på Rørstadmarka. Vedtak om å starte planlegging av ein ny skule på Rørstadmarka vart fatta med grunnlag i ein rapport om skulane på midtre del av Sula frå Norconsult AS i mars 2017. Arbeidet er no i gang og ein ser for seg at skulen står ferdig hausten 2022.

Det er utover dette ingen vidare vedtekne investeringsplanar i oppvekst. Det er likevel slik at leasingavtalen for iPadar i skulen går ut sommaren 2022 og Pc'ane som lærarane nyttar vart kjøpt inn i 2013. Dette betyr at ein må lage ein plan for evaluering av satsinga på iPad og lage ein plan for utskifting av utstyr både til elevar og lærarar.

Statsbudsjettet 2021 – satsing på barn og unge

Regjeringa signaliserer si satsing på barn og unge i kommunebudsjettet gjennom:

BARNEHAGE – Kvalitet og kompetanse

Regjeringa foreslår å bevilge 430 millionar kroner til tiltak for å fremje kvalitet og kompetanse i barnehagane. Om lag 200 millionar vil gå til den regionale ordninga for kompetanseutvikling. Sula er med i eit regionalt samarbeid med dei andre kommunane på Nordre Sunnmøre og det vil for 2021 mellom anna settast i gang ei satsing på Pfdk (profesjonsfagleg digital kompetanse) for barnehagane.

BARNEHAGE OG SKULE – spesialpedagogikk

Oppfølging av stortingsmeldinga «Tett på» for å styrke kompetanseløftet i spesialpedagogikk og inkluderande praksis. Meir kompetanse ut til den enkelte kommune.

BARNEVERN – ettervern for ungdom

Retten til ettervern blir utvida frå 23 til 25 år og regjeringa foreslår å bevilge 24 millionar kroner til kommunene. For Sula sin del utgjer dette 40000 kroner i 2021.

SKULE – digital undervisning

Regjeringa foreslår å bevilge 80 millionar kroner i 2021 for å utjamne forskjellar mellom kommunane når det gjeld digital heimeundervisning. Sula kommune har heldigvis det meste i orden, men kjem til å søke om støtte til innkjøp av utstyr som ein kan dele ut til elevar som ikkje har internett heime om vi kjem til ein situasjon der skulane må stenge igjen.

SKULE – lærarspesialistar

Regjeringa vil trappe opp satsinga på lærarspesialistordninga og foreslår å bruke om lag 230 millionar kroner på dette i 2021. Dette vil gje rom for å auke antal spesialistar frå 1500 til 2300 frå hausten 2021. Sula kommune har hittil ikkje hatt rom for å utdanne nokon til spesialist då vi har satsa på å få flest mogleg lærarar til å fylle kompetansekravet.

SKULE – mobbing

Arbeidet mot mobbing og for eit godt og inkluderande læringsmiljø har høg prioritet hos regjeringa og den foreslår å bevilge 110 millionar kroner til dette arbeidet i 2021. Sula kommune er i gang med etterutdanning for alle tilsette i skulane og vil vidareføre med etterutdanning i barnehagane etterkvart.

SKULE – nye læreplanar

Innføring av dei nye læreplanane starta hausten 2020. Det er foreslått bevilga 180 millionar kroner til lærermiddel i samband med fagfonyinga i 2021.

SKULE – SFO

Regjeringa foreslår å utvide den eksisterande ordninga med inntektsgradert foreldrebetaling i SFO til også å gjelde 3. og 4.trinn. Sula kommune får tilført 50000 til dette.

SKULE – sårbare born

Det er foreslått bevilga 170 millionar kroner til sårbare barn slik at dei kan ta igjen tapt læring som følge av stenging av skulane våren 2020.

FRITIDSKORT

Regjeringa foreslår å bevilge 120 millionar kroner til å vidareføre og utvide prøveprosjektet med ei nasjonal fritidskortordning for barn i alderen 6 til 18 år i fleire kommunar. I 2020 er 12 kommunar med i prøveprosjektet. Sula søkte, men fekk avslag i 2020 og vil prøve på nytt i 2021.

Budsjettprosessen

Talbudsjett 2021 vert i hovudsak utarbeidd innanfor ramma av 2020 budsjettet, justert for lønsvekst og pensjonskostnadar. Unnataket er barnehagedrift og vedtekne klienttiltak i barnevern, med kjente konsekvensar for 2021. Her er budsjetta utarbeidd ved hjelp av eigne rekneark på samme måte som tidlegare år. Overføringer til private barnehagar har ein liten nedgang, dette på grunn av mellom anna færre born og at det er 2019 budsjettet til dei kommunale barnehagane som ligg til grunn for berekninga av tilskot.

Driftsbudsjettet til Sulaskulen for 2021, vert også lagt innafor 2020 ramma, uavhengig av endra føresetnader (t.d. nye ressurskrevjande elevar og nye klassar i året ein legg budsjettet for.) Administrasjonen matar inn nye nøkkeltal (ved skulestart inneverande år) i elevsjekken. Den endringa som då kjem fram i bunnlinja, syner kva det vil koste å oppretthalde kvaliteten i undervisninga. Med mindre ein får tilført nye midlar i budsjettvedtaket i desember, så må ein «skru» ned utgiftene på papiret til dei, oppsummert, tilsvrarar revidert budsjett for 2020. Elevsjekken fordeler denne innstramminga mellom skulane etter objektive kriterier. Dette er ein lettare operasjon på papiret, enn ute i Sulaskulen, der alle skuleborna i Sula, også dei nye, allereie er. For 2021 ser det ut til at det vil vere Langevåg skule som får den største nedskjæringa samanlikna med 2020 budsjettet.

Nye tiltak som er meldt inn frå einingane, er ikkje lagt inn i budsjetta, men er framstilt i eigne vedlegg og sortert etter om dei er innarbeidd i rådmannen sitt framlegg eller ikkje.

Budsjettframlegg frå rådmannen for Oppvekstsektoren 2021 – 2024

(For fullstendig oversikt over innmelde behov og kva tiltak som er innarbeidd i budsjettframlegget, vert det synt til samla oversikt).

Drift

Ut i frå ei stram prioritering og den krevjande økonomiske situasjonen i Sula kommune, har rådmannen funne rom for følgjande tiltak:

Auke i ramme knytta til lærarstillingar	500 000	1 350 000	1 350 000	1 350 000
Auke i ramme TBU	500 000	500 000	500 000	500 000
Endring inntekter SFO	50 000	50 000	50 000	50 000
Barnevern. Utvida aldersgrense for rett til ettervern	40 000	40 000	40 000	40 000
Innsparing Rørstadmarka skule		-1 750 000	-3 500 000	-3 500 000
Reduksjon av ramme knytta til bortfall av tilskot EMF		-750 000	-750 000	-750 000
Tiltak gjennomført fagfornying		-1 950 000	-1 950 000	-1 950 000
Reduksjon i ramme SFO	-1 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000

- Auke i ramme knytta til lærarstillingar tilsvarar den auken som ligg i rammeoverføringa til kommunen. Denne vil auke frå 2022 og framover.
- Auke i ramme til TBU er fordi ein ser eit stort behov for å styrke eininga, sjå elles kommentarar frå einingsleiar og tidlegare i dokumentet.
- Endring inntekter SFO – dette er knytt til at ein utvider ordninga med redusert foreldrebetaling om SFO kostradane overstig 6% av den samla inntekta til familien. Denne auken i ramma tilsvarar det kommunen får tilført.
- Barnevern. Det er foreslått å auke aldersgrensa for ettervern for unge vaksne frå 23 til 25 år. Auken i ramma tilsvarar det kommunen får tilført.
- Det er lagt inn innsparing knytt til Rørstadmarka skule frå 2022, halvårsverknad. Ein må i løpet av 2021 gjere ei grundigare berekning av dette og kva ein sparar på å slå saman Måseide og Fiskarstrand skular.
- Reduksjon av ramme knytta til bortfall av tilskot EMF. Frå 2022 vil ein ikkje lengre få tilskot knytt til einslege mindreårige flyktningar og ein tek dette ut av ramma til oppvekst.
- I økonomiplanen for 2020-2024 vart det løyvd midlar til læremiddel/læreverk til skulane i 2020 og 2021, det er difor foreslått tatt vekk frå 2022.
- Reduksjon i ramme SFO. Rådmannen vil sjå på mogleheit for å drifta SFO til sjølvkost, altså at det kun skal driftast med foreldrebetaling. Rådmannen vil legge fram eigen sak om dette når ein har gjort nødvendige vurderingar og sett på ulike løysingar.

Investering

Rørstadmarka skule frå 2022. Utskifting av gamle pultar og stolar på Sula u ligg allereie inne i 2021.

Organisasjonsutvikling og kompetanse

Overordna fokusområde

Ikkje flaks eller uflaks, men kunnskapsbasert og systematisk innsats og samarbeid, i og på tvers av einingane skal sikre at Læringsreisa i Sula gir barna ein likeverdig og god start på livet – og eit grunnlag for å fullføre vidaregåande skule, uavhengig av kva skule og klasserom opplæringa foregår i.

Overordna målsetting

Kompetent og hensiktsmessig drift på alle nivå.

Profesjonalitet og romslegheit i alle møte med born/unge og deira føresette.

Kunnskapsbasert fokus på praksis i møtestaden mellom tilsette i kommunen og born/unge i barnehage, skule, SFO og TBU.

Innsatsen i sektoren har tre nivå:

1. Alle barn og føresette (universell innsats skjer kvar dag i helsestasjon, barnehage og skule og med god rettleiing frå PPT)
2. Barn og føresatte med risiko for å utvikle vansker (selektert innsats skjer i tverrfagleg samarbeid, til dømes etter SamBa modellen).
3. Barn og føresatte med behov for særskilte tiltak (indikert innsats skjer etter tverrfagleg samarbeid og enkeltvedtak basert på sakkunnig råd om kva tiltak som skaper endring)

Dei fleste borna klarar seg fint med innsatsen på nivå ein, når den er av god kvalitet. Det er viktig at kommunen har kompetanse til å identifisere dei som har vanskar. Når vansken er oppdaga, er det avgjerande for barnet at kommunen har kapasitet til å bidra til å forandre ein negativ situasjon som hindrar ei god utvikling. Frå august 2018 kom ei ny lov som pålegg lærarane i 1.-4.klasse å gi hjelp til born som sakkar akterut i basisfaga i skulen. Hjelpa skal så langt det er råd gjevast innafor eit inkluderande fellesskap. Med fleire tiltaksstillingar på plass i TBU så har ein no fleire bein å stå på også på nivå to og tre. Det er også ei kvalitetssheving at ein har fått på plass BTI satsinga og at pilotane no snart er i gang. Det at ein får på plass digitale, sikre løysingar som gjer samhandlinga mellom eininger og foreldre/føresette trygg vil gjere at fleire barne og unge kan få rett innsats til rett tid.

Kvalifikasjonar

Den viktigaste ressursen ligg i eit kompetent og kapabelt personale. Både formell kompetanse og at du er eigna og får god rettleiing, er viktig når du skal arbeide med barn si utvikling og læring. Tilsette i barnehagen er nøkkelpersonar i ein god oppvekst. Dei observerer dei minste kvar dag over fleire år. Dei er, i tillegg til foreldra og helsestasjonen, dei nærmeste til å fange opp tidleg om nokon treng hjelp. Det er viktig at dei veit kva dei da skal gjere og har handlingsrom for å gjere dei rette grep. På same måte er den profesjonelle læraren si rolle godt dokumentert; læraren som får gode relasjonar til elevane, som er trygg fagleg og didaktisk, og som er ein god leiari av læringsarbeidet i klassen, får elevar som yt sitt beste og trivst fordi dei meistrar. Dess betre relasjon læraren har til kvar enkelt elev, dess betre vert forholdet mellom elevane – slik bygger den gode læraren godt klassemiljø og demmer opp for mobbing. Dette er kompetanse ein må ta vare på og vidareutvikle.

For å lukkast i arbeidet er godt leiarskap og tid til å utføre denne delen av leiaroppgåva, avgjerande. Ein felles plattform for leiarskap, som og styrarane i private barnehagar har vore aktivt med på å utforme, definerer verdigrunnlaget for leiing, og metoden for systematisk organisasjonsutvikling som skal brukast i einingane for å utvikle ei kunnskapsbasert vaksenrolle i alle fagområda. Eit viktig prinsipp er medskaping i personalet og å sikre at dei tilsette lukkast i sine møter med borna og familiene i sula.

Sjukefråværet i sektoren er varierande, men lite av fråværet er knytt til arbeidsoppgåvene. Ein ser sjølv sagt no i pandemiperioda at ein har høgare sjukefråvær enn elles fordi terskelen for å vere heime med eigen sjukdom og borns sjukdom er og skal vere lågare enn elles.

Vidareutdanning

Kompetansekravet til undervisningsstillingar er endra. Totalt var det 89 lærarar som mangla formell kompetanse etter dei nye kriteria (01.08.15), anten i norsk, matte eller engelsk. (Dette er ikkje unike lærarar, mange manglar den formelle kompetansen i fleire fag.) Per 2020 er det fortsatt 70 av dei under 55 år og 17 av dei over 55 som manglar kompetanse i eit eller fleire fag.

13 lærarar tek vidareutdanning skuleåret 2020/21. 12 av desse i fag som det er kompetansekraav i og 1 tek utdanning i mat og helse. Det er også 5 stk som tek rektorutdanning.

Det er bindingstid i tråd med personalreglementet for dei som får støtte til vidareutdanning.

Etterutdanning

12 lærarar i kommunen deltek på ei etterutdanning i programmering i regi av Sunnmøre regionråd. Programmering er ein sentral del av dei nye læreplanane og det er viktig at lærarane får nødvendig opplæring. Sula kommune fekk også tildelt midlar frå Utdanningsdirektoratet til innkjøp av utstyr til satsinga og det har gjort at vi har fått til mykje.

Kvalitetssikring

Barnehage- og skuleeigar (kommunestyret) skal etter barnehage- og opplæringslova følgje opp kvaliteten og tilstanden i skulane og barnehagane, slik at ein kan sikre kvalifiserte forbetringar. Ressursutvikling, læringsmiljø og læringsutbytte skal målast og følgjast opp. Kommunen har ansvaret for at barnehagane og skulane har tilstrekkelege ressursar og god nok kompetanse til å drive i tråd med lov og forskrifter.

Det er etablert kvalitetssystem for skule og barnehage. Kvalitetssistema skal bidra til å kontrollere kor vidt alle born/elever får tiltak og opplæring som sikrar at dei lærer og utviklar seg i tråd med føresetnadane sine. Frå og med hausten 2019 er det også innført eit digitalt kvalitetssystem i skule og barnehage, 1310.no. Kommunen har tilsynsansvar på to felt. Rådgjevar for barnehage har fått ansvar for å gjennomføre tilsyn etter barnehagelova. Kommunelegen har ansvar for godkjenning etter Forskrift for miljøretta helsevern i barnehage og skule. Tilsynsansvaret inneber å gi råd og rettleiing.

Det er vidare etablert eit heilskapleg system av prosedyrar for å sikre at den enkelte får tilpassa opplæring gjennom heile Læringsreisa og med rett innsatsnivå.

Kvalitetsvurdering

I 2012 innførte kommunestyret eit system for kvalitetsvurdering, der skulane og skuleeigar skal gjennomføre skuleeigaranalyse (utgjekk frå 2018), ståstadts- og organisasjonsanalyse etter ein vedteken frekvens. Ein skal vurdere innsamla data og velje ut utviklingsområde som byggjer på skulebasert vurdering og årlege kvalitetssamtalar med skuleeigarnivå (Styringsdialog). Frå våren 2019 starta ein med ein tilsvaranande dialog i barnehagane. Administrasjonen skal årleg legge fram for politisk nivå ein rapport som omhandlar kvalitetsarbeidet i skulen, Skuleeigarrapporten. Arbeidet med å vurdere kvaliteten er eit felles ansvar for skuleeigar og den enkelte skule, og noko som går føre seg gjennom heile året. Frå og med 2020 er skuleeigarrapporten omarbeidd til ein oppvekstrapport som seier noko om tilstanden til alle einingane i oppvekst.

Kvalitetsutvikling

Kommunestyret handsama hausten 2017 Strategi for kvalitetsutvikling i Kultur og oppvekstsektoren 2017 -21 (K-vedtak 063/17).

Profesjonsutvikling av personalet står sentralt og er i tråd med nasjonale føringer. Den største satsinga i perioden er «Aktiv læring med nettrett» som skal gi elevane betre tilpassa opplæring og rom for djubdelæring, meir tilgjengeleg lærarstøtte – og ikkje minst trekke elevane med i systematisk medverknad og planlegging av den gode læringsøkta og vurdering for læring. I løpet av hausten 2019 har alle fått opplæring i metoden, både elevar og tilsette. Etter opplæringa skal det arbeidast med å utvikle « neste steg » i tråd med nye rammeplanar og læreplanar, der det er eit mål på kvalitet at dei fleste borna kan få utbytte av Læringsreisa si innanfor ramma av det ordinære arbeidet i avdelinga/klassen. Einingsleiarane må også i fortsettinga følgje opp utviklingsarbeidet med personalet i eiga eining og etterspørre den metodikken RIKT underviser i og sette dette arbeidet saman med etterutdanninga Inkluderande skolemiljø og Fagfornyinga som alle skal arbeide med også i 2020. Ein har i 2020 starta eit felles arbeid for alle lærarane i Sula der ein samarbeider om utvikling av lokale læreplaner for å styrke arbeidet med Læringsreisa. Det skal ikkje vere skilnad på innhaldet i undervisninga som blir gitt i kommunen. Metodefreiheit for den enkelte lærar skal sjølvsgart fortsatt vere der, men alle skal ha fått opplæring i dei same temaene. Det er også viktig at ein tek med seg det som vart arbeidd med i Vurdering for læring satsinga som alle skulane deltok i for nokre år sidan. Inkluderande skolemiljø er ei etterutdanning alle skulane i Sula er med på.

I barnehagane har ein denne hausten avslutta satsinga «To Fram» som har vore eit utviklingsarbeid for å implementere rammeplanen i barnehagen. Det har vore gjort mykje godt og spanande arbeid i satsinga og ein må no bruke tid framover på å få satt i system og implementert alle nye rutiner.

TBU har eit utviklingsarbeid dei kallar «Forebygge meir for å reparere mindre», her har ein ulike arbeidsgrupper som arbeider med ulike problemstillingar.

Alle leiargruppene i skulane er med på eit leiarutviklingsprogram knytt opp mot Fagfornyinga og det som vert spennande i 2021 og framover er korleis fagfornyinga vil endre arbeidet i barnehage, skule og TBU i Sula?

Leiarutviklingsprogrammet er eit felles utviklingsarbeid for alle skulane på Nordre Sunnmøre og ein del av Dekomp ordninga.

Generelt for alt utviklingsarbeid i 2020 er at mykje har gått «trått» på grunn av koronapandemien. Men, alle tilsette i kultur og oppvekst i Sula kommune har på tross av nedstenging og mange hinder vore positive og fått til mykje allikevel.

Særskilt om Kultur

Visjon

«Sula skal vere den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen med aktive innbyggjarar som opplever samkjensle og identitet.»

Visjon for kultureininga

Kultur for alle!

Mål for kultureininga

Forankring i lokalt planarbeid:

Strategi for kvalitetsutvikling i arbeidet med barn og unge, Kultur- og oppvekstsektoren 2017 – 2021, Kulturplan for Sula kommune 2017 – 2021, Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet 2010 - 2013 (under revidering), Pedagogisk plattform for Sula Kulturskule

Kultureininga skal legge til rette for kultur ved å stimulere til aktivitetar og opplevingar, gi økonomisk støtte, samarbeid og rettleiing. Kulturområdet skal bidra med kunnskap, kompetanse og kreativitet. Hovudmålgruppa er barn og unge.

Kulturadministrasjonen sitt arbeid er retta mot kulturutvikling, friluftsliv, idrett, kulturminnevern og kulturarv, gjennom eit aktivt samarbeid med andre kommunale instansar og frivillig og profesjonelt kulturliv.

Fritidsklubben skal vere ein trygg møteplass der ungdom utviklar gode haldningar og sosial dugleik, tar ansvar og deltar i aktivitetar.

Ungdomsarbeidet skal vere med å skape trygge og gode oppvekstmiljø, vere synlege i ungdomsmiljøet, arbeide førebyggande, gi opplevingar, motivere, vere vaksenkontaktar og søkje å oppsøke utsett ungdom.

Biblioteket si overordna målsetting står i §1 i «Lov om folkebibliotek»:

«Folkebiblioteket skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning og annen kulturell virksomhet gjennom aktiv formidling og ved å stille bøker og andre medier gratis til disposisjon for alle som bor i landet.

Folkebibliotekene skal være en uavhengig møteplass og arena for offentlig samtale og debatt. Det enkelte bibliotek skal i sine tilbod til barn og vaksne legge vekt på kvalitet, allsidighet og aktualitet.»

Sula Kulturskule skal vere eit opplærings- og kreativitetsforum der barn og unge kan utvikle sine skapande evner, og få kjennskap til ulike kunstformer og kulturuttrykk. Skulen skal vere eit kompetancesenter som skal yte teneste til skule, barnehagar, lag og organisasjoner, t.d aspirantopplæringa.

Ressursar

Faste årsverk pr. august 2019	Årsverk.	Endringar frå 2018-budsjettet (pr 31.12.18)
Kulturleiar	1	
Kulturskulen	4,89	
Bibliotek m/filial	2,35	
Fritidsklubb	0,87	0,67

Utekontakt	1	
Koordinator for ungdomsråd	0,1	
Sum fast tilsette	10,21	10,01

Kommentar til stillingsplanen

Kultureininga ber om å få styrka kulturskulen med ei 70 % stilling som kan drive kulturkarusell for alle 3.klasser i Sula kommune. Dei ønskjer også å auke ressursen til kulturskulerektor med 20%, frå 60% til 80% stilling, med tanke på antall tilsette og aktivitet i kulturskulen er ressursen til administrativ leiing låg. Sula kommune er ei av få samanliknbare kommuner som har så liten ressurs til kulturskulerektor. Det er også eit ønskje om å få auke med 10% stilling i kulturskulen for å kunne vidareføre tilbodet «Elektronisk musikk».

Kvalitetsutviklingsarbeid

Digitalisering/undervisningsteknologi

Det er eit pågående arbeid med revisjon av strategiplan for digital kompetanse i kultur- og oppvekstsektoren, og kultureininga er godt i gang med arbeidet. Kultur sin målsetting er å styrke kultureininga sitt digitale arbeid, det faglege samarbeidet med oppvekst og ikkje minst sikre brukarvennleg tenesteyting.

Biblioteket tilbyr to digitaliserte utlånstenester og har ein digital lesekonkurranse kvart år. Det er planlagt innkjøp av nettbrett for publikum i tillegg til publikums-pcane. Biblioteket har etter kvart fått på plass ein utlånsautomat som med ein del investering i digitale løysingar kan gjøre biblioteket meirope for publikum, altså at publikum kan besøke biblioteket når det elles ikkje er bemanna.

Nedlegging av filialen i Mauseidvåg har ført til at ein har samla personalressursen i Langevåg og dette har vore positivt for tenesteytinga til biblioteket.

Sula kommune er ei foregangskommune ved at elevane som går i kulturskulen får nytte sine «skule-iPadar» i undervisninga ved kulturskulen. I vår då alt var nedstengt gjennomførte kulturskulen også digital undervisning i sine tilbod. Tilboden «elektronisk musikk» legg stor vekt på bruk av iPad.

Det almene kulturområdet nyttar digitale søknadsskjema.

Kultur i lag med folkehelsekoordinator har i 2020 hatt fokus på arbeidet med likeverdig deltaking for barn og unge. Her har det vore gjort mykje godt arbeid og ein har mellom anna fått til at Sula kommune tilslutta seg Fritidserklæringa. Ein sökte om å få vere med som pilot i satsinga på Fritidskort som er ei ordning for alle barn og unge mellom 6 og 18 år. Her fekk kommunen avslag, men vil prøve på nytt i 2021. Det har også vore sökt på andre tilskot og ein fekk tilslag på 100000 frå idrettskretsen til det som vert kalla «Kontantkassa», i lag med Aktivitetstilskotet har Sula kommune no 200000 som ein kvart år kan dele ut for å gje tilskot til lag og organisasjonar slik at alle barn og unge kan få vere med på i alle fall ein fritidsaktivitet.

Friskus er ei nettside der lag og organisasjonar i lag med Sula kommune kan legge ut alle arrangement som til ein kvar tid skal vere i kommunen, her har kultur vore ein pådriver. Her blir alle lag og organisasjonar i Sula kommune oppmoda om å legge inn kontaktopplysningar slik at innbyggjarane i kommunen lett kan finne informasjon.

Effektiviseringa i drifta

Kultur har i utgangspunktet eit lite budsjett og utgjer ein stadig mindre del av kommunens totale netto driftsutgifter. Det vil vere ei fortløpende vurdering om ein skal gjøre biblioteket «meirope», noko som vil kreve ein del investeringar. Førebels legg ein berre opp til å ta i bruk ein utlånsautomat for publikum.

For Kulturskulen er målet å auke inntektene gjennom storgruppeundervisning.

Behov for nye tiltak og investeringar.

Kostra-tala viser at netto driftsutgifter til kultur går ned i Sula kommune, det er nedgang frå år til år. Netto driftsutgifter til kultursektoren er 2,2% av kommunen sine netto driftsutgifter. Dette er svært lågt, Fylket har 3,6% og Kostragruppera vår har 3,4%. Nabokommunane Sykkylven og Ulstein har hhv. 3,4% og 5,5%. Gode og forutsigbare rammevilkår er kanskje det viktigaste for alle som arbeider med barn og unge, både i det offentlege og i det private. Kommuneplanen sin samfunnsdel (2010 – 2020), slår fast at det skal leggast til rette for gode rammevilkår for dei ulike kulturuttrykka. Gode møtearenaer, opplevelingar og sunne aktivitetstilbod for barn og

unge er viktig som førebyggande (folkehelse-) tiltak i lokalsamfunnet. Kulturplanen for 2017 – 2021 peikar på viktige innsatsområde og tiltak for å nå måla.

Kultur ber om følgjande tiltak (kostnad i budsjettkommentar frå einingseiar) for 2021:

1. Kulturkarusell til alle 3.klassingar på Sula – 70% stilling.
2. Utviding av rektor sin adm.ressurs med 20% i Kulturskulen
3. Vidareføring av tilbodet elektronisk musikk

Oppsummerande kommentar til budsjett for Kultur- og oppvekstsektoren 2021-budsjettet

KO er den største sektoren i kommunen, med 10 driftseiningar og mange ulike oppgåver inn mot over 2000 barn og unge, og familien deira. I alle barnehagane og skulane er det born med utfordringar av ulike slag. Dersom ein kan møte behova deira tidleg, er mykje vunne.

Veksten i aldersgruppa 0-15 år har sprengt alle prognosene og utfordra både tenesteproduksjon og strategisk planlegging. 12 nye skuleklassar og 7 nye barnehageavdelingar. Dei store kulla beveger seg oppover i grunnskulen, og nye bustadprosjekt berekna for barnefamiliar, er vedtekne i alle krinsane. Alle skulane ser fram til at Rørstadmarka skule står klar til innflytting – slik at driftsbudsjettet for skulane kan nyttast på ein betre og meir berekraftig måte, enn det som er mogleg med to einparallelsskular.

Dersom Sula i framtida får behov for å auke kapasiteten i barnehagane igjen, vil det vere gunstig for økonomien totalt å prioritere å utvide Sunde barnehage til ein fireavdelings-barnehage. Det inneber å bygge nytt, men med den finansieringsordninga som gjeld no, løner det seg for kommunen å ha effektiv drift og kapasitet i dei kommunale barnehagane.

TBU, som i stor grad arbeider inne i alle barnehagane og skulane, har godt merka konsekvensane av veksten. Saman med lovendringar som set større krav til tenesteutøving og pålegg alle dei tre fagområda nye oppgåver, har veksten auka etterspurnaden og presset. Det er behov for ei avklaring om kva standard ein god oppvekst i Sula skal ha. Dei tilsette har høge ambisjonar, vilje og kompetanse, i fleire samanhengar høgare enn rammene tillet. Dei veit at om dei får høve til å dreie fokus over på førebygging, parallelt med å handtere dei pågående oppgåvene, er det god samfunnsøkonomi med relativt låg økonomisk innsats.

Det tek tid før ein kan hauste gevinsten i kommuneøkonomien, men for den enkelte innbyggjar kjem uttellinga raskt.



4. Helse og sosial

Gapet mellom sentralt uttrykte forventingar om tenester og ressursane kommunen har til å møte desse, er aukande. Innbyggerane får stadig nye lovfesta rettar, t.d. utvida rett til brukarstyrt assistanse (BPA) som no er til høyring. Nye statlege reformer gir kommunane nye oppgåver. Effektar av samhandlingsreforma, nye behandlingsformer og effektivisering ved sjukehusa drar i same retning. Fastlegeordninga er under sterkt press. Dei nye oppgåvene er ofte ikkje fullfinansiert.

KS legg til grunn at slike oppgåveendringar skal fullfinansierast og går langt i å antyde at rammene ikkje dekker demografikostnader og oppgåvevekst. Seinast i statsbudsjettet for 2021 er den statlege toppfinansieringsordninga underregulert, for 6. året på rad. Kostnaden pr. brukar aukar med dette med kr 46.000 pr. år. For Sula kommune utgjer det om lag kr 700.000 i auka kostnader i 2021 og seinare år, dersom det vert vedtatt av Stortinget.

Resultatet blir krevjande omstillingsprosessar og hardare prioriteringar. Dette gjer det vanskeleg å drive omstillingsarbeid og finne rom for å prioritere førebyggande arbeid og auke bruken av velferdsteknologi, som i primærhelsemeldinga ([St.m 26, 2014/2015](#)) er peika på som viktige satsingsområde for å møte den demografiske utfordringa med ei stadig aldrande befolkning.

Helse og sosial kort fortalt

- Berekna utgiftsbehov er høgre enn landet og utgiftsbehovet er sterkt veksande komande tiår – demografiutfordring, eldrebølgje
- Effektiv drift – lågare driftskostnader enn landet og kommunegruppa
- Stor etterspurnad etter tenester – større enn ein har klart å finansiere siste åra
- Ressurs- og kompetanseutfordring – oppgåveoverføring frå spesialisthelsetenesta
- Sterk vekst i ressurskrevjande tenester
- Stort meirforbruk i 2020
- Få plassar for heildøgns omsorg (HDO) og lite funksjonelle bygg – stort behov for investeringar
- Kontinuerlige omstillingar, strukturforbetringar er igangsett.

Visjon:

«Mestring og tryggleik for alle»

Tanken bak visjonen er at mestring er viktig i kvardagen for alle, frå dei største oppgåvene i livet til dei kvardagslege. Mestring er eit sentralt omgrep i alt rehabiliteringsarbeid. Opplevd mestring er ein føresetnad for tryggleik. Uhelse, funksjonstap og sosiale utfordringar trugar mestrings- og tryggleikskjensla til den enkelte, og det er i førebygginga, behandlinga, (re)habiliteringa og omsorga knytt til desse utfordringane at sektoren sine kjerneoppgåver ligg.

Lovgrunnlag:

Det meste av verksemda innanfor sektoren er regulert av ulike lover med ei lang rekke av forskrifter, rundskriv og retningslinjer. Vi går i retning mot eit "rettighetssamfunn" der lovverket gir tenestemottakarane rettigheter som kommunen er pliktig til å yte.


Kommunane blei ved den nye helse- og omsorgsteneste-lova pålagt eit «sørge-for-ansvar» som ofte ikkje er nærrare konkretisert enn at tenestene skal vere forsvarlege. Kor den grensa går blir ofte definert av Fylkesmannen gjennom avgjerder i klagesaker og/eller av ulike spesialistenester som ofte sender «bestillingar» til kommunane.

Dei viktigaste særlovene er (ikkje uttømmande liste):

- Helse- og omsorgstenestelova
- Lov om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetslova)
- Lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltningen (sosialtenestelova)
- Lov om introduksjonsordning og norskopplæring for nykomne innvandrarar
- Psykisk helsevernlova
- Helsepersonellova

Organisering:

Sektoren er organisert i 6 driftseininger. Einingane varierer i storleik og kompleksitet. Einingsleiar har ansvar for fag, økonomi og personell og for løpende drift og utvikling.



Ressursar:

Stillingar

Tenesteområdet helse og sosial disponerer no 256,06 godkjente årsverk, før vedtak for 2021.

STILLINGAR HELSE OG SOSIAL	2021	2020
SUM	255,01	257,23
Helse- og sosialadministrasjonen	1	1
Helseavdelinga *	14,79	14,52
NAV - sosial	7	7
Sulatunet **	50,3	51,1
Heimetenesta ***	62,56	61
Butenesta ****	74,21	77,46
Bukollektiva	45,15	45,15

* 20% st for kommuneoverlege er auka + justering off legearbeid

** 80% stilling for konsulent velferdsteknologi overført IKT

*** Auke HBO skuldast styrking budsjettvedtaaket for 2020

**** Vi kjøper tenester mellombels av Ecura til ein brukar. Lønnsmidlane går til tenestekjøp

Det må nemnast at Bu- og aktivitetstenesta (BUA) har mange tiltak/stillingar i drift som ikkje er finansierte. Dette er lovpålagde tenester til ressurskrevjande brukarar som det vart bede om midlar til i budsjettet for 2020 utan at det vart løyvd midlar. Eininga må yte tenester likevel. Behovet har auka ytterlegare utan at det er funne dekning for alle behova. Meir om dette seinare.

Kompetanse

Tendensen siste åra med aukande spesialisering av oppgåver på primærhelsetenestenivå, fører til auka behov for internopplæring. Samhandlingsreforma og den teknologiske utviklinga har ført til oppgåveforskyvingar som ytterlegare har auka behovet for spesialisering på kommunenivå. Det er aukande behov for personell med formell vidareutdanning innan basisfaga. Viljen og interessa til å skaffe seg etter og vidareutdanning er god, og vi har god nytte av ordninga med Kompetanseløftet 2020. Sula nyttar seg av hospitering i helseføretaka eller i andre kommunar med spesialisert kompetanse når ein treng auka kompetanse i høve prosjekt vi driv eller i høve spesielle pasientforløp.

Vi har ein god kompetanseplan, som gir oss oversikt over kompetansebehov i organisasjonen. Denne danner grunnlaget for planlegging, prioritering og tildeling av statleg øyremerkte opplæringsmidlar tildelt via Fylkesmannen (Kompetanseløftet 2020).

Vi har som mål å heile tida ha i gong nokre felles hovudsatsingsområde for utvikling og kompetanseheving. Vi erfarer at slike spesialiserte satsingar også gir eit generelt kvalitets- og kompetanseløft for tenestene. Dette er ein medviten strategi. Døme på slike satsingar er:

- ✓ Etisk refleksjon, vi har til ei kvar tid fleire refleksjonsgrupper i sving i dei ulike einingane. Målet for 2021 er å i større grad gjere dette til eit leiarverktøy for fagleg kompetanseheving og bygging av gode helse- og omsorgskulturar. I tillegg skal vi bruke etisk refleksjon i fleire større utviklingsprosjekt i sektoren.
 - ✓ Leiarutviklingsprogram for alle einingsleiarar og avd.leiarar, i nært samarbeid og med støtte frå NAV. Programmet blir vidareført i 2021, og målet er å styrke den positive trenden i sjukefråver og legge til rette for tenester med god fagleg og etisk standard.
 - ✓ Lindrande behandling – omsorg ved livets slutt. Prosjektet er støtta av Helsedirektoratet og Fylkesmannen, og omfattar fleire av omsorgseiningane i kommunen. Vi fekk tildelt midlar til nytt prosjekt innan palliasjon i 2014, som er vidareført i 2015, 2016 og 2017. Sula er vert for eit samarbeidsprosjekt som involverer alle kommunane i fylket og helseføretaket. Prosjektet har ~~-namnet~~ Palliativ plan i Møre og Romsdal.
- Velferdsteknologi vert ei ny stor satsing for oss, som heng heilskapleg saman med mange av prosjekta over. Satsing på teknologi skal hjelpe oss å betre nå målet i visjonen vår om «mestring og tryggleik for alle».

Denne typen satsingar er vanskeleg for oss å prioritere innanfor dei rammene vi rår over, både når det gjeld tid og ressursar. Vi har difor lagt mykje arbeid i å utvikle prosjekt som også vert oppfatta som interessante utover kommunen, og som slik har fått støtte gjennom eksterne midlar. I tabellen under er nokre av fellessatsingane våre lista opp:



Prosjektet Palliativ plan i Møre og Romsdal, som vert leia frå Sula, fekk Fylkesmannen sin omsorgspris i 2018.

Felles utv.prosjekt	Støttespelar	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Leiarutvikling HS	NAV	42'						Fv*
Etikksatsing	Fylkesmannen	0		150'				Fv*
Palliativ plan i M & R (tidlegare lindrande behandling)	Helsedirektoratet	500'	400'	1 400'	1 200'	400'	0	Fv*
Aktivisering einsame eldre	Fylkesmannen						530'	Fv*
Velferdsteknologi	Fylkesmannen			200'	150'			Fv*

*Forventa videreføring

Vi har også medvite satsa på å tilsette kompetanse og funksjonar som er viktig på tvers av sektoren (og utanfor), gjennom å søkje støtteordningar som har gjort det mogleg for oss å prioritere dette. Vidare har vi lagt mykje arbeid i å nytte oss av støtteordningar for å legge til rette for vidareutdanning av eigne tilsette. Døme på denne typen støtteordningar er lista opp under (*Forventa videreføring):

Støtteordning/funksjon	Støttespelar	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunepsykolog	Helsedirektoratet	510'	400'	400'	400'	IR**	IR**	
Kreftkoordinator	Kreftforeningen	180'	140'	75'	25'	0	0	FV*
Ruskonsulent	Fylkesmannen	550'	550'	550'	550'	0		Fv*
God Helse-partnarskap/folkehelsekoordinator	M&R fylke	125'	125'	125'	125'	125	125'	Fv*
Kompetanseløftet 2015	Fylkesmannen	101'	249'	238'	237'	180	120	Fv*

*Forventa videreføring, med eller utan tilskot **Inkludert i rammetilskot


Det er viktig å understreke at vi ikkje jaktar ekstern finansiering for finansieringa si eiga skuld; det ligg ein gjennomtenkt strategi bak satsingane, forankra i planverk og tenestene sine uttrykte behov.

HMT:


Det meldast om høgt tempo i alle einingane. Vi ser som vanleg svingingar i fråveret.

Fråveret i sektoren steig vinteren 2018 og har samla halde seg høgre enn siste åra. Samla fråvær i 2019 vart 11,2% og til no i 2020 er det 11,0%.

Samla fråvær i sektoren er høgt. Fråværet ligg no om lag på gjennomsnittet for norske kommunar for sektoren helse/pleie/omsorg. Gjennomsnittet for sektoren har vore ca. 11% siste 10 år (Kjelde: KS/PAI-registeret)



Sjukefråver HS pr eining 2017 - 2019



Som vanleg ser vi større svingingar mellom einingane og over tid.

Det er butenesta som har dei minst tenlege bygga og dei største arbeidsmiljøutfordringane no. Det har blitt tatt grep for å trygge arbeidsmiljøet rundt brukarar med krevjande åferd. Auka bemanning og konkrete tiltak har betra arbeidstilhøva og auka tryggleiken til dei tilsette, men mange tilsette har framleis krevjande arbeidskvardagar med eit fysisk arbeidsmiljø som ikkje er godt nok. Ulike strakstiltak vert sett i verk, men på sikt er løysinga betre tilpassa bustadar. Prosjektering av nye bustadar i Jetmundgarden er starta opp og strategi for endra bustadstruktur i resten av eininga er i arbeid.

Kontorsituasjonen på Sulatunet har vore prekær. Ombyggingsarbeida på Sulatunet er no fullført og fleire og nyoppussa kontor kjem på plass i dei gamle lokala til HBO. Dette har muleggjort rokkingen av tilsette slik at arbeidssituasjonen blir betre for den einskilde og arbeidsflyten meir rasjonell. Samstundes vart fellesareala for bebuarar og pårørande utvida og ikkje minst skjerma kantine for dei tilsette.


Gjengangar i vernerunderrapportane er uro knytt til for stor arbeidsmengd og tempo, særleg i heimetenestene, men alle einingane har stor arbeidsbelastning. Det blir meldt om uro knytt til sterkare vekst i oppgåver enn i ressursauke.

IKT/VFT:

Einingane er heilt avhengige av ei stabil og god IKT-drift for å kunne yte kvalitetstenester på ein forsvarleg og rasjonell måte. 24/7 programma må ha prioritet på oppetid og funksjonalitet. Oppetid og vel fungerande IT-system blir enno viktigare i åra som kjem etter kvart som vi tar i bruk meir velferdsteknologi.

Innføring av «meldingsløftet» har vore ei stor satsing. Meldingsløftet er ei sikker kommunikasjonsplattform for utveksling av sensitiv pasientinformasjon mellom kommunen og spesialisthelsetenesta og internt i kommunen. Systemet vert stadig utvida og vert breidda ut til å omfatte nye meldingstypar og nye einingar vert kopla på. Trafikken er stor, 02.11.20 gikk det 2.892.689 e-meldingar over helsenettet. Det går no over 200 million helsemeldingar årleg over helsenettet.. Derav om lag 9 million e-resept-meldingar kvar månad, ca. 350.000 dialogmeldingar og om lag 150.000 pleie- og omsorgsmeldingar.

Datatafikken går over nasjonalt HelseNett. Tryggleikskrava er svært strenge og kommunen må dokumentere at ein stettar dei nasjonale krava i «Normen».




Når Helseplattformen vert innført vil det systemet gjere behovet for e-meldingar mindre ved at dei aller fleste helsearbeidarane i regionen dokumenterer i det same systemet. E-meldingar må uansett nyttast for kommunikasjon med helsetenesta i andre helseregionar.

Hausten 2015 vart heimetenesta utstyrt med mobile terminalar. Erfaringane er dei aller beste. Tida er moden for å bygge ut systemet vidare og det er behov for oppgraderingar. I løpet av hausten er utsiftinga av dei analoge tryggleiksalarmane fullført. Nær 150 digitale tryggleiksalarmar er programmert, klargjort og utplassert. Desse kommuniserar via GSM-nettet og vi er soleis ikkje avhengig av fasttelefoni via koparnettet til Telenor som snart vert avvikla.

Komande år skal modul for eLås i fagsystemet Gerica og medisindispensarar takast i bruk. Formålet med eLås er å minimere tida dei tilsette bruker på nøkkelausting, og minimere risikoen for at nøklar kjem på avvege. Fordelar for dei tilsette er at dei alltid har «rett nøkkel» med seg, sjølv om ein får ekstraoppdrag underveis.

Tilgangsstyring via fagprogrammet og loggføring gir ekstra tryggleik. eLås monterast enkelt utanpå eksisterande låskasse. Meir info om eLås:

<https://tv.nrk.no/serie/dagsrevyen-21/NNFA21060115/01-06-2015#t=12m26s>



Heimetenestene kan nyte same plattforma for VFT i resten av tenestene. Sula kommune har nytta opsjon for rett til å bruke same plattform (Sensio Unity) for VFT i omsorgsboligar og i private heimar og vi har vore med på ein felles innkjøp. Det betyr at det meste av VFT i Sula kommune vil kommunisere på same plattforma.

Innkjøpskommunane vurderer om ein skal gå vidare på denne kontrakten, eller om det skal gjerast ein ny anskaffelse.

Bygningar:

Bygga vi har til rådvelde er på det jamne av god teknisk kvalitet, men nokre einingar opplever reell plassmangel og nokre av bygga er lite tenlege og ikkje tilpassa brukarane eller dei tilsette sine behov, jf. tenesteanalyse frå Agenda Kaupang 2018.

Behovet for å samle fleire helse- og omsorgsfunksjonar i eit «Helsehus» er stort. Samling av helse- og omsorgsfunksjonar og TBU og gjerne også eksterne helse- og sosialfaglege funksjonar, som NAV, apotek mfl., vil skape eit fagleg og kompetent senter for primærhelsetenester og tidleg og byggande innsats. Korttidsavdelinga ved Sulatunet er lite eigna for dei å løyse dei oppgåvane som blir utført ved avdelinga i dag. Tidlege utskrivingar frå sjukhusa med stadig meir krevjande etterbehandling, stiller heilt andre krav til ei slik avdeling enn det korttidsavdelinga vart planlagd for over 20 år sidan. Fagleg samlokalisering i helsehus vil vere eit viktig fagleg og rasjonelt tiltak for å møte utfordringane kommunen får i framtida, uavhengig av kommunestruktur. Det er ikkje avsett investeringsmidlar til helsehus eller ny korttidsavdeling i økonomiplanen.

For å løyse på nokre av dei akutte plassproblema, kjøpte kommunen 1. og 2. et i Stadsnesvegen 9. Med dette grepet, kjøpte kommunen seg noko tid. Heile 1. et vart i 2018 tatt i bruk til helsestasjon og heimetenester som med det fikk tilfredstillande lokale. Men det vart ikkje rom for å samlokalisere heimetenestene i ein felles base, slik ein har tenkt og som òg vart peika på i tenesteanalysen frå Agenda Kaupang.

Helseavdelinga har fått løyst sine plassproblem ved at 2. et som no blir disponert av helseavdelinga åleine. Lokala er bygde om og pussa opp. Ny fastlege er tilsett og vi har rom til endå ein. Legekontoret er no moderne og tenleg for tilsette og ikkje minst for pasientane som m.a. har fått nye venterom. Korona-pandemien har likevel avdekt store manglar. Det er t.d. nærmast uråd å drive eit effektivt smittevern utan høve til å kunne dele drifta i ein luftvegsklinikks skilt frå den ordinære drifta. Risiko for smitte mellom pasientar og mellom pasientar og personale er for høg. Faren for at tenesta vert slått ut for ein periode er stor, jf hendinga i Giske kommune i mars 2020.

NAV har framleis for lite plass. Der var 9 årsverk i 2009 og dei er 17 faste årsverk no. Mobile løysingar og strakstiltak har hjelpt noko, men situasjonen er uhaldbar i lengda og nye lokale bør derfor vurderast.

Sulatunet er pussa opp. Fleire nye kontor, skjerma kantine og større samlingsplass for pasientar og pårørande er på plass og vil løyse mange flokar i drifta.

Storkjøkkenet ved Sulatunet er sprengt på kapasitet og plass og behovet for vedlikehald etter over 22 års intensiv drift, er påtrengande. Kjøkkenet har ikkje kapasitet til å produsere meir med dagens rammer. Det hastar med å få planlagt nytt storkjøkken i kommunen.

Bygningsmassen i Bu- og aktivitetstenesta er därleg tilpassa brukarane og lite eigna for effektiv og trygg tenesteyting. Ueigna bygg gir därlegare tenestekvalitet og aukar faren for unødig bruk av tvang. Dette vart godt skildra i tenesteanalysen til Agenda Kaupang.

Viktige grep vert no tatt. Bygging av nye bustadar til personar med store utfordringar startar tidleg neste år. Kommunestyret har vidare reservert tomta til tidlegare Langevåg barneskule til nye bustadar for menneske med funksjonshemmning. Gamleskulen blir riven med det første og tomta klargjort for nye formål.



Meir detaljar om behov for omsorgsbygg kan lesast i helse- og omsorgsplanen og i budsjettframlegga frå einingsleiarane.

Kvalitet:

Det vart ikkje gjennomført brukarundersøkingar i 2020, men det er planlagt til neste år.

Det er relativt få som formelt klagar på tenestevedtak eller utøvinga av tenestene. Det er likevel aukande tilbakemeldingar på at tenestetildelingane er for knappe, spesielt for heimetenestene og avlastingstenestene. Behova vert vurdert som reelle og dei overstig tildelte rammer i budsjettet.

Rammer:

Sektoren har siste 2 åra gjennomført rammekutt på 1,1 million pr. år, jf K-sak 103/18. Ramma i økonomiplanen vert vidareført med mindre endringar. Ramma vert korrigert for forventa lønnsoppgjer, men ikkje for andre driftsutgifter. Dette er problematisk for einingar som kjøper tenester som andre leverer, f.eks. helsesamarbeida. Ålesund kommune vil prisregulere sin leveranse. 2,5% prisstigning betyr t.d. i so fall eit kutt på kr 150.000 for helseavdelinga.

Det må òg nemnast at drifta i 2019 og 2020 har lagt over denne ramma. Hovudårsaken er at det blir ytt lovpålagde tenester i BUA til BPA som det ikkje vart lagt inn finansiering for, dette gjeld begge åra. Einingane kan ikkje nekte å yte tenester og omstilling treng tid.

Fagutvalet bad kommunestyret avklare om rammene skulle justerast ytterlegare ned, jf. HS-sakene 011/19 og 020/19. Liknande har vorte rapportert i 2020. Slike avklaringar har ikkje blitt gitt og fagutvalet har tolka det som eit signal om å gjøre det beste ut av situasjonen utan å sette i verk nye kutt. Sektoren styrer mot eit rekordstort meirforbruk i 2020. Utan tiltak vil underfinansieringa akkumulere til nærmare 20 million kroner i 2021.

Einingane i helse- og sosialsektoren ber på ny om finansiering til desse tiltaka samt nye tiltak. I alt blir det bedt om over kr 30 million til nye driftstiltak neste år, over 20 million til ressurskrevjande brukarar i BUA. Rådmannen har funne rom for å styrke ramma til helse- og sosial med om lag kr 4,2 million for å møte nokre av desse tiltaka, jf. tabell under. Dette vil ikkje monne nok og ein ser at det er nye lovpålagde tiltak som er i gang som manglar finansiering.

Følgande aktivitetsauke er med i rådmannen sitt framlegg:

Drift:

- Generell ramme styrking til fordeling av fagutvalet, kr 4.200.000
- Tilskot til fastleggar. Heilårseffekt av endring i 2020 (handlingsplan for styrking av fastlegeordninga)
- 20% stilling for kommuneoverlege (koronatiltak)

Drifta kan vidareførast på dagens nivå, men det er mange melde behov som ikkje vert møtt.

Investering:

- Bilar HBO, 3 stk. utskifting etter plan
- Bilar BUA, Lastebilen med lift (hjelphemiddel) og Peugeot Partner

Som vanleg er lista over melde tiltak lang, jf. eiga liste bak i heftet. Også i 2021 er det tiltak til yngre personar som krev prioritet, auka behov i butenesta pga. personar med psykisk utviklingshemming som krev meir tenester pga. krevjande åtferd. Det er desse brukargruppene som står for veksten i helse- og sosial sitt budsjett komande

år også.

Konsekvensen blir at viktige tiltak i dei andre einingane ikkje kan prioriterast og blir «sett på vent». Så «tunge tiltak» på så unge personar, fører til at stadig større ressursar blir låst opp i mange tiår framover. Nye brukarar er på veg inn i tenestene og når regjeringa for sjette år på rad aukar den kommunale eigenandelen med kr 46.000 pr. person utover prisstigninga, betyr dette rammekutt på kr 700.000 for Sula kommune.

KOSTRA-tala syner at kommunen bruker lite på dei ulike deltenestene samanlikna med andre.

Utvalgte KOSTRA-nøkkeltall, kommunar - nivå 1 (konserntal, justert for utgiftsbehov)							
Utvalgte KOSTRA-nøkkeltall, kommunar - nivå 1 (konserntal)	1531 Sula 2018	1531 Sula 2019	1532 Giske 2019	1504 Ålesund 2019	Kommune-gr. 07 2019	Gj.snitt Møre og Romsdal 2019	Landet eks. Oslo 2019
Prioritering							
Nto driftsutg. pr. innbygger i kroner, diagnose, behandling, rehabilitering	1 622	1 807	2 456	1 945	1 802	2 056	2 069
Nto driftsutg. pr. innbygger i kroner, pleie- og omsorg	18 365	18 829	18 786	23 099	18 696	21 543	19 657
Netto driftsutgitt til sos.hjelp pr innbyggjar 20-66 år	179	174	708	887	1 096	864	1 240
Dekningsgrad							
Avtalte legeårsverk pr 10 000 innbygg, kommunehelsejenesten	7,7	8,6	9,6	8,4	8,2	9,4	9,2
Fysioterapiårsverk per 10 000 innbygg, kommunehelsej.	5,5	5,5	3,7	5,5	6,6	7,3	7,7
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	2,4	4,1	1,7	12,2	10,6	12,0	11,9
Andel innbyggere 80 år og overi bustad med heildøgnsbemannning	13,1	12,9	13,6	3,7	3,0	5,9	3,8
Andel sosialhjelplsmottakere 20-66 år, av innbygg, 20-66 år	1,0	1,1	2,1	3,4	3,3	3,4	4,1
Produktivitet / enhetskostnader							
Netto driftsutgitt til økonomisk sos.hjelp pr innbyggjar 20-66 år	195	191	761	1 226	1 527	1 172	1 921
Korrigerte bto driftsutgifter pr motaker av pleie og omsorgstjenester	369 021	350 570	444 902	301 371	284 291	311 122	286 026
Korrigerte bto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass	1 176 680	1 212 680	1 102 750	1 327 351	1 241 956	1 249 927	1 275 120

Kjelde: www.kostra.no, og Framsikt AS


Statsbudsjettet 2021

KS er kritiske til om veksten i overføringane er stor nok til å dekke behova. Kortare liggetid og økt aktivitet i sjukehusa er ein faktor som trekker i retning av sannsynlig auka behov for helse- og omsorgstjenester i kommunane. Dette er ei utvikling vi har sett over tid. Rus og psykisk helse er prioritert område både i kommunar og sjukehus, men også her ser vi ei utvikling mot mindre døgnbehandling og kortere liggetid. Dette er positivt for brukarane, men fører til prioritiseringsutfordringar i kommunane. Dette merkar vi Sula også. KS stiller spørsmål om berekrafta i velferdsordninga slik denne utviklinga er og har i sitt notat om statsbudsjettet formulert dilemmaet slik:

«Kommunenes bruttoutgifter til omsorgstjenester var på 128,5 mrd. kroner i 2019. Veksten i nettodriftsutgifter tilsvarer om lag 7 prosent sammenlignet med foregående år. Det er flere trekk ved denne veksten som er egnet til å vække bekymring. Kortere liggetid og økt aktivitet i sykehus trekker i retning av økt behov for helse- og omsorgstjenester i kommunene. Dette er en utvikling vi har sett over tid. Rus og psykisk helse er et område som er prioritert i kommuner og sykehus, men også her ser vi en utvikling mot mindre døgnbehandling og kortere liggetid i sykehusene. Dette kan isolert sett være positivt for brukerne, men kan gi store prioritiseringsutfordringer i kommunene hvis ikke veksten i rammene samsvarer med utvikling i behovene for kommunale tjenester.»

Innen psykiatrien kan pasienter med store utfordringer bli skrevet ut til en kommune som hverken ressursmessig eller faglig har mulighet til å ta dem imot på en så god måte som ønskelig. I tillegg begynner rekrutteringsutfordringer å vise seg. Det er urealistisk at kommunene kan kompensere for mindre døgnbehandling, kortere liggetid og redusert tilskudd til ressurskrevende tjenester samtidig som demografien endres og på sikt gir flere eldre med ulike behov for tjenester.
(rådmannen si understrekning)

Med virkning fra rekneskapsåret 2021 blir innslagspunktet for tilskuddsordninga for ressurskrevjande brukarar foreslått auka med kroner 46 000 utover lønnsveksten. Regjeringa sitt forslag til nytt innslagspunkt blir då kroner 1 430 000 for personar utan psykisk utviklingshemming. For personar med psykisk utviklingshemming blir Pu-tilskotet på kr 677.000 lagt til og då blir innslags



punktet over

kr 2 million. Dette innslagspunktet gjeld for fleirtalet av brukarane i Sula kommune. Over innslagspunktet får kommunane kompensert 80 prosent av eigne netto lønnsutgifter til helse- og omsorgstenester til einskildbrukarar. For Sula kommune utgjer hevinga av innslagspunktet eit rammekutt på kr 700.000. No er det sjette året på rad at dette skjer og innslagspunktet har reelt auka med kr 200.000 pr. brukar. For Sula utgjer dette ei innstramming på om lag 3 million kroner. I tillegg kjem tap for brukarar som ikkje lenger når opp til innslagspunktet.

KS er kritisk til at toppfinansieringsordninga nok ein gang vert svekka ved at innslagspunktet hevast. Dette kan gi prioriteringsutfordringar i kommunane og føre til kutt i andre tenester. Forslaget er i realiteten ei ny overvelting av kostnader for ressurskrevande tenester til yngre brukarar frå stat til kommune. Dette gjelder brukarar under 67 år med størst behov for helse og eller omsorgstenester.

KS har også tatt opp at brukarar som er i ordninga ved fylte 67 år burde kunne inkluderast i ordninga også etter 67 år. Dette er særlig aktuelt også fordi rett til å få tenester organisert med Brukerstyrt personlig assistanse (BPA) no er gitt til dei over 67 år som har tenesten organisert som BPA frå før fylte 67. Refusjonsordninga for ressurskrevande tenester og dermed refusjonen er ikkje forlenga tilsvarande.

Ordninga med investeringstilskot til sjukeheimar og omsorgsboligar med HDO vert vidareført i noko redusert omfang, truleg pga. færre søknader som skuldast koronapandemien. Ny vurdering i RNB. Det skal framleis giast tilskot til både nybygg og rehabilitering eller evt kombinasjon av desse.

Staten uttrykker mange forventningar til kommunane. Mange av desse forventningane har ei tydeleg kostnadsside som oftast ikkje vert følt opp med tilstrekkelig friske midlar, men uttrykt som ei forventning. Eksempel: Dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens, boligsosialt tilskot overført til kommunane, opptrappingsplan for rehabilitering, opptrappingsplan for rus/psykiatri. Mange av desse satsingane har vi ikkje greidd å prioritere tilstrekkelig. Dei «friske midlane» vi har fått har oftast gått med i salderinga.

I statsbudsjettet vert det foreslått ei vidareføring av gjeldande vedtak om at Norge årlig tar imot 3000 overføringsflyktninger. Ny integreringslov skal tre i kraft frå 2021, med strengare krav og auka detaljstyring av kommunale tenester. Fylkeskommunane vil no få lovpålagde oppgåver på området med den nye lova. Forslaget til statsbudsjett for 2021 medfører lite eller inga økt finansiering knyttet til de nye kravene som følger av loven.

Regjering foreslår å auke satsinga på arbeidsmarknadstiltak med 825 mill. kroner i 2021 som utgjer om lag 7 000 flere tiltakslassar. Tiltaket skal motverke den høge arbeidsledigheita og rette særskilt merksemd mot unge. KS er positiv til at regjeringa har ei pro aktiv haldning til å motverke arbeidsledighet og utanforskap – og at det satsast betydelig på personar som står utanfor arbeidslivet. Det er usikkert om dette vil demme opp for ei forventa auke i sosialhjelpsutgifter, når bl.a. permitterings- og dagpengeordninga tar slutt.

Behov:

Einingane melder om mange vel dokumenterte behov, både for stillinger og utstyr. Det er først og fremst mangelen på hender som går igjen, men òg arealnapphet og lite tenlege bygg på nokre område, gjer seg sterkt gjeldande, på kort sikt mest prekært på NAV og BUA.

I budsjettet for 2021 er et svært lite rom for nye tiltak i rádmannen sitt budsjettframlegg. Dette gjer det ekstra vanskeleg for tenestene.

Driftstiltak:

Det er ingen direkte kutt i rádmannen sitt budsjettframlegg, men underfinansieringa av lovpålagde dyre tiltak aukar no kraftig. I tillegg er budsjett saldert ved å ikkje prisregulere driftsutgifter eks lønn, som blir eit indirekte kutt då sektoren kjøper interkommunale tenester (t.d. helsesamarbeida) som blir prisregulert. Lønnsglidinga blir heller ikkje kompensert fullt ut.

I sum blir dette svært krevjande og vil bety store omstillingar og kutt i millionklassa om vi skal kome i mål med tildelt ramme. Dette er uråd å gjøre utan at innbyggjarane vert råka.

Det vart bedt om ressursar til tiltak for 2020, til saman om lag 15 million kroner. Lite av dette vart det løyvd midlar til. Tiltaka er lovpålagde og måtte likevel startast opp og er hovudforklaringa til kvifor sektoren i 2020 vil kome ut med stort meirforbruk. Tiltaka finn vi att som melde behov for 2021 i tillegg til behov for nye tiltak. Samla har einingane meldt behov for om lag 30 million kroner til drift, for meir detaljar visast det til budsjettframlegga frå einingane og til vedlagt tabell over melde behov som ikkje kom med.

Investeringstiltak:

Det er relativt lite som er meldt. Dei største behova er knytt til bygningsstrukturen og det vert meldt frå eigedomsavdelinga og omtala i Helse- og omsorgsplanen som er under rullering. Stikkordmessig kan nemnast: behov for ny bustadstruktur for betre drift i BUA, ny kortidseining, nytt storkjøkken, auka kapasitet HDO og helsehus.

Det er ikkje funne rom i økonomiplanen for vidare kapasitetsutvidingar i heildøgns omsorgsplassar for målgruppa hovudsakleg eldre. Midlane vart tekne ut for tre år sidan med begrunning av at ein hadde meir tid.

Framskrivingane syner no at tal eldre vil stige sterkt frå 2023 og utover. Det er to år til.

Behov for meir tenelege bustadar for yngre personar med utviklingshemmingar og åferdsproblematikk er erkjent. Det er lagt inn i midlar til tomt, prosjektering og byggekostnader i rådmannen sitt forslag. Prosjektering av 8 nye bustadar i Jetmundgarden er i sluttfasen og bygging tar venteleg til tidleg på nyåret.

Planane for nye private omsorgsbustadar på Vasset er mellombels sett på vent pga. høge grunnkostnader i tomta.

For fullstendig oversikt over kva som er tatt med og ikkje, av melde behov, visast det til tabellane bak i heftet og til framlegga frå einingsleiarane.

Utfordringar:

Sula kommune har hatt over 70% vekst i den eldste delen av befolkninga (80+) frå 1999 – 2015, eldrebølge nr 1. Deretter flata veksten noko ut. Vi har om lag same tal døgnbemannar bustadar no som for 15 år sidan. Tenestene har derfor gjennomgått store omstillingar. Helse- og sosialtenestene si utfording er å holde tritt med veksten i etterspurnaden, og samstundes unngå at kvaliteten i tenestene blir svekka. Veksten i tal eldre komande tiår må møtast med nye grep og metodar som auka bruk av velferdsteknologi og kvardagsrehabilitering. Dette fører til oppgåveforskyving med auka behov for innovasjon, ny kompetanse og omstilling i tenestene.

Generelt kan ein seie at utfordringsbiletet for helse- og omsorgstenestene framover står framfor:

- MEIR oppgåver. Både i volum pga. demografiske endringar og i kompleksitet pga. medisinsk teknologisk utvikling, behov for ytterlegare spesialisering av sjukehusa og politisk ønska oppgåveoverføringer.
- FÆRRE: høvesvis færre kompetente tilsette til å utføre oppgåvene. Kampen om arbeidskrafta er i gang. Vi opplever aukande rekrutteringsvanskar.
- BETRE: Det blir stilt stadig strengare krav til kvalitet og sørvis og oppfylling av rettigheteit.
- MINDRE: Det blir mindre pengar og mindre vekst enn både den demografiske-, teknologiske- og organisatoriske- (oppgåveforskyvingane) utviklinga tilseier.


Det skal ikkje mykje fantasi til å skjøne at tenestene står overfor store utfordringar. Digitalisering, kompetanseutvikling i alle ledd, auka bruk av velferdsteknologi og tenesteinnovasjon blir som nemnt peika på av myndighetene som viktige grep for å møte desse utfordringane. I 2019 fikk vi rusta opp teknisk infrastruktur i bygga våre og vi står no betre budd enn nokon gong på å ta i bruk meir teknologi.

Siste åra har vi fått styrka heimetenesta. Kapasitsauken etter opning av Molværsvegen var heilt naudsynt og gav «litt slakk», men det uroar at vi alt no har større etterspurnad etter HDO-plassar for personar med demens i

bukollektiv, enn vi kan tilby. Staten hentar inn ventelistetal for HDO-tilbod og vi melder no at vi har personar på venteliste.

Frigjort tid blir vridd i retning av å kome tidlegare inn og trene brukarar meir heime. Vi ser gode resultat av kvardagsrehabiliteringsprosjektet vårt og det er ønskeleg å auke innsatsen ytterlegare i den retninga. Slik utvikling er i tråd med vår omsorgsideologi, den er fagleg rett, den er i tråd med brukarar sine eigne ønske og den er rimelegast. Det er likevel urealistisk å tru at ein kan møte denne veksten utan å bygge inn meir kapasitet i tenestene i tillegg til auka bruk av VFT og kvardagsrehabilitering.

Nye brukarar kan ikkje bli ståande utan eit forsvarleg tenestetilbod, og hovudutfordringa er, og blir, å kunne ta inn nye brukarar i tenestene våre utan å få auka ressursane tilsvarande. Det er ei kjennsgjerning at yngreomsorga er krevjande. I Norge er det grovt sett slik at 1/3 av brukarane (oftast yngre) tar 2/3 av ressursane. Nye ressurskrevjande brukarar som kjem inn i tenestene i tidleg vaksen alder, blir i tenesta lenge, kanskje i 40-50 år. Biletet er gjenkjenneleg i Sula. Det blir derfor ekstra krevjande å prioritere eldreomsorg og auka førebyggande innsats og finne ressursar til tenesteinnovasjon og auka bruk av velferdsteknologi. Det er grunn til å undre seg over at veksten i Møre og Romsdal kjem tidlegare og synast sterkare enn i resten av landet:




Kjelde: KS, samling for økonomisjefar

I tillegg fører samhandlingsreforma, nye behandlingsmetodar og effektiviseringsprosessane ved sjukehusa til ubørnøyrlig flytting av oppgåver over på kommunane. Målsettinga for liggetid i Helse M&R (nyleg justert ned), er at gjennomsnittleg liggetid skal ytterlegare ned til 3,2 døgn. Særleg heimetenestene merkar dette. Nedbygging av døgnbehandlingskapasiteten og hardare prioriteringar på poliklinisk behandling i sjukehuspsykiatrien er gode døme på ikkje-finansiert oppgåveoverføring. Dette merkar vi godt i Sula. Det blir no forventa at kommunane skal overta denne behandlinga. For få år sidan dreiv vi mest med støttesamtalar, no er det mest aktiv behandling.

Befolkningsutvikling og dekningsgrad heildøgns omsorg (HDO)

Sula kommune vil få ein sterk vekst i dei eldste aldersgruppene i åra som kjem. Veksten akselererer i flg. framskrivingane frå 2023.


Faktiske tal for 80+ i 1999 var 257 personar og vi hadde 76 plassar for heildøgns omsorg (HDO-plassar) for eldre. 01.01.19 var talet 420 og vi har no 90 HDO-plassar. I denne veksten har personar 90+ har auka frå 45 til 98 personar, dvs. meir enn dobling. Erfaringsvis krever 50% i denne gruppa eit HDO-tilbod. Vi har altsa bak oss ein vekst på om lag 70% siste 15-20 år blant dei eldste (eldrebølge 1), med beskjeden auke i HDO-plassar. Ressursveksten i same periode har hovudsakleg gått til styrking av «yngreomsorga».



Kjelde: KS sin demografimodell

Ser vi bakover, har vi altso hatt ein sterk vekst i aldersgruppa 80+ sidan 1999, noko som førte til ein etterfølgande sterk vekst i aldersgruppa 90+, meir enn dobling i faktiske tal, jf. figuren over. Denne veksten vil halde fram eit par år til før den flatar ut nokre år, for på nytt å stige utover 2030-talet.


Aldersgruppa 80+ har ein kraftig vekst bak seg, men ser vi framover, er det langsiktige biletet eintydig – relativt stabilt komande år, før vi får ein ny kraftig vekst frå ca. 2023 (eldrebølge 2). Dette er lett å skjøne når vi ser kor sterkt gruppa 67-69 veks, den vil vekse med 35% fram mot 2027, eller samla ca. 60% om



ein reknar frå 2011. Tilsvarande vekst får vi i 80+ med nokre års forskyving og etter kvart i aldersgruppa 90+. Tabellane under viser den same utviklinga fordelt på aldersgrupper og faktiske tal og prosentvis auke for aldersgruppa 80+ samla. Vi ser at den samla auken samanlikna med tal personar 80+ i 1999, blir på over 100% komande tiår.

I KS sitt demografiverktøy kan ein òg rekne ut endringar i forventa utgiftsbehov med utgangspunkt i befolkningsframskrivningane. Dette er illustrert i tabellane under.

Utgiftsbehovet vil auke med over 20% i flg. framskrivingane, i same periode.



Kjelde: KS sin Demografimodell

Utgiftsbehovet i Sula kommune samla sett vil ikkje stige ila. same periode. Helse og omsorg sin del er venta å stige med 19,5%.

Sula kommune har lav dekningsgrad for HDO for eldre samanlikna med landet og kommunane i M&R. Det er få i dei eldste aldersgruppene som har tilbod om HDO i Sula samanlikna med landet. Det betyr at tilsvarande fleire bur i eigen heim med bistand frå heimetenestene.

Dekningsgrad HDO eldre og kapasiteten i ambulante heimetenester:

Sula kommune, til liks med andre kommunar, har erfart at staten sitt normtal på 25% dekningsgrad for HDO, er for lågt. Denne dekningsgraden vert opplevd å vere knapp sjølv om ein berre skal dekke behovet til eldre (80+). 420 personar eldre enn 80 år pr. 1. januar 2019 og 90 plassar til HDO, gir ein dekningsgrad på 21,4%. Denne dekningsgraden vil falle raskt etter kvart som talet personar over 80 år stig. Det begynner derfor å haste med å auke kapasiteten.

Når ein vurderer dekningsgrad for heildøgns omsorg (HDO), må ein alltid vurdere kapasiteten til den ambulante heimetenesta samstundes. Låg dekningsgrad HDO må kompenserast med heimetenesteorientering av omsorgstenesta. Det vil seie ei kompetent og godt utrusta ambulant heimeteneste med tilsvarande god kapasitet. Poenget er at det må vere samsvar og balanse, slik at det samla tilbodet blir tilstrekkeleg og godt nok (forsvarleg).

Rådmannen er no uroa for denne balansen. Når ein reknar inn at veksten i heimetenestene hovudsakleg har kome i «yngreomsorga» siste åra og at sjukehusa sparer og effektiviserer, forklarer det godt kvifor heimetenestene i lang tid har rapportert om kapasitetsvanskar.

Samanhengane mellom befolkningsutvikling, tenesteprofil og økonomi blir belyst og utdjupa i komande rulling av [Helse og omsorgsplan 2015 - 2019](#).

Det er flott at mange klarer seg heime. Det er i tråd med det dei aller fleste ønsker, det er i tråd med omsorgsideologien i kommunen og det er bra for kommuneøkonomien. Men det er ei grense for kor effektiv heimetenesta kan vere. Kommunestyret vedtok å styrke heimetenestene i 2015 og 2016, men kapasiteten

opplevast framleis knapp. Kjensla av at demografiutvikling og oppgåvevekst ikkje blir tilstrekkeleg kompensert er reell.

Samhandlingsreforma

Samhandlingsreforma utfordrar kommunane på fleire måtar. Ressursdiskusjonen har fått mest merksemd til no. Sula kommune har til no hatt god kontroll i forhold til finansieringsordninga for utskrivingsklare pasientar. Vi har knapt betalt helsebot.

Kombinasjonen stram sjukehusøkonomi og rivande medisinsk teknologisk utvikling fører i sum til auka press på kommunane. Helse M&R skal spare på drifta for å makte eigenfinansieringsdelen for SNR. Kortare liggetider og forventing om at kommunane skal handtere stadig meir avanserte behandlingsregimer i forlenginga av sjukehusbehandling, blir resultatet. Vi får utfordring med å rekruttere og utvikle kompetanse. Personellet vårt synest dei nye oppgåvene er spanande, men at det er for lite tid og ressursar til å kunne makte det på ein forsvarleg måte. Prosessane er ikkje synkroniserte godt nok og er underfinansierte.

Innan psykisk helseteneste er oppgåveoverføringa særleg merkbar. Tenesta som utgjer 3,29 årsverk, har bede om ressursar kvart år siste åra, utan å ha nådd opp i prioriteringskampen. Avdelingsleiar seier no tydeleg i frå i eiga bekymringsmelding. Tenesta hadde i 2005 42 brukarar som fikk støttesamtalar og/eller dagtilbod. I dag har tenesta 159 brukarar med dei same ressursane og 12 personar på venteliste – dei har venta i 5-6 veker. For å kome rundt har dagtilbod blitt korta ned, både på timer og dagar. Samtalane blitt sjeldnare og sjeldnare, varigheita på oppfølginga har blitt korta ned, stadig lenger ventetid, fleire blir avvist, færre heimebesøk, det er avsett minimalt med tid til førebuing og oppfølging, osv. Resultatet av desse harde prioriteringane vert auke i retursaker og forvring i tilstand. Helsehjelpa blir med dette ineffektiv.

Bygningsstruktur i omsorgstenestene

Det er stort behov for å betre strukturen i bygningsmassen innan pleie og omsorg. Årsakene er peika på ovanfor, m.a. spesialisering og oppgåveoverføring. Betre byggstryktur vi vere ein viktig faktor for å klare å møte dei mange behova med tenester av god kvalitet og innanfor ei berekraftig økonomisk ramme. Agenda Kaupang peika tydeleg på dette i sin tenesteanalyse frå 2018.

Vi er i gang med ny struktur i BUA. Første steg der blir dei nye bustadane i Jetmundgarden. Deretter må det leggast ein plan for utvikling av skuletomta etter gamle Langevåg skule.

Sulatunet egnar seg ikkje lenger til korttidsopphald og rehabilitering. Det må tenkast nytt. Det er til dels svært sjuke personar som skal ha avansert behandling og oppfølging som i stadig større grad nyttar desse plassane. Institusjonsplassane bør flyttast til nytt bygg og plassane ved Sulatunet omgjerast til plassar i bukollektiv for langvarig opphold.

Storkjøkkenet har nådd taket for sin produksjonskapasitet og klarer no ikkje å dekke etterspurnaden og behov i einingane. Dette fører til vanskar med å innfri måla i måltidsreforma. Nytt storkjøkken må planleggast i andre lokale.

Den sterke veksten i tal personar over 80 år om få år, gjer det naudsynt å utvide kapasiteten for heildøgns omsorgstilbod. Planlegginga bør starte omgåande.

Koronapandemien har avslørt at mange av helsebygga våre ikkje er gode nok for å kunne gjennomføre effektiv isolering og effektivt smittevern. Det gjeld både HDO-bygga og ikkje minst legekontoret der utforminga gjer at risikoen for å bli slått ut av smitte er altfor stor. Gode lokale for alternativ drift fins ikkje d.d. Dette må vi ha med oss når nye bygg skal planleggast.


I samband med rullering av Helse- og omsorgsplanen vil byggningsstrukturen bli heilskapleg omtalt.

Rekruttering og heiltidskultur

Vi merkar at det har blitt vanskelegare over tid å rekruttere fagfolk. Særleg innan omsorgstenestene har dette vore merkbart siste åra. Vi merka godt at lønnskilnaden mellom tilsette i helseføretaka og kommunane var på over kr 50.000 pr. år. Lønnsløftet som vart gitt i årets tariffoppgjer utlikna denne skilnaden. Det var heilt naudsynt og gledeleg. No blir det viktig å få opp ubekvemstillegga og KS må kjenne si besøkelsestid og prioritere dette i komande oppgjer. Det vil vere viktig både for rekrutteringa og for å skape heiltidskultur – det må lønne seg betre å arbeide når andre har fri.

Rekrutteringsutfordringa gjer det heilt naudsynt å nytte vikarbyrå i periodar. Bruken av vikarbyrå har auka. Det er derfor viktig å ha offensive strategiar for å møte konkurransen om arbeidskrafa. Å huke tak i ungdommane ved t.d. å tilby gode lærlingplassar, er noko kommunen er medvitn på og gjennomfører i praksis. Vi har også gjort oss erfaringar med alternative arbeidstidsordningar (langturnus), noko som har synt seg populært og eit godt rekrutteringstiltak, men det er og utfordringar knytt til det. Med omsyn til kvalitet har slike ordningar klare føremoner, då bruken av små stillingar går ned. For brukarane betyr dette færre personar å forhalde seg til og for kommunen færre å lære opp osb.

Det kunne sikkert vore gjort meir for å utvikle ein sterkare heiltidskultur i kommunen og særleg innan omsorgsyrka, sjølv om mellombelte undersøkingar til no viser at stoda ikkje er noko verre enn i andre kommunar. T.d. syner tilgjengeleg KS-statistikk (PAI-registeret) at gjennomsnittleg stillingsstorleik for turnuspersonell i helse- og omsorg i Sula kommune pr. 01.12.2017 var 70,5%, noko som plasserer oss blant dei beste i fylket. Gjennomsnittet i landet var 65% og Ålesund 64%.



Kjelde: KS/PAI

Figuren viser at gjennomsnittleg stillingsstorleik har auka siste åra og at det er hovudsakleg tiltaka innan HS som har dradd det kommunale snittet opp.


Spørreundersøking blant våre tilsette gir mange nyttige innspel i arbeidet for ein sterkare heiltidskultur. Mange deltidstilsette er nøgde med stillingsprosenten sin, m.a.o. frivillig deltid. Eit anna viktig funn er att at dei fleste som ønsker større stilling, ønsker primært å utvide stillingane sine på andre tidspunkt enn der behova er størst. Det blir problematisk då det vil auke kostnadene.

Kort omtale av einingane:

For detaljert omtale av einingane vert det vist til framlegga frå einingsleiarane.

Helseavdelinga


Driftskostnadene ved helseavdelinga er låge samanlikna med landsgjennomsnittet og Kostragruppe 7 (KG7). Dekningsgraden for legar er låg.



Kjelde: *FramSikt AS*

Sula har låge kostnader pr. innbyggjar. Vi kan merke oss at no ligg Ålesund høgre enn Sula.

Legeårsverk pr 10.000 innbyggjarar, funksjon 241:




Kjelde: *FramSikt AS*

Legedekninga er lav i Sula. Noko av forklaringa er at mange innbyggjarar vel fastlege i andre kommunar av praktiske og forst  elege grunnar. Sett fr   fagleg side, kan dette vere utfordrande, spesielt ved behov for øyeblikkeleg hjelp, d   legane v  re d   vil ha mangelfulle journalopplysningsar. Dette vil betre seg n  r

Helseplattformen vert tatt i bruk.

Sula har rekruttert godt siste tida. Dette har samanheng med måten vi har organisert fastlegeordninga på og korleis vi legg til rette for at legane skal få gjort godt arbeid og ha ein leveleg arbeidskvardag. Samarbeidet med fastlegane er godt.

Fysioterapiårsverk per 10 000 innbyggjarar, Funksjon 241:



Kjelde: Framsikt AS

Fysioterapidekninga er også låg i Sula kommune, noko som vert opplevd problematisk når ein skal prioritere førebyggande arbeid og meir heimerehabilitering. Kvardsrehabiliteringsprosjektet og førebyggande besøk til eldre har for knapp kapasitet. Sula har 3,66 driftstilskot for privatpraktiserande fysioterapeutar som er fordelt på 4 utøvarar.

Helseavdelinga disponerer no heile 2.-etasjen Stadsnesvegen 9A. Meir plass betyr mykje. Vi fikk plass til ein ny fastlege som alt er i god sving og alle har no fått eigne kontor. Kontoret har fått skiftestue nr 2 (jf biletet), oppgradert laboratorium, ekspedisjon og ikkje minst er venterommet utvida og betre tilrettelagt for pasientane enn før.


Koronapandemien har likevel sett eininga på prøve og avdekt manglar ved lokalitetane. Det er krevjande å drive effektivt smittvern. Det er m.a. ikkje høve til å dele drifta med eigne inngangar for luftvegsklinikk. Konsekvensen er høg risiko for å bli satt ut av spel for ein lengre periode dersom det oppstår smitte i staben.



Rehabiliteringstenesta i kommunen arbeider godt med mange jarn i elden som nyoppretta trimgrupper, kvardagsrehabilitering, førebyggande heimebesøk til eldre m.m. Det blir skifte i avtaleheimel ved Sula fysioterapi. Øystein Myklebust har sagt opp driftsavtalen sin etter mange års virke i Sula. Driftsavtalen er tildelt ny fysioterapeut som tiltre ilia komande år. I påvente vert det nyttva vikar.

NAV


Netto driftsutgift til økonomisk sosialhjelp pr. innbygger 20-66 år:



Kjelde: Framsikt AS

Sula kommune har i alle år hatt låge utgifter til økonomisk sosialhjelp. NAV Sula har god måloppnåing når det gjeld å få fleire avklart til arbeid og aktivitet og færre på stønad. Dette ser vi tydeleg på utbetalingane av sosialhjelp, som er låge samanlikna med andre. Vi ser at det er få personar i arbeidsfør alder som mottar sosialhjelp og dei er kort tid inne i systemet.


Andel sosialhjelpsmottakarar i alderen 20-66 år, av innbyggjarane 20-66 år:



Kjelde: Framsikt AS

Andelen sosialhjelpsmottakarar er òg låg i Sula.

Netto driftsutgift pr. innbyggjar (276) i kvalifiseringsprogram:



Kjelde: Framsikt AS

Sula har òg låge utgifter til kvalifiseringsprogram. Vi ser likevel ein sterk auke frå 2018 til 2019. Ei forklaring på det er innstrammingane i den statlege AAP-ordninga. Regelverket for arbeidsavklaringspengar (Folketrygdlova kap. 11) vart stramma inn fom 2018 og vi ser no tendensar til auka press på kommunale tenester, gjerne i form av økonomisk sosialhjelp og auka bruk av KVP. NAV Sula var/er merksam på denne utfordringa og ser ut til å møte den på ein god måte, sjølv om innstramminga vil merkast og truleg bety overvelting av kostnader frå stat til kommune.

Utfordringar komande år blir å følgje opp flyktningane som har kome og ev nye flyktningar kommunen måtte få som familiesameining. IMDI har oppmoda Sula kommune om å busette 17 flyktningar i 2021. Det vert lagt fram eiga sak for kommunestyret med tilråding venteleg før jul. Som nemnt ovanfor er det store endringar på trappene i samband med at ny integreringslov trer i kraft frå nyttår. Endringane betyr truleg meir detaljstyring av kommunane. Programmet skal få sterkare differensiering med høve til lenger programtid. Fylkeskommunane er tiltenkt ei ny rolle ved at mange fleire skal få tilbod om utdanning på vidaregåande nivå. Vi ser at fleire av flyktningane har stor problem enn før. Signalar frå IMDI tilseier det same. Totalt bosettingstal til landet går svakt ned, men bosettingskommunane blir færre (sentralisering), og oppmodingane pr. kommune vert derfor høgre.


I rådmannen sitt framlegg er det budsjettert med inntekter og utgifter for å følgje opp dei flyktningane vi har. I tillegg har vi teke høgd for inntil 12 nye personar. Utgiftene blir regulert i samsvar med oppgåvane/inntektene.

Lokala til NAV er som kjent heilt sprengt. Planlagt for 9 tilsette, i dag er dei 17. Dette er kompensert ved ulike bygningstiltak og ved at dei tilsette er utstyrte med mobile løysingar og arbeider meir ute i felten.

NAV-leiar Ingunn Kalvatn valde i oktober å gå over i seniorkonsulentstilling i fylkesdirektøren sin stab. Rekruttering av ny NAV-leiar er i gang og tilsetting vil skje tidleg neste år. Wald Svarstad er engasjert som NAV-leiar inntil ny leiar er på plass.

Omsorgstenestene (Sulatunet, heimetenesta og bukollektiva)


Netto driftsutgift pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta, behovsjustert:



Kjelde: Framsikt AS

Sula kommune brukar lite ressursar på omsorgstenestene sine. Vi har likevel ein urovekkande sterk vekst. Denne veksten kjem i det alt vesentlige til yngre funksjonshemma personar under 66 år med store bistandsbehov og i liten grad i eldremomsorga. Vi ser at t.d. Ålesund kommune brukar vesentleg meir enn Sula. Giske, KG7 har om lag same ressursbruk pr. innbyggjar som Sula. Vi ligg godt under snittet for Møre og Romsdal og godt under landssnittet.

Netto driftsutgift pr. innbyggjar i kroner, pleie- og omsorgstenesta, behovsjustert, samanlikna med dei 10 lavast i M&R fylke, landet – Oslo og Kostragruppera:



Kjelde: Framsikt AS

Vi ser at kostnadene til pleie- og omsorg kryp sakte oppover. Likevel kryp Sula nedover på lista over kommunar med lav ressursbruk til pleie og omsorg. Det er kunn nokre få kommunar som brukar færre kroner pr. innbyggjar enn Sula i fylket vårt. Vi har ikkje studert driftsføresetnadene i desse kommunane, jf tabell under.

Sula kommune har få plassar med heildøgns bemanning (HDO). Sula sin andel av eldre over 80 år som bor i HDO (institusjon + HDO) var i 2019 17%, det er lavt. Staten sitt normtal for kapasitet i omsorgstenestene er 25% av befolkninga 80%. Dette talet er romslig i fht. gruppa 80+, men er då tenkt å romme HDO-tilbodet for alle aldersgrupper. Mange kommunar opplever dette talet som altfor knapt og har derfor høgre HDO-dekning, mange kommunar har godt over 30% dekning. Tar vi med alle boligar som tilbyr HDO og alle brukargrupper, er Sula sin dekningsgrad om lag 25%.

Samhandlingsreforma, medisinsk-teknologisk utvikling, nye oppgåver og rettigheter og stram sjukehusøkonomi fører til auka press på tenestene, jf. omtale av utfordringar ovanfor. Alle omsorgseiningane merkar dette, men presset er nok aller størst på heimetenestene. Resultatet blir hardare prioriteringar og knappare utmåling av tenester. Prioritering av utskrivingsklare pasientar går ut over heimebuande som har behov for rehabiliterings- eller avlastningsopphald ved korttidseininga ved Sulatunet. Slike opphald er avgjerande for at personar kan vedlikehalde ferdigheter og funksjonar lengst råd, slik at dei kan nå måla sine om å få bu lengst muleg heime.

Ein HDO-plass for eldre i Sula kostar netto gjennomsnittleg om lag kr 1,1 NOK. Det betyr etter ei reint økonomisk betrakting, at vi kan sette inn hjelp i heimen for inntil denne beløpet, før det blir rimelegare å tilby HDO. Strategien vår må derfor framleis vere å styrke den heimebaserte omsorga, ein strategi som samsvarar godt med ønska til dei fleste eldre.

Opninga av Molværsvegen 17 letta trykket på heimetenestene noko. Auka tilbod til personar med demens med 10 nye plassar, der 8 er i drift, gjer at vi fikk gjenopprettet balansen i tiltakskjeda til denne sårbare pasientgruppa. Korttidsavdelinga opplevde lette og det same gjorde heimetenestene. Men no melder kapasitetsproblema seg igjen og vi har no venteliste for institusjons-/ HDO-opphald.

Innføring av Helseplattformen nærmar seg og fleire nøkkelpersonar i omsorgstenesta vert etter kvart meir involvert i planlegging og førebuing. Innføringsprosjektet blir omfattande og vil krevje ressursar. Det vil verte naudsynt å kjøpe fri personell til dette og det er lagt inn eigne midlar til dette i ØP fom 2022. beløpa vil måtte justerast etter kvart som vi får meir detaljert kunnskap om oppgåver, kostnader og framdriftsplan.

Én felles løsning med pasientens journal i sentrum



H Pasienten skal ha en mer aktiv rolle selv til f.eks. egenregistrering, timeavtaler og innsyn i journalen

Psykisk helseteneste slit veldig med kapasiteten, jf omtale under utfordringar ovanfor.

Innan psykisk helseteneste er oppgåveoverføringa særleg merkbar. Tenesta som utgjer 3,29 årsverk, har bede om ressursar kvart år siste åra, utan å ha nådd opp i prioritieringskampen. Avdelingsleiar seier

no tydeleg i frå i eiga bekymringsmelding. Tenesta hadde i 2005 42 brukarar som fikk støttesamtalar og/eller dagtilbod. I dag har tenesta 159 brukarar med dei same ressursane og 12 personar på venteliste – dei har venta i 5-6 veker. For å kome rundt har dagtilbod blitt korta ned, både på timer og dagar. Samtalane blitt sjeldnare og sjeldnare, varigheita på oppfølginga har blitt korta ned, stadig lengre ventetid, fleire blir avvist, færre heimebesøk, det er avsett minimalt med tid til førebuing og oppfølging, osv. Resultatet av desse harde prioriteringane vert auke i retursaker og forverring i tilstand. Helsehjelpa blir med dette ineffektiv.

Alle einingane ber om fleire stillingar, langt meir enn rammene gir rom for. Rådmannen har ikkje funne rom for å styrke omsorgseiningane med nye stillingar komande år utover utover midlane som er sett av til fagutvalet sin disposisjon

Bu- og aktivitetstenesta (BUA)

BUA er den klart største eininga i kommunen, målt etter tal årsverk, med over 70 årsverk. Det er nye brukarar, hovudsakleg finansiert av storbrukarordninga, som har stått for veksten. Slik blir det òg i 2021.

Eininga bad om midlar til mange nye og dyre tiltak for 2020. Desse tiltaka vart det ikkje løyvd midlar til. Eininga må likevel svare på søknader om lovpålagde tenester og fatte vedtak om bistand. Eininga søker finansiering av dei igangsette tiltaka OG nye tiltak for komande år. Rådmannen har ikkje funne dekning for nokon av dei konkrete tiltaka, men har sett av ein pott på 4,2 million kroner til fagutvalet til vidare fordeling til einingane. BUA vil få styrking frå desse midlane, men kan ikkje få alt, då det er store behov i andre einingar òg.

Det er ei stor utfordring for eininga at det blir søkt om dyre tenester midt i budsjettåret og tiltak må fattast. Det fører til drift av dyre tiltak utan at ein kan gjere faste tilsettingar, noko som fører til auka bruk av vikarar og vikarbyrå. Slik drift er krevjande og det blir dyrare enn å tilsette eige personell.

Veksten og dei nye brukarane med auka behov for spesialisering, gir oss utfordringar med omsyn til rekruttering, kompetanse og organisering og det uløyser behov for nye og meir tenlege bustadar med gode personalbasar.

Mangelen på tenlege bustader til personar med krevjande åtferd er ei stor utfordring. Resultatet blir ei vanskeleg drift og eit ikkje optimalt tilbod til dei brukarane. Unødig auka bruk av tvang kan lett bli resultatet og det er i so fall i strid med lovverket. Sula kommune har nyleg fått avvik i tilsynssaker frå Fylkesmannen der utilfredsstillande bustadtilhøve er ein del av årsaksforholdet. I slike tilfelle må det ofte kompenseras med å bruke meir personell for å kunne gi forsvarleg tilbod.

Agenda Kaupang peika i sin tenesteanalyse i 2018 på at bustadstrukturen i tenestene til funksjonshemma ikkje var god og at ein derfor snarast burde betre den. Dette var heilt i tråd med våre eigne analyser. Etablering av betre bustadstruktur i BUA er no i gang. Prosjektering av nye bustadar til personar med særlege utfordringar er i sluttfasen og det nærmar seg anbodusutlysing. Dette er steg ein mot ein betre struktur. Vi starta der behovet er størst.

Ansvaret for privatavlasting er aukande. Tiltakskontoret melder om auke i tal familiar med til dels små barn med autismespekte-diagnosar som søker avlasting. Etterspurnaden er større enn rammene tillet. Det er krevjande å rekruttere nye avlastingsfamiliar, noko som vil føre til at vi må vurdere å utvide tilbodet om avlasting i institusjon ved Geilneset 9. Agenda Kaupang peika også på dette, at kommunar som lukkast godt med tiltak til denne brukargruppa, er gode på avlastning og «lette» tiltak. Vi evaluerer ordningane og forsøker å vri ressursbruken i den leia. Dette tar tid.

Rekruttering av kvalifisert personell er ei stor utfordring. Ved gjennomføring av tvangsvedtak, er det lovkrav om at høgskuleutdanna personell skal vere til stades. Dette kravet strevar vi med å etterkome og må stadig søkje dispensasjoner.

Då mange brukarar får tilbod på dagtid av andre, blir arbeidstidsordningane i butenesta ofte ugunstige med mykje kvelds- og helgearbeid. Resultatet blir lett mange små stillingsbrøkar med påfølgande rekrutteringsvanskjer og


ikkje optimal kvalitet i tenestetilbodet. Det er innført turnusordning med bruk av langvakter. Ein har no gjort seg erfaringar. I grove trekk kan vi seie at vi har lært at langvakter fungerer fint i nokre bogrupper, men i grupper med brukarar med krevjande åtferd må vi kanskje revurdere langturnus. I sum er likevel interessa og ønsket/viljen til å arbeide i langturnus aukande.

Molvær senter opplever òg auka etterspurnad og vekst i oppgåver. Hjelpemiddelhandteringa veks i omfang framleis og arbeidet med reingjering, reparasjon og resirkulering av hjelpemiddel er ei krevjande logistikkutfordring. Auka bruk av VFT-hjelpemiddel vil forsterke dette. Behovet for eigen teknisk kompetanse i eininga er stort. Ein løyser dette enn so lenge, gjennom eit godt samarbeid med vaktmeistrane. Hygienekrava til drifta er store ikkje minst i pandemitider. Vi har no god nytte av investeringa i «tåkedesinfiseringsapparata» som kommunen har skaffa, 2 Decon-X og 2 Nocospray.

5. Teknisk sektor

Dei tekniske tenestene

Dei tekniske tenestene i Sula kommune omfattar plansaker, byggesakshandsaming, oppmåling, eigedomsforvalting, veg, vatn, avlaup, slam, renovasjon, feiing, brann og redning. Tenestene er organisert i tre driftseiningar medan brann- og redningsteneste vert kjøpt av Ålesund brannvesen.



Mål for teknisk sektor er å tilby kvalitativt gode tenester til alle brukarar (innbyggjarar), næringsliv eller andre driftseiningar (til dømes skule, barnehage eller andre kommunale institusjonar) så rasjonelt som mogleg med ressursane som er tilgjengelig.

Uf ordingane innan teknisk sektor er først og fremst knytt til kapasitet til å følge opp drift parallelt med gjennomføring av investeringar i bygg og anlegg. Budsjett og økonomiplanen i perioden 2021-2024 viser at tunge investeringar skal gjennomførast samtidig som det ikkje vert tilført større ressursar til dagleg drift. Det vil være naturleg å drøfte omfang og kvalitet på tenester i perioden.

Lovgrunnlag

Teknisk sektor har ansvar for eit vidt spekter av tenester og saksutgreiing. I tillegg til kommunelova og forvaltingslova er det mange særlover og forskrifter som skal leggjast til grunn. Eit utval av dei mest sentrale lovane er som følgjande:

- Lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Lov om eierseksjoner (eierseksjonsloven)
- Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova)
- Lov om motorferdsel i utmark (motorferdselloven)
- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov om vegar (veglova)
- Lov om kommunale vass- og avløpsanlegg
- Forskrift om vannforsyning og drikkevann (Drikkevannsforskriften)
- Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvernloven).

- *Forskrift om organisering og dimensjonering av brannvesen*
- *Lov om husleieavtaler (husleieloven)*
- *Lov om offentlige anskaffelser (anskaffelsesloven)*

Oversikt over ressursar

Teknisk sektor hadde i første halvdel av 2020 samla ≈33,4 årsverk. I juni 2020 vart brann og redningstenesta overført til Ålesund brannvesen ved ei verksemdsoverdraging. Etter gjennomført verksemdsoverdraging var det til samans 31,7 årsverk innan teknisk sektor. Det er ikke foreslått endringar i stillingsheimlar innan teknisk sektor i budsjett for 2021.

Stillingsressursar fordelt på driftseinings/avdelingsnivå	2021 inkl. nye tiltak	2020	2019	2018	2017
Administrasjon, sektornivå:					
SUM	1,000	1,000	1,000	1,000	1,000
Plan, byggesak og oppmåling					
SUM	7,500	7,500	7,000	7,000	7,000
Administrasjon,leiing av driftseining	1,000	1,000	1,000	1,000	1,000
Byggesak	2,500	2,500	2,000	2,000	2,000
Tilsyn	0,000	0,000	0,000	0,000	0,000
Plan	2,000	2,000	2,000	2,000	2,000
Oppmåling	2,000	2,000	2,000	2,000	2,000
Eigedomsforvalting					
SUM	13,200	13,200	13,200	14,200	14,200
Administrasjon,leiing av driftseining	1,000	1,000	1,000	1,000	1,000
Administrasjon/ ingenører	3,000	3,000	2,000	2,000	2,000
Arbeidsleiring/vaktmeistrar	7,000	7,000	8,000	8,000	8,000
Park/kyrkjegardsdrift	2,200	2,200	2,200	2,200	2,200
Reinhalld (Sulahallen)	0,000	0,000	0,000	1,000	1,000
Kommunalteknikk					
SUM	10,000	10,000	10,000	10,000	10,000
Administrasjon,leiing av driftseining	1,000	1,000	1,000	1,000	1,000
Administrasjon, ingenører	4,000	4,000	4,000	4,000	4,000
Arbeidsformann/utearbeidalarar	5,000	5,000	5,000	5,000	5,000
Brann og redning					
SUM	0,000	1,726	1,726	1,176	1,176
Administrasjon, leiing	0,000	1,000	1,000	0,450	0,450
Mannskaper	0,000	0,726	0,726	0,726	0,726
Totalt:	31,700	33,426	32,926	33,376	33,376

Stillingsressursar fordelt på funksjon	2021	2020	2019	2018	2017
	inkl. nye tiltak				
Sum	31,70	33,43	32,93	33,38	33,38
Administrasjon/ leiing	4,00	5,00	5,00	4,45	4,45
Ingeniørar (kommunalteknikk, eigedom)	7,00	7,00	6,00	6,00	6,00
Driftspersonell (utestyrke, vaktmeistrar, park/grønt, reinhald)	14,20	14,20	15,20	16,20	16,20
Brann og redning (mannskaper)	0,00	0,73	0,73	0,73	0,73
Byggesak	2,50	2,50	2,00	2,00	2,00
Plan/miljø	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00
Oppmåling	2,00	2,00	2,00	2,00	2,00

Forslag til økonomiske rammer for teknisk sektor er som følgjande :

Driftsbudsjett og økonomiplan (alle beløp i kroner)	Budsjett	Budsjett	Øk.plan	Øk.plan	Øk.plan
	vedtatt 2020	forslag 2021	forslag 2022	forslag 2023	forslag 2024
Alle - teknisk sektor	15 222 460	13 563 339	11 842 339	9 798 339	9 814 339
Fagutval for teknisk område (TEO)	-878	129 446	129 446	129 446	129 446
Fellesstyring teknisk sektor	1 229 464	1 216 949	1 216 949	1 216 949	1 216 949
Kommunalteknikk	5 916 262	3 988 743	3 988 743	3 988 743	3 988 743
Eigedom	11 262 988	11 045 484	11 045 484	11 045 484	11 045 484
Plan, byggesak og oppmåling (PBO)	4 172 817	4 475 831	3 774 831	3 474 831	3 774 831
Brann og redning	9 309 968	9 309 968	9 309 968	9 309 968	9 309 968
Vatn, avløp, renovasjon, slam og feiling	-16 985 937	-16 867 655	-17 843 655	-19 582 655	-19 861 655
Forureining	54 471	1 268	-42 732	-47 732	-52 732
Viltņemnd	-30 251	-30 000	-30 000	-30 000	-30 000
Landbrukskontoret	293 556	293 305	293 305	293 305	293 305

Dei økonomiske rammene er i hovudsak ei vidareføring frå 2020. For Kommunalteknikk er reduksjonen knytt til drift av veg og forslag til ramme for 2021 – 2024 er på samme nivå som for 2019.

Forslag til nye driftstiltak er som følgande:

Driftstiltak	2 021	2 022	2 023	2 024
Sum nye driftstiltak	1 000 000	300 000	0	300 000
Reguleringsplan for Veddevika inkl veg til Holsneset	500 000			
Reguleringsplan G/S-veg til Langevåg Skule.	250 000			
Reguleringsplan Vassetvegen m fortau		300 000		
Kommunedelplan, Solevågen				300 000
Reguleringsplan, fortau Remane	250 000			

Det er lagt inn forslag om å prioritere 3 planar i 2021, ein i 2022 og ein i slutten av planperioden i 2024. Ny reguleringsplan for Veddevika vil være ein prioritert oppgåve. I tillegg er arbeidet med andre reguleringsplanar starta opp og må sluttførast i 2021. Dette gjeld til dømes regulering av areal til eventuelt felles avlaupsreinseanlegg i området Veibust – Kvasnes. Det vert ikkje tilrådd å starte fleire planprosessar i 2021 ut frå administrativ kapasitet.


Forslag til investeringstiltak (innan teknisk sektor) i budsjett og økonomiplanperioden er som følgande:

Investeringstiltak	2 021	2 022	2 023	2 024
Sum investeringstiltak	224 874 475	145 596 368	70 100 000	69 900 000
Utskifting av GPS, Kart og oppmåling	300 000			
Skråfotografering (vert utført av Statens kartverk)	220 000			
Langevåg - oppfølging av ny sentrumsplan med tiltak			5 000 000	5 000 000
Båtplass - brann og redningsbåt (Langevåg sentrum)	300 000			
Rørstadmarka skule	155 521 142	74 239 651		
Bustadar - Jetmundgarden	36 533 333	16 466 667		
Indre Sula kyrkjegard (utviding, rehab., driftsbane)				
Bil - Eigedom (utskifting)	500 000	500 000	500 000	500 000
Varmepumpe/sentral Sula ungdomsskule	1 200 000			
Samleløyving mindre investeringar i bygg/anlegg	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000
Bil - Kommunalteknikk (utskifting)		600 000	600 000	400 000
Veg - Broer (utbetring/sikring)	3 000 000			
Veg - Holsvegen/Ananisarden (trafikktryggingstiltak)	500 000			
Veg - Gøtå/Mauseidvåg (trafikktryggingstiltak)	100 000			
Veg - Mikkalvegen (reløyving)	400 000	5 427 050		
Veg - Mikkalvegen - tilleggsreløyving	300 000			
Veg - Legane (trafikktryggingstiltak, reløyving)	4 500 000	4 363 000		
Veg - Rammeløyving		2 000 000	2 000 000	2 000 000
Veg - Vågnesvegen - fortau		4 000 000	4 000 000	4 000 000
Molværsvatnet - damsikring - tilleggsreløyving	2 500 000			
Avlaup - Rammeløyving	11 000 000	30 000 000	50 000 000	50 000 000
Vatn - Rammeløyving	5 000 000	5 000 000	5 000 000	5 000 000


Det er i sum store investeringar som er planlagt i budsjett og økonomiplan. Erfaringsmessig vil det være ei utfordring å ha god styring med gjennomføring av investeringsprosjekta ut frå kapasitet i administrasjonen. Dette ut frå at det er relativt få personar som skal ha ansvar for oppfølginga og at dei samme personane også har ansvar for driftsrelaterte oppgåver. Risikoene knytt til knapp kapasitet til oppfølging av investeringsprosjekta er knytt til økonomi, kvalitet på utføring og gjennomføringstid.

Helse, miljø og tryggleik

Teknisk sektor har eit variert arbeidsmiljø med store skilnader mellom driftseiningane og internt i einingane. Arbeidsmiljø knytt til drift innan kommunaltekniske anlegg og drift av bygg er klart mest krevjande. Oppgåvene medfører mellom anna eksponering for kjemikaliar, gass, bakteriar/virus, fallskadar og klemskadar. Alt driftsrelatert personell skal følgast opp med helsekontroll og vaksinering for dei som arbeider med sanitær/avlaupsanlegg. Tiltaksplan for HMT i 2021 vert å sette opp i samarbeid med bedriftshelsetenesta Medi3.



Samla sjukefråvær i teknisk sektor har variert relativt mykje i 2019 og til november 2020. Generelt er det relativt små eininger innan teknisk sektor og enkelttilfelle av langtidssjukemelding gjev difor relativt store utslag på statistikken. Eigedom og Kommunalteknikk er delt i to hovudgrupper med driftspersonell (vaktmestrar/utestyrke) og administrativt tilsette (leiarar/ingeniørar). Med så små grupper er det vanskelig å gå i detalj og samstundes ivareta personvern og unngå at sjukefråvær vært knytt til enkeltpersonar.



Statistikken viser at ein svært liten del av sjukefråværet er eigenmeldt og noko som vert vurdert som positivt. Einingane har godt fokus på tilrettelegging slik at tilsette kan komme tilbake i jobb så snart praktisk mogleg. Etter det vi har oversikt over er det ikkje spesielle utfordringar knytt til fysisk tilrettelegging av arbeidsplassar i teknisk sektor. I tillegg til fortsatt fokus på fysisk tilrettelegging er det også viktig med fokus på andre faktorar som psykososialt arbeidsmiljø, opplæring og å gjennomføre effektivisering og endringar på ein inkluderande måte. I og med at det ikkje er rom for å styrke personellressursane i kommande budsjett er det siste særskilt viktig.

Analyse av drift og kostnadsnivå

Kontinuerlig fokus på forbetring av drift i einingane er vidareført og vil være viktig også i 2021. Generelt vert drifta innan sektoren vurdert som nøktern og med god kvalitet. Kostra tal for 2019, som er nyaste statistikk basert på rekneskapstal, viser samme hovudtrekk som tidlegare.

Innan plan, byggesak og oppmåling viser siste års statistikk at skilnaden mellom Sula og kostragruppe 7/ landssnittet når det gjeld kostnad per innbyggjar til byggesakshandsaming har minka. Vi ligg framleis høgare og det vil være eit mål å nærme oss og etter kvart komme ned på samme nivå som kostragruppe 7 (samanliknbare kommunar). Utviklinga er tilsvarende for kostnadar til kart og oppmåling medan kostnadar til plansaksbehandling har auka.

Statistikken viser at Sula driv ei effektiv eigedomsforvalting. I 2019 har Sula eit overskot på kr. 180 per innbyggjar på drift av kommunale bustadar og langt lågare utgifter til eigedomsforvalting enn kostragruppe 7 og landssnittet. Tala viser at Eigedom generelt utnytter bustadane godt og at drifta er nøktern med god økonomistyring. Det er likevel grunn til å peike på at enkelfaktorar som at innsparingstiltak innan helsesektoren gjev negativt utslag på drift av eigedom. Eit konkret eksempel er reduksjon frå 10 til 8 plassar ved bukollektiv for demente. Leigeinntekter for to bustadar fell bort medan kostnadar til renter og avdrag for bygget framleis vert ført.

Tilsvarande viser Kostra tal at kostnadar knytt til drift og vedlikehald av kommunal veg er låg. Kostnad per innbyggjar er kr. 947 i Sula medan kostragruppe 7 ligg 14 kroner høgare og for landet heile 271 kroner høgare. Drift av kommunal veg er rimelig også målt i kroner per km veg. Sula har registrert 58 km communal veg som gjev ein kostnad i storleiken kr. 104 818,-/km veg (i 2019). For kostragruppe 7 ligg tilsvarende kostnad for drift i 2019 på kr. 154 787,-/km.

Tenestene knytt til vatn, avløp, renovasjon og slam vert nærmere omtalt i eige kapittel for Komunalteknikk, men som omtalt tidlegare år vil samla avgiftsnivå auke på Sula først og framst som følge av investeringar. Når prognosene for avgifter og prioriteringar vert vurdert er det viktig å ta omsyn til at aukinga dels kjem som følge av krav heimla i lovverk (krav om bedre avløpsrensing) og dels som følge av fornying av avtale om levering av drikkevatn frå Ålesund kommune.

Brann og redningstenesta på Sula er som nemnt tidlegare endra frå å ha eige brannvesen til kjøp av tenester frå Ålesund brannvesen. Kostratal frå 2019 viser at Sula har eit høgare kostnadsnivå enn kostragruppe 7, men lågare enn landssnittet. Det er venta at kostnadane ikkje vil gå ned som følge av overgang til kjøp av tenester, men likevel være lågare enn alternativet med å etablere eiga tilsyns og feiteneste i tillegg til styrking av leiing.

Driftsområde (funksjon)	2019	2018	2017	2016
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 302 Byggesaksbehandling og eierseksjonering, Sula kommune	93	123	141	127
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 302 Byggesaksbehandling og eierseksjonering, Kostragruppe 07	30	24	16	22

Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 302 Byggesaksbehandling og eierseksjoneing, EAKUO Landet uten Oslo	35	30	18	19
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 301 Plansaksbehandling, Sula	374	299	264	192
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 301 Plansaksbehandling, Kostragruppe 07	228	216	181	169
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 301 Plansaksbehandling, EAKUO Landet uten Oslo	287	270	244	229
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 303 Kart og oppmåling, Sula	125	178	111	84
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 303 Kart og oppmåling, Kostragruppe 07	101	78	74	73
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 303 Kart og oppmåling, EAKUO Landet uten Oslo	111	101	90	93
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK6a Eiendomsforvaltning, kommune, Sula	3207	3042	2833	2712
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK6a Eiendomsforvaltning, kommune, Kostragruppe 07	5021	4836	4655	4306
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK6a Eiendomsforvaltning, kommune, EAKUO Landet uten Oslo	5598	5396	5082	4859
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK16 Kommunale boliger, kommune, Sula	-180	26	-122	-262
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK16 Kommunale boliger, kommune, Kostragruppe 07	-39	-40	-27	-78
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK16 Kommunale boliger, EAKUO Landet uten Oslo	-88	17	0	-34
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, kommune, Sula	209	235	208	222
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, kommune, Kostragruppe 07	413	363	318	288
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 381 Kommunale idrettsbygg og idrettsanlegg, EAKUO Landet uten Oslo	592	559	513	490
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 332 Kommunale veier, Sula	947	754	722	653
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 332 Kommunale veier, Kostragruppe 07	961	934	885	746
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for 332 Kommunale veier, EAKUO Landet uten Oslo	1218	1156	1072	988
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK17 Brann- og ulykkesvern, Sula kommune	830	724	683	697

Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK17 Brann- og ulykkesvern, Kostragruppe 07	702	674	616	563
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger for FGK17 Brann- og ulykkesvern, EAKUO Landet uten Oslo	918	889	822	807

Omtale av einingane

Plan, byggesak og oppmåling

Omtale av avdeling

Eininga skal sørge for saksbehandling av bygge- og delingssaker samt utarbeiding og saksførebuing av overordna planar. Eininga skal yte service til brukarane/innbyggjarane innanfor sitt fagfelt, og utføre tenester i samband med eigedomsdeling. Eininga har også ansvar for vedlikehald og fornying av det kommunale kartverket og Sula kommune sitt geografiske informasjonssystem.

Behov

Det er vurdert å være samsvar mellom ressursar og dei daglege oppgåvene ved avdelinga med unntak av tilsynsfunksjon. I tillegg vert det vurdert som ønskelig med tilgang til juridisk kompetanse i administrasjonen. Ein slik ressurs vil være nyttig i saksførebuinga til avdelinga. Men den kan også nyttast i andre samanhengar som til dømes anskaffingar (større kjøp/konkurransar).

Utfordringar

Utfordringar er hovudsakelig knytt til kapasitet til å følgje opp tilsynsfunksjon og å realisere vedtekne planar. Innan byggesak er digital sakshandsaming tatt i bruk i 2020, men det er likevel viktig med fokus på rasjonalisering/digitalisering.



Driftsbudsjett

Det er vedtatt å sette i gang mange regulerinsplanprosessar i Sula kommune. Planarbeida er ikkje finansiert gjennom dei enkelte vedtaka. Ramme i framlegg til driftsbudsjett for 2021 er sett opp med sikte på å starte regulering av området Vedde – Holen. Behovet for å regulere kommunal infrastruktur og framtidssretta formålgrenser er viktig for bedrifter, eksisterande bebuuarar og grunneigarar. Det må gjennomførast ei avklaring av planprosessen som Bytunnelen AS i samarbeid med Sula og Ålesund kommune har starta opp. Vidare er det lagt inn kostnader til ein større reguleringsplan i området Holen/Vedde som ein konsekvens av Borgundfjord/Veddemark-sambandet.

Det er sett opp sjølvkostkalkyle for plan og byggesakshandsaming for 2021. Gebyr vert sett på grunnlag av sjølvkostkalkyla. Det er for 2021 lagt opp til justeringar gebyrregulativet med sikte på større grad av sjølvkostfinansiering.

Investeringsbudsjett

Det er ingen særskilde nye investeringsbehov ved avdelinga for 2020. Dette med unntak av utskifting



av landmålingsutstyr (GPS) og etter kvart også ein bil.

I økonomiplanperioden ligg det fortsatt inne investeringar knytt til sentrumsplan. Samla er det foreslått investeringar i åra 2022 -2024 på kr. 10 000 000,-. Dei aktuelle investeringane er knytt til endring/utvikling av infrastruktur og areal som vil være eit kommunalt ansvar.

Eigedomsforvalting

Omtale av avdelinga

Eigedomsforvalting har ansvar for kommunale bygg og husvære. Eininga har og ansvar for parkvesen/kyrkjegardsdrift, kjøp og sal av eigedom, reinhald og leigeavtaler, og prosjektering av nybygg.

Uffordringar

Dei største utfordringane for driftseininga er knytt til kapasitet. Det har over fleire år vore vekst i sektorane for oppvekst og helse og omsorg, og bygningsmasse knytt til barnehage, skule og omsorg er aukande.

Covid19-pandemien som inntraff i mars 2020 har gjennom året lagt beslag på større ressurser frå eininga. Det må forventast at dette vil halde fram i 2021.

Eininga har fleire prosjekter i 2020, mellom anna :

- Rørstadmarka skule anbod/oppstart
- Jetmundgarden, prosjektering
- Sulatun ombygging/renovering
- Solevåg skule skulekjøkken
- Sulahallen nytt dekke, brannvarsling og nye led-lys i hallen
- Sula ungdomsskule skule nye elevgarderober
- Sunde barnehage vognskur
- Molvær barnehage nytt gjerde
- Sulatun nye led-lysarmaturer på heile bygget
- Langevåg skule utebod/amfi




Figur 1 Planlagte bustadar i Jetmundgarden

Samt fleire mindre prosjekter som ikkje er nemne ovanfor.

Sjølv om det ligg føre større oppgåver som til dømes nye Rørstad barneskule, Jetmundgarden og utviding av indre Sula kyrkjegard vert det ikkje vurdert som tenelig å auke kapasiteten administrativt ved avdelinga i 2021.

Prioritering og god planlegging bør leggast til grunn, men vil forde at enkelte oppgåver må løysast over tid. Erfaringa siste år er at kompetanse og kapasitet til å planlegge/prosjektere i eigen regi kombinert med kjøp av konsulenttenester fungerer godt.



Aukn i bygningsmasse stiller høgare krav til rasjonell drift. Dette gjeld dagleg tilsyn, men også oppfølging i form av internkontrollar (rømningsvegar, naudlys, brannslokkingstutstyr, elektriske anlegg).

Rammer for drift

Ramme for driftsbudsjett gjer det vanskelig å gjennomføre større vedlikehaldsoppgåver knytt til tak, fasade, ventilasjon og varmeanlegg.

Nytt forvaltningssystem FAMACWEB vart teken i bruk i 2019, og erfaringene er gode. Alle oppgåver knytt til utleige og drift/vedlikehald av kommunale bygg skal heretter utførast via FAMACWEB, det vil seie oppgåver som :

- Internkontroller og oppfølging av lovpålagte oppgåver
- Husleige/indeksregulering omsorgsbustader/utleigebustader/skuler-haller
- Fakturering
- Vedlikehald av oversikt over leidgetakarar, inn-utflytting (ledige bustader/leiligheter)
- Bestilling av vaktmestertenester via eigen app/pc

Utviking av indre Sula kyrkjegard er lagt ut på anbod i 2020. Ny veg og parkeringsplass vert opparbeidd, men i regi av driftseining for Kommunalteknikk. Utvidinga er eit døme på investering som påverkar drifta ved at samla vedlikehaldsoppgåver aukar.

Oversikt over nye tiltak investering og drift

Det er meldt inn relativt mange investeringsbehov for 2021 og i økonomiplanperioden. Dei største enkeltinvesteringane er knytt til ny skule på Rørstadmarka, indre Sula gravplass samt nye bustader i Jetmundgarden.

Ny skule på Rørstadmarka har i 2020 vært konsentrert om ferdigstilling av teikninger og anbodspapir, detaljregulering av skuleområde/tilkomst frå fylkesveg og planlegging av gangvegar. Bygginga er oppstarta og vil foregå til juli 2021.

Planlegginga av gangvegar frå Mauseidvåg til Rørstadmarka og frå Vedde/Skjervane til Rørstadmarka har vært ein tidskrevjande prosess, men forslag til løysing er no klart og varsel om oppstart av detaljregulering er kunngjort.

Rammeløyving for mindre investeringar i bygg:

Det er meldt inn mange behov for mindre tiltak i kommunale bygg. Eigedom vil sette opp forslag til disponering av midlar for 2021 etter at budsjett er vedteken.

Kommunalteknikk

Omtale av avdelinga

Driftseining for communalteknikk driftar infrastrukturen knytt til veg, vatn og avlaup. I tillegg har eininga ansvar for tenestene knytt til renovasjon, slam og feiing. Kommunalteknikk har også ansvar for trafikktryggingstiltak og saker om lokal forureining.

Tenester knytt til vatn, avlaup, renovasjon, slam og feiing er organisert etter sjølvkostprinsippet.


Sula kommune er tilknytt det regionale samarbeidet om innsamling av hushaldsavfall og slam i form av ÅRIM. Målet med samarbeidet er å organisere tenestene på ein rasjonell og kvalitativt god måte.

Tilsvarande kjøper Sula kommune feietenester av Ålesund kommune. Ut frå dagens organisering vert dette vurdert som rasjonelt samanlikna med å utføre i eigen regi.

Sula kommune tek sjølv ansvar for drift og vedlikehald av dei communaltekniske anlegga for veg, vatn og avlaup. Sula har ikkje eige vassforsyning, men kjøper vatn frå Ålesund kommune.

Driftseining for communalteknikk har kapasitet til å planlegge dei fleste små og mellomstore investeringane i tekniske anlegg sjølv.

Prognose for kommunale avgifter for 2021 og økonomiplanperioden er som følgjande:



Gebyrendring fra året før	2021	2022	2023	2024
Vatn	10 %	9,2 %	7,6 %	4,9 %
Avløp	0,0 %	0,0 %	0,2 %	7,4 %
Renovasjon	18,7 %	4,9 %	1,7 %	1,7 %
Slamtømming	2,8 %	0,2 %	13,8 %	1,8 %
Feiing	0,5 %	5,5 %	4,5 %	3,0 %
Samlet endring	6,2 %	1,7 %	2,2 %	1,0 %

Det går fram av kalkylene at vass- og avlaupsgebyret vil auke i økonomiplanperioden. Auken i avlaupsgebyret er knytt til oppfølging av kommunedelplan for avløp og at Sula kommune må innfri krav om rensing snarast mogleg. For vassgebyret er det varsle auke i pris frå Ålesund grunna bygging av nytt vassbehandlingsanlegg er lagt inn i prognosene over. I tillegg ligg det inne utgifter til reduksjon av lekkasjeprosent.

Utfordringar

Sula kommune har gjennomført mange tiltak i samsvar med kommunedelplan for avløp vedteken i 2012. Fjerning av direkteutslepp av kloakk og separering av overvatn og avlaup har vært i fokus. Arbeidet med etablering av nytt renseanlegg for avlaup har teke tid. Samarbeid om felles renseanlegg vart etablert med Ålesund kommune i 2016 og det vart i 2018 vedtatt å starte opp regulering av området. Sula kommune har ikkje fått innvilga utsleppsløyve for nytt reinseanlegg og ein forpliktande framdriftsplan må leggjast fram for fylkesmannen. Arbeidet med oppfølging av kommunedelplan for avlaup er tid og ressurskrevjande.

Det er framleis høg aktivitet med utbygging av nye felt og enkeltbustadar. Det er knytt utfordringar til veksten og kommunal infrastruktur innan veg, vatn og avlaup. Av disse områda er utfordringane størst i høve veg ut frå tilgjengelige investerings og driftsrammer.

Driftsbudsjet

Det er meldt inn behov for auka ressurser til vedlikehald av vassforsyningssanlegg. Behovet vert grunngjeve med at det er relativt store lekkasjar på leidningsnettet og at dette er svært uheldig økonomisk og av omsyn til forsyningssikkerheit og ut frå fare for følgjeskadar. Den nye avtalen med Ålesund viser at innkjøpspris på vatn vil auke dramatisk, dette fører til betydeleg auke i vassgebyra. Det vert da svært viktig og prøve å begrense vasslekasjane i leidningsnette for å halde gybyra på eit lavast mulig nivå. Det er ikkje tilstrekkelig kapasitet i

eininga til å følgje denne oppgåva i tillegg til alle andre oppgåver tilfredsstillande. Behovet må sjåast i samanheng med store oppgåver som til dømes realisering av nytt avlaupsrenseanlegg som vil kreve relativt mykje tid administrativt i fleire år framover.

Investeringsbudsjett

I budsjett for 2021 vert det lagt opp til rammeløyvingar på 5 millionar for vatn og 11 millionar for avlaup. Det er lagt opp til veginvesteringar ei rekke investeringar på veg i 2021 som gjeld bygging av ny veg, utbetring av bru og trafikktryggingstiltak. Sikringstiltak på dam i Molværsvatnet er og planlagt gjennomført i 2021.

Brann og redning

Sula kommune gjennomførte i juni 2020 ei verksemどsoverdraging av brann og redningstenesta til Ålesund brannvesen. Ålesund brannvesen har i tillegg ansvar for brann og redningsteneste i Giske kommune.

Det var lagt til grunn ein avtale med tilhøyrande driftsbudsjett for verksemどsoverdraginga i 2020. Driftskostnadane knytt til drift av stasjon i Langevåg (mannskap og materiell) vert ført i eit avdelingsrekneskap slik at det skal være mogleg å ha oversikt med den delen av brann og redningstenesta i Ålesund brannvesen som er omfatta av avtalen med Sula kommune.

Det er ikkje meldt inn behov for nye driftstiltak innan brann og redningstenesta frå Ålesund brannvesen.

Driftsbudsjettet er difor vidareført frå 2020 med justering for prisvekst.

Det er meldt inn behov for eit investeringstiltak knytt til båtplass for brann og redningsbåten som vart kjøpt i 2020. Båten ligg i dag på ein leigd plass ut frå ein kortsiktig avtale. Stasjonssjef ved Langevåg brannstasjon har sett opp budsjett med ei ramme på kr. 300 000,- for etablering av ein bryggeplass tenkt plassert ved Lerheimskaia.

6. Økonomiplan 2021-2024, drift

Budsjett og økonomiplan i 2021 priser	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Frie inntekter (skatt og rammetilskot)				
Frie inntekter eksl. skjønnsmidler	-572 260 000	-573 300 000	-573 300 000	-573 300 000
Koronamidler	-8 243 000	0	0	0
Skjønnsmidler	-900 000	-900 000	-900 000	-900 000
Andre statstilskot				
Tilskot flyktninger	-8 580 900	-8 580 900	-8 580 900	-8 580 900
Bruk/Avsetning fond ubrukt tilskot flyktninger	2 808 759	0	0	0
EMF tilskot	-750 950	0	0	0
Tilskot frivillighetssentral	-450 000	-450 000	-450 000	-450 000
Skulepakken - rentekompensasjon	-371 034	-336 380	-321 840	-302 680
Omsorgsbustader - rente og avdragskompensasjon	-2 095 759	-2 068 767	-2 057 932	-2 069 694
Rentekompensasjon kykje	-53 337	-46 160	-41 581	-36 045
Refusjon ressurskrevjande brukarar	-30 838 000	-30 838 000	-30 838 000	-30 838 000
Pensjon				
Premieavvik inkl arbeidsiveravgift (prognose KLP/SPK)	-21 079 164	-20 576 190	-19 980 655	-19 383 088
Amortisering premieavvik inkl. arbeidsgiveravgift	9 383 619	10 986 060	13 085 777	15 525 427
Renter og utbytte, avdrag				
Låneadministrasjon	440 000	440 000	440 000	440 000
Renteutgifter på eksisterande lån	16 572 798	15 816 824	16 098 563	16 087 167
Avdrag på eksisterande lån	44 823 476	43 839 815	42 370 848	39 892 363
Renter og utbytte	-2 975 000	-2 825 000	-2 830 000	-2 815 000
Til fordeling på sektorane	-574 568 492	-568 838 699	-567 305 720	-566 730 450
SENTRALADM, avsette lønnsmidlar	10 400 000	10 400 000	10 400 000	10 400 000
SENTRALADM, avsette koronamidlar. Til fordeling i eiga sak	8 243 000			
SENTRALADM, RAMME FØR NYE TILTAK	49 315 806	49 315 806	49 315 806	49 315 806
IKT. Årlig auke i tilslutningsavgift i eKommune Sunnmøre	1 100 000	1 100 000	1 100 000	1 100 000
Møtegodtjersle politikere	1 140 000	1 140 000	1 140 000	1 140 000
100% stilling konsulent IT-avd. (VFT 80% flytta frå Helse)	800 000	800 000	800 000	800 000
Auka kapasitet i øk.avd. til effektiviseringstiltak	300 000	500 000	500 000	0
Maling av Indre Sula kyrkje. Overføring til Sula Sokn	375 000			
Utgifter til valg		-300 000		-300 000
Tilskot til andre trussamfunn overført til staten	-667 000	-667 000	-667 000	-667 000
SENTRALADM, RAMME ETTER NYE TILTAK	52 363 806	51 888 806	52 188 806	51 388 806

Budsjett og økonomiplan i 2021 priser	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
OPPVEKST , RAMME FØR NYE TILTAK	251 119 476	251 119 476	251 119 476	251 119 476
Auke i ramme knytta til lærarstillingar	500 000	1 350 000	1 350 000	1 350 000
Auke i ramme TBU	500 000	500 000	500 000	500 000
Endring inntekter SFO	50 000	50 000	50 000	50 000
Barnevern. Utvida aldersgrense for rett til ettervern	40 000	40 000	40 000	40 000
Innsparing Rørstadmarka skule		-1 750 000	-3 500 000	-3 500 000
Reduksjon av ramme knytta til bortfall av tilskot EMF		-750 000	-750 000	-750 000
Tiltak gjennomført fagfornyng		-1 950 000	-1 950 000	-1 950 000
Reduksjon i ramme SFO	-1 500 000	-2 500 000	-2 500 000	-2 500 000
Styrking av psykiatritenesten. Oppvekst	400 000	400 000	400 000	400 000
OPPVEKST , RAMME ETTER NYE TILTAK	251 109 476	246 509 476	244 759 476	244 759 476
HELSE OG SOSIAL , RAMME FØR NYE TILTAK	238 984 719	241 793 505	241 793 503	241 793 237
Rammeauke sektor. Til fordeling av hovedutval	4 200 000	4 200 000	4 200 000	4 200 000
Styrking av psykiatritenesten. Helse	800 000	800 000	800 000	800 000
Tilskot til fastlegar. Heilårseffekt av endring i 2020	340 000	340 000	340 000	340 000
VFT stilling 80% overflytta til IT	-640 000	-640 000	-640 000	-640 000
Helseplattform	0	500 000	2 781 300	2 281 300
HELSE OG SOSIAL , RAMME ETTER NYE TILTAK	243 684 719	246 993 505	249 274 803	248 774 537
KULTUR OG FOLKEHELSE, RAMME FØR NYE TILTAK	9 815 737	9 815 737	9 815 737	9 815 737
Rammeauke kultur	200 000			
KULTUR OG FOLKEHELSE, RAMME ETTER NYE TILTAK	10 015 737	9 815 737	9 815 737	9 815 737
Kommunal teknikk, eidegom og PBO, ramme før nye tiltak	29 445 725	29 445 725	29 445 725	29 445 725
Reguleringsplan for Veddevika inkl veg til Holsneset	500 000			
Reguleringsplan G/S-veg til Langevåg Skule.	250 000			
Reguleringsplan Vassetvegen m fortau		300 000		
Kommunedelplan, Solevågen				0
Reguleringsplan, fortau Remane	250 000			
Olamyra regulering	250 000			
Solevågen sør regulering	200 000			
Gebryauke PBO	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000	-2 000 000
Kommunal teknikk, eidegom og PBO, ramme etter nye tiltak	28 895 725	27 745 725	27 445 725	27 445 725
VAR (sjølvkostområde)	-16 882 387	-17 903 387	-19 647 387	-19 931 387
SUM SEKTORRAMMER, ETTER NYE DRIFTSTILTAK	587 830 076	575 449 862	574 237 160	572 652 894
RENTER OG AVDRAG NYE TILTAK				
Renter på lån knytta til nye tiltak utanom Rørstadmarka	330 419	888 726	1 309 896	1 681 671
Avdrag på lån knytta til nye tiltak utanom Rørstadmarka	0	1 572 365	2 656 654	3 431 321
Renter på lån knytta til Rørstadmarka skule	0	1 155 846	2 885 038	2 969 418
Avdrag på lån knytta til Rørstadmarka skule	0	3 493 756	5 643 203	5 643 203
RESULTAT FØR EIGEDOMSSKATT	13 592 003	13 721 856	19 426 231	19 648 057

Budsjett og økonomiplan i 2021 priser	Budsjett 2021	Øk.plan 2022	Øk.plan 2023	Øk.plan 2024
Eigedomsskatt på eigedomar utanom næringseigedom	-8 000 000	-8 000 000	-8 000 000	-8 000 000
Eigedomsskatt på næringseigedom	-600 000	-600 000	-600 000	-600 000
Botnfrådrag	1 800 000	1 800 000	1 800 000	1 800 000
Taksering og bistand eigedomsskatt	600 000	200 000	200 000	200 000
Strategisk pott til fordeling på tiltak		900 000		
BRUK AV OVERSKOTSFOND I ØKONOMIPLANPERIODEN	7 392 003	8 021 856	12 826 231	13 048 057

